



Årsrapport 2023

Fylkeskommunedirektøren har ordet



Fylkeskommunedirektør Toril Hovdenak

2023 har vore både eit krevjande og spanande år. Vi har levert gode tenester til innbyggerane og vi har fullført den første fylkestingsperioden som berekraftsfylke. Trass i økonomiske utfordringar har vi oppnådd mange gode resultat.

Fylkeskommunen har for første gong laga ein arealrekneskap for Møre og Romsdal som kommunane kan bruke i planlegginga si. Dette gir kunnskap om kva type areal kommunane har og kva dei er brukt til og avsett til i planar.

Som byggeigar er fylkeskommunen ein viktig samarbeidsaktør for utviklingsprosjekt over heile fylket. Eit av dei store prosjekta står klart til hausten, og då flyttar fylkeskommunen saman med fleire andre aktørar inn i Campus Kristiansund.

Det internasjonale samarbeidet har teke seg opp att etter pandemien. Vi har deltatt i europeiske nettverk, interesseorganisasjonar, prosjekt og utvekslingar. Dette femner eit breitt spekter av tema, alt frå kompetansebehov i skipsbyggingsindustrien til bruk av kulturminne, gründerhjelp for ukrainarar, visualisering av klimaendringar i planlegging og ungdomsmedverknad.

Den offentlege tannhelsa har også i 2023 arbeidd med å ta att etterslep som følgje av pandemien og er nær målsettingar som er sett for dekningsgrad for dei ulike målgruppene. Det er målt dårlegare tannhelse for tre av fem indikatorårskull. Det vart gjennomført ei vellukka rekrutteringskampanje som gav 20 nye tannbehandlarar.

Samferdselsområdet sitt bidrag for å redusere klimagassutsleppa også i 2023 er betydeleg og det er her vi har dei største klimagassutsleppa. Bidraga kjem frå buss, ferje, hurtigbåt, i vegdriftskontraktane og asfaltkontraktene.

Målet om 1 300 nye lærekontraktar vart nådd med god margin, og Møre og Romsdal har aldri hatt høgare gjennomføringstal for vidaregåande opplæring. Samstundes er det ein liten nedgang i elevar som har fullført og bestått skoleåret. Det er også nedgang i talet på elevar som får oppfylt førsteønske om utdanningsprogram. Fråværet i vidaregåande skole er høgare enn målalet. Sjølv om vi har gode resultat i den vidaregåande opplæringa vår, må vi fortsett jobben i åra framover.

2023 var året for «det digitale hamskiftet» i fylkeskommune. Vi har innført nye system for sak og arkiv, plan,-økonomi- og verksemdstyring, intranett, kvalitetsleining og HR og rekruttering. FRAM har lansert ny nettbutikk og ny app, og både mrfylke.no og framr.no har fått nye nettsider.

Rekneskapstala for 2023 viser at vi har eit driftsresultat på 63,3 mill. kroner, noko som er 47 mill. kroner lågare enn budsjettet. På grunn av høg gjeld og auka rente- og avdragskostnader vil det vere behov for betydeleg omstilling i fylkeskommunen si drift dei komande åra. Dette vil krevje ekstra innsats frå heile organisasjonen.

Eg har no hatt rolla som fylkeskommunedirektør i litt over eitt år, og eg har blitt kjent med ein organisasjon med kunnskapsrike og dyktige medarbeidarar. Medarbeidarar som kvar dag jobbar for at vi skal levere gode tenester til innbyggerane i Møre og Romsdal. Sjølv om det blir krevjande, har eg trua på at vi skal levere gode resultat, også i tida framover.



Toril Hovdenak,
fylkeskommunedirektør

Kva for oppgåver har fylkeskommunen?

Vi kan dele oppgåvene i fire:

1. Det regionale demokratiet

Fylkeskommunen er ein del av det norske demokratiet, der innbyggjarane i fylket kan vere med å påverke kva prioriteringar som skal gjerast for vårt område av landet.

Fylkeskommunen blir styrt av fylkestinget, som består av 47 folkevalde politikarar. Tinget vedtar planar, saker og budsjett for arbeidet til fylkeskommunen.

2. Vi bidrar til å utvikle regionen

Vi er ein pådrivar for berekraftig regional samfunnsutvikling, i tett samarbeid med kommunar, næringsliv, akademia og organisasjonar. Vi jobbar mellom anna for nyskaping, vekst og arbeidsplassar, by- og tettstadutvikling, kulturtilbod og folkehelse.

3. Vi leverer tenester til alle som bor og arbeider i fylket

Kvar dag leverer vi viktige velferdstenester som vidaregåande opplæring, tannhelse, kollektivtrafikk, fylkesveggar og kulturformidling.

4. Vi forvaltar oppgåver på vegner av staten

Vi skal forvalte mynde på vegner av staten på område som kulturminne, vassforvaltning, friluftsliv og forvaltning av naturressursar.

Les meir om dei ulike områda og kva dei arbeider med:

Fag- og tenesteområda

- Kompetanse- og næringsområdet
- Samferdselsområdet
- Kulturområdet
- Tannhelsetenesta

Stabsavdelingane

- Stab for strategi og styring
- Stab for organisasjon og tenesteutvikling
- Stab for juridiske og administrative tenester
- Bygg- og eigedomstenester

Hendingar i 2023

Her har vi samla eit utval av nokre av dei viktigaste hendingane i 2023.

Januar

Fleire hundre møtte opp på kick off for helsefagarbeidarar

For å skaffe nok hender innan helsesektoren i åra som kjem, vart det arrangert Kick off for å vise fram yrket. Rådhusalen i Molde var stappfull av unge og eldre, kvinner og menn, som ville vite meir om alle moglege vegar til fagbrev i helsefag.

Solenergi kan gjere fylket sjølvforsynt med elektrisk kraft

Solcellepanel på bygg og landareal i Møre og Romsdal kunne gitt ein straumproduksjon på 14 TWh per år. Solenergien ville då aleine gjort fylket sjølvforsynt med elektrisk kraft. Det viser berekningar som Multiconsult har gjort på vegner av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Startar første del av arbeidet med Eidsdal ferjekai

Etter at kontrakt med Christie & Opsahl AS for er signert, startar arbeidet med indre del av ferjekaia i Eidsdal i Fjord kommune. I 2024 får ferjesambandet nye, utsleppsrie miljøferjer med kapasitet på 80 personbilar. Sambandet er ein del av Nasjonal turistveg Geiranger–Trollstigen og har stor trafikk i turistsesongen.

Februar

Statsministeren la ned grunnsteinen for Campus Kristiansund

Det var høgtid i Kristiansund då statsminister Jonas Gahr Støre la ned grunnsteinen for Campus Kristiansund, saman med elevar frå Allanengen skole i Kristiansund. Grunnsteinen var ulike bilde av dei 17 berekraftsmåla til FN, som elevar ved 3. trinnet har måla og brent.

Tildeler 1, 9 mill. til kulturminne og kulturmiljø

Rønnebergbua i Ålesund, ei sjøbu i Runde, ein låve på Nagelet i Rauma og Flatvadteina, Driva, er blant dei 20 kulturminna som har fått støtte til vedlikehald og reparasjon. Kultur, - næring og folkehelseutvalet fordelte totalt 1, 940 000 kroner til 20 kulturminne og kulturmiljø i fylket

Legg grunnlaget for sjølvkøyrande persontransport på sjøen

Gjennom prosjektet Smartare transport, har Møre og Romsdal fylkeskommune jobba fram eit godt grunnlag for korleis vi i framtida kan få sjølvkøyrande fartøy for persontransport på sjøen, saman med ei rekke samarbeidspartnerar. Fylkeskommunar fekk midlar frå Samferdselsdepartementet til prosjektet.

Mars

Kunstnartreff i Volda: kva er kunstnarleg inspirasjon – og kvar kjem den frå?

Møre og Romsdal fylkeskommune og Seanse inviterte til kunstnartreff for å diskutere desse spørsmåla – og andre. Baron von Bulldog, designeren bak Maskorama, forfattar Ann Helen Kolås Ingebrigtsen og filmskapar Jan Otto Ertesvåg er blant dei som kom. Målet var å vise fram kunstnarane og arbeidet dei gjer og skape ein møteplass på tvers av uttrykk.

Kommunar får tre millionar kroner til å hjelpe nyetablerarar

Kommunane som har hoppid-kontor skal bruke midlane til å hjelpe nyetablerarte bedrifter. Målet å avklare om forretningsideen er liv laga og utvikle ideen til ei levedyktig bedrift.

Nordøyvegen er Årets anlegg 2022

I knallhard konkurranse med andre byggeprosjekt fekk Nordøyvegen den gjeve prisen under Byggedagane i Oslo. - Dette er ei stor fjær i hatten til alle som har vore involvert i Nordøyvegen-prosjektet, seier prosjektsjef for vegprosjekt i Møre og Romsdal fylkeskommune, Torbjørn Vatnehol.

April

18 elevar frå heile fylket vart tannhelsesekretærar

Elevkullet med tannhelsesekretærar vert kvalifisert for autorisasjon til sommaren, takka vere vaksenopplæringa som fylkeskommunen tilbyr. Tilbodet er blitt etablert for å møte den stadig aukande etterspørselen etter slik kompetanse.

Ragnhild og Carola er brubyggjarar

Snart reiser nye Nerlandsøybrua seg over sjøen. Alle dei kompliserte prosessane blir styrt av fylkeskommunen sine erfarne brubyggjarar, Ragnhild Holen Relling og Carola Dybvik. Dei loser prosjektet støtt mot opning i mars, 2025. Den nye brua gir ei betre løysing for mjuke trafikantar, med gang- og sykkelveggar og nye busslommer. Reduserer takstane på Nordøyvegen Fylkestinget vedtok å sette ned bompengesatsane med 21,5 prosent for fossilbilar på Nordøyvegen.

Spektakulære Trollstigen-filmar spreidde seg internasjonalt

Kontrollingeniør i fylkesvegavdelinga, Dag Christian Ugseth, brukar droner som eit viktig verktøy i arbeidskvardagen. Han brukar den også til å filme spektakulære bilete frå Trollstigen, noko både norsk og utanlands media elskar og deler i sine kanalar.

Mai

Stor nynorsklekkasje frå ungdomsskolen til vidaregåande

Det er mange elevar som vel bort nynorsk i overgangen frå ungdomsskole til vidaregåande. No får dei vidaregåande skolane og lærarane eit nytt verktøy, ein skolespråksplan, som skal bidra til å sikre språkrettane til elevane.

Har fordelt ekstramidlar: 42 millionar meir til asfaltdekke på fylkesvegane

Fylkestinget innvilga i vår 50 millionar ekstra til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Møre og Romsdal. 42 millionar går til ny asfalt, resten går til andre nødvendige drift- og vedlikehaldsformål. Halvvegs til målet om 55 prosent kutt i klimagassar Møre og Romsdal fylkeskommune reduserte i fjor CO2-utsleppa med 17 prosent samanlikna med året før. Fylkeskommunen er no halvvegs til målet om å kutte 55 prosent av klimagassutsleppa frå eiga verksemd innan 2030.

Hjelper ukrainske kvinner til å starte bedrift

Fylkeskommunen og gründertenesta hoppid.no riggar eit støtteapparat for ukrainske kvinner som ønsker å starte si eiga bedrift. Tenesta er ein del av EU-prosjektet BSI_4Women.

Juni

Skal lage opplevingar i heile fylket

Gastronomiske reiser, krigshistorie, adventure, berekraft og glamping. Fem prosjekt får støtte til å utvikle mange nye opplevingstilbod både for dei som bur her og for dei som kjem på besøk. I februar inviterte fylkeskommunen reiselivsnæringa, kultur og kreativ næring til å utvikle nye opplevingsprodukt for turistar og lokalbefolkning.

Blant dei første som har tatt fagbrev i dyrefaget

Gjengen frå Ålesund er historisk: Ine, Cecilie, Oda og Linn har til saman 55 års erfaring i å ta seg av små pelsdyr til akvariefiskar, reptilar, fuglar og pinnedyr i dyrebutikken. No har dei tatt fagbrevet som praksiskandidatar i dyrefaget, alle med bestått meget godt.

Får seks millionar kroner til sentrumsfornyning

Smøla, Sunndal, Rauma, Vestnes, Stranda, Sykkylven, Ulstein og Herøy får tildelt midlar til tettstadutvikling. Sjøfront, stadanalyse, møteplassar, sentrumskoordinator og prosjektering av fjordpark er blant tiltaka som får støtte frå Kultur-, næring- og folkehelseutvalet (KNF).

Det blir sju takstsoner for buss i fylket

Møre og Romsdal går frå 500 til sju takstsoner for bussreiser i fylket, etter einstemmig vedtak i fylkestinget.

Juli

Utsleppsfrie bussar i Molde frå 2025

FRAM har signert kontrakt med Vy Buss AS for drifta av bussane i Molde og Gjemnes frå 2025. Den nye kontrakten sørger for at det blir både utsleppsfrie bussar og ei forbetring av kollektivtilbodet fleire stader.

Ønskar turistane velkomen, men gjerne utan bil

Dette kom fram på dialogmøte om sommartrafikken i rute 1051 Småge–Orta–Sandøya–Finnøya–Ona. Øyane er populære reisemål særleg på sommarstid, så det kan bli trengt om plassen på ferjene i desse månadene.

Blindheim og Flisnes blir oppgradert

Ei sterkt trafikkert strekning skal no få ei betydeleg oppgradering. Med ny rundkøyring og betre tilrettelegging for gåande, syklande og for kollektivtrafikken blir det nye tider i bydelen. - Resultatet blir eit stort løft for området, vegsystemet blir meir trafikksikkert og betre tilrettelagt for mjuke trafikantar, seier prosjektleiar i Møre og Romsdal fylkeskommune, Torbjørn Vatnehol

August

Store skadar på fylkesveg 6010 i Vistdalen – vil ta tid å rydde

Fv. 6010 Langevegen har fått omfattande skadar av jordraset som gjekk i Vistdalen. Det vil ta tid å gjere vegen køyrbar igjen.

Fire nye ferjesamband blir gratis

Når fire nye ferjesamband frå onsdag 16. august blir gratis, er til saman 11 ferjesamband i fylket blitt gratis å reise med.

Arrangerer kurs for å ta vare på sjøaurebekkar i Ørsta og Volda

Det står dårleg til med sjøaurebestanden i fleire bekkar i regionen. No skal kurs og praktiske tiltak betre gyte- og oppveksttilhøva for sjøauren.

Arrangerte Campuskonferansen

Konferansen serverer ein status på prosjektet, eit innblikk i livet på Campus og siste nytt om vegen vidare. Kva gjer vi frem mot opninga i 2024 – og kva for brikker må på plass for å skape eit etterlengta kunnskapsmiljø for regionen?

September

Eit år til med gratis energisjekk

Det siste året har huseigarar i fylket fått gratis vurdering av energibruken i eigen bustad. No har politikarane sagt ja til å vidareføre ordninga i eitt år til.

Skolevalet: Frp fekk klart størst oppslutning i Møre og Romsdal

Partiet fekk 40,5 prosent av stemmene ved skolevalet i Møre og Romsdal. Frp vaks med 11,7 prosentpoeng frå skolevalet i 2019.

Rekordmange gjennomfører vidaregåande opplæring

Aldri har fleire fullført og bestått vidaregåande opplæring i Noreg. Og i Møre og Romsdal er gjennomføringsgraden over gjennomsnittet for landet.

Trafikken aukar på ferjesambanda i fylket

Auka trafikk med lite innstillingar er status for hurtigbåt og ferje frå januar til og med juli 2023. I Møre og Romsdal er trafikktaala tilbake på nivå med 2019. Fleire samband har blitt gratis, og desse har som venta hatt spesielt stor auke.

Oktober

– Kraftunderskotet kan hemme samfunnsutviklinga

Fylkeskommunedirektøren er uroa for kraftsituasjonen i Møre og Romsdal. Dersom det ikkje blir tatt raske grep, fryktar ho at kraftunderskotet kan hindre samfunnsutviklinga i regionen. Dette kjem fram i eit saksframlegg til kompetanse- og næringsutvalet, som tek utgangspunkt i ei analyse frå Møreforsking.

Studentar kan søke masterstipend for Møre og Romsdal-tema

Fylkeskommunen vil støtte opp under høgare utdanning og bygge kunnskap om fylket: Masterstudentar kan søke om stipend på 25.000 kroner for oppgåver med ulike tema frå Møre og Romsdal.

Fylkesstatistikken: Innvandring frå Ukraina sikrar folketalsveksten

I 2022 var folkeveksten høgare enn på mange år, god hjelpt av innvandring frå Ukraina. Samtidig var det for første gong fleire som døydde enn som vart fødte, kunne årets utgåve av Fylkesstatistikken melde.

200 ungdommar frå heile fylket klare til å boltre seg på scena i Fosnavåg

Når fylkesfestivalen UKM (Ung kultur møtes) går av stabelen, blir det eit mylder av kreative aktivitetar fire dagar til endes. Arrangementet er det største i fylket av og for ungdom mellom 13- og 20 år.

November

Foreslår tiltak for omstilling og reduksjon i drifts- og investeringsnivået

Møre og Romsdal fylkeskommune har økonomiske utfordringar som krev omstilling og stramme prioriteringar framover, men vi skal likevel jobbe målretta for ei god og berekraftig samfunnsutvikling. Det var hovudbodskapen til fylkeskommunedirektør Toril Hovdenak, då ho la fram forslag til Økonomiplan 2024-2027 med budsjett for 2024.

30 el-bussar på plass i Kristiansund

Det var litt av eit syn då 30 flunkande nye el-bussar var samla på det nye bussdepotet i Kristiansund. Over nyttår skal bussane settast i trafikk på Nordmøre, som då får det største talet på el-bussar i fylket.

Tar grep for å endre russetida - med lokalt og nasjonalt samarbeid

For å skape ei trygg og inkluderande avgangsmarkering, inviterer fylkeskommunen kommunane og fleire til samarbeid.

Tilbyr alle kommunar kurs i klimatilpassing

Korleis kan kommunane i fylket tilpasse seg klimaendringane, med løysningar basert på naturen? Møre og Romsdal fylkeskommune tilbyr gratis kurs, og vil at kommunane skal melde inn konkrete problemstillingar dei ønsker hjelp til.

Desember

Markerte reinhaldarane sin dag

Fylkeskommunen feira reinhaldarane med kake, kompetansepåfyll og kick off.

No har over 97 prosent av fylket tilgang til raskt internett

533 nye husstandar får utbygd raskt breiband i år. Samarbeid mellom offentlege og private aktørar sørger for at utbygginga skyt fart.

Deler arealverktøy med kommunane

Eit nytt digitalt verktøy som fylkeskommunen har utvikla, vil gi kommunane eit mykje betre grunnlag i planleggingsarbeidet.

Fekk 59 søknadar – tildelte ungdomsmidlar til 11 prosjekt

Ungdomspanelet i Møre og Romsdal opplevde rekordmange søknadar til ungdomsmidlar for 2023. Totalt har dei løyvd 125.000 kroner til 11 ungdomsaktivitetar, blant anna til ungdomsklubbar, felles skitur for ungdomane i kommunen, innkjøp av utstyr til talkshow og podcast og aktivitetsdagar på skule og ungdomsklubbar.

Prisar og stipend

Årets bedrift

Selskapet MMC First Process fekk tildelt prisen Årets bedrift 2022 under fylkestinget i april. Selskapet leverer utstyr til handtering, prosessering og kjøling av sjømat og er verdsleiar på området. I følgje juryen har selskapet ei sterk rolle i regional næringsutvikling og er ei drivkraft for innovasjon og nyetablering. Under utdelinga sa selskapet at heideren er ei stor anerkjenning av jobben som dei tilsette gjer.

Fylkeskulturprisen

Jazzlogen fekk fylkeskulturprisen for 2023. Prisvinnarane har gjort ein solid innsats for å rekruttere unge musikarar frå heile fylket. Jazzlogen er eit samarbeidsprosjekt mellom Molde Janitsjar, Ytre Suløens Jass-ensemble og Moldejazz.

Jazzlogen er også viktig for Molde internasjonale jazzfestival, og eit flott tilskot til paraden som går gjennom byen kvar dag gjennom festivalen, sa Jessica Gärtner, leiar i kultur- og folkehelseutvalet under utdelinga. [Sjå film frå utdelinga under fylkestinget i desember](#)

Miljøprisen

Hogstein Agro ved Odd Christian Stenerud frå Giske vart tildelt miljøprisen i Møre og Romsdal. Stenerud og verksemda hans får prisen for å ha utvikla eit produkt som er basert på avfall frå fiskerinæringa, og som reduserer behovet for kunstgjødsel i landbruket.

– Eg trur dette vil bety mykje for mange bønder når dei oppdagar både moglegheita til å spare 40 prosent av kostnadane, og at klimaavtrykket blir redusert med 80 prosent, sa Stenerud under utdelinga.

[Du kan sjå intervju med prisvinnaren under utdelinga i desember](#)

Inkludering- og mangfaldprisen

Organisasjonen JoinUs har fått årets inkludering- og mangfaldspris frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Prisen går kvart år til nokon som har tatt initiativ til, eller har gjennomført tiltak som fremmer like moglegheiter, meir inkludering og mangfald i samfunns- og arbeidsliv i Møre og Romsdal. JoinUs har berre halde på i to år.

– På den tida har dei blitt ein stor aktør for integrering i Romsdalsregionen, og gir både aktivitet, samhald og meningsfulle kvardagar for sine deltakarar, sa leiar av kultur-, næring- og folkehelseutvalet, Marit Nerås Krogsæter då ho delte ut prisen.

Årets lærling

Anikken Haukeberg frå Skodje vart kåra til årets lærling for 2023. Etter yrkesopplæring ved Ålesund vgs, var Anniken lærling i yrkessjåførfaget hos SR Group i Kristiansund. Både lærebedrift og prøvenemnda nominerte Anniken til årets lærling, og i konkurranse med mange andre dyktige lærlingar, var det ho som stakk med den gjeve prisen.

I følge lærebedrifta har Anniken vore uredd, nysgjerrig og open for nye utfordringar. Ho har vist stor evne til å opptre profesjonelt, og har alltid vore imøtekommande og engasjert i jobben. [Du kan lese meir om årets lærling på mrfylke.no](#)

Årets regionbygger

Kristiansund og Nordmøre Næringsforum, Molde Næringsforum og Næringsforeningen Ålesundregionen er «Årets regionbygger 2022». Dei fekk skryt for samarbeidet i fylket.

- Tusen takk for at juryen løftar fram eit næringslivssamarbeid til «Årets regionbygger». Det set vi utruleg stor pris på, sa dagleg leiar Britt Flo i Molde Næringsforum då ho takka for prisen.

Nyttårskonferansen deler kvart år ut prisen Årets regionbygger til ein person, organisasjon, bedrift eller offentlig aktør som har utmerka seg på ei enkeltsak eller over tid som ei samlande kraft i fylket - eller har tatt spesielt initiativ som bygger Møre og Romsdal saman.

Stipend

Idrettsstipend

Namn	Kommune	Sum
Leah Sophie Gallagher Støren	Molde	50 000
André M. Bertelsen Drege	Stranda	50 000
Hareid IL, turngruppa	Hareid	50 000

Kunstnarstipend

Namn	Kommune	Kunstart	Sum
Arbeidsstipend			
Karin Augusta Nogva	Ålesund	Visuell kunst	200 000
Martin Gjellestad	Molde	Film	200 000
Andre stipend			
Geir Brungot	Sykkylven	Visuell kunst	100 000
Lisette Escobar	Sula	Visuell kunst	40 000
Kim Åge Furuhaug	Volda	Musikk	100 000
Ole Andreas Silseth	Molde	Musikk	60 000
Ole-André Rønneberg	Sula	Film	100 000
Øystein Orten	Hareid	Litteratur	100 000
Einy Åm Sparks	Volda	Scenekunst	100 000

Årsmelding

Her kan du laste ned signert utgåve av årsmeldinga (pdf)

Fylkeskommunen er ein politisk styrt organisasjon med fylkestinget (47 representantar) som det øvste folkevalde organet. Leiar for fylkestinget er fylkesordføraren. Andre sentrale utval med medlemmer oppnemnd av fylkestinget er:

- Fylkesutvalet
- Kompetanse- og næringsutvalet
- Kultur- og folkehelseutvalet
- Samferdselsutvalet
- Kontrollutvalet

Fylkeskommunen sine ulike roller og planverk er omtalt i årsrapporten.

Fylkeskommunen sine viktigaste oppgåver i dag er:

- Samferdsel (fylkesvegane, fylkesvegferjer, kollektivtrafikk i fylket, ruteopplysning mm.)
- Vidaregåande opplæring (vidaregåande skoler, fagopplæring, vaksenopplæring mm.)
- Næringsutvikling (tilretteleggande verkemiddel for næringsutvikling og entreprenørskap)
- Offentleg tannhelseteneste
- Regional planlegging
- Forvalte regionale utviklingsmidlar (strategisk bruk av nærings- og distriktspolitiske virkemidlar)
- Kultur (fylkesbibliotek, spelemidlar til idrettsanlegg, midlar til kulturbygg, driftstilskot mm.)
- Folkehelse (pådrivar for regionalt og lokalt folkehelsearbeid)
- Internasjonalt arbeid

1. Driftsrekneskap

1.1 Driftsresultat

Møre og Romsdal fylkeskommune har i 2023 eit netto driftsresultat korrigert for bundne fond på 63,3 mill. kroner i 2023 (tabell 1). Dette er ein reduksjon på 47,2 mill. kroner samanlikna med budsjett for 2023, og ein reduksjon på 121,1 mill. kroner samanlikna med rekneskap for 2022.

i 1000 kroner	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik	Rekneskap 2022
Brutto driftsinntekter	7 504 757	7 278 361	226 396	7 168 610
Brutto driftsutgifter	7 494 245	7 178 315	-315 930	7 022 127
Brutto driftsresultat	10 512	100 046	-89 534	146 483
Netto finansutgifter	519 867	528 120	8 253	415 508
Motpost avskrivningar	-567 702	-542 800	24 902	-481 778
Netto driftsresultat	58 347	114 726	-56 379	212 753
Netto avsetningar til eller bruk av bundne fond	4 927	-4 266	9 193	-28 355
Netto driftsresultat korrigert for bundne	63 274	110 460	-47 186	184 398

fond			
i prosent av bruttoinntekt	0,8 %	1,5 %	2,6 %

Tabell 1: Netto driftsresultat korrigert for bundne fond

Netto driftsresultat korrigert for bundne fond i prosent av brutto driftsinntekter er på 0,8 prosent, som er 2,5 prosentpoeng lågare enn fylkeskommunen si målsettinga på 3,3 prosent.

Avviket mellom rekneskap og budsjett for 2023 på 47,2 mill. kroner skyldast i hovudsak:

- Fylkeskommunen fekk om lag 31,1 mill. kroner meir enn budsjettert i statleg rammetilskot og fylkesskatt (kap. 1.1)
- Andre generelle driftsinntekter (kap. 1.1):
 - Overføring frå Havbruksfondet i 2023 var om lag 4,8 mill. kroner høgare enn budsjettert
 - Rentekompensasjon for skoleanlegg var om lag 1,8 mill. kroner høgare enn budsjettert
- Sum beviljingar drift, netto (kap. 1.2):
 - Rammeområda har eit samla netto meirforbruk på om lag 98,8 mill. kroner. I dette er inkludert eit mindreforbruk på lønsreserveposten på om lag 16,3 mill. kroner.
 - Premieavviket viste ei meirinntekt på om lag 49,4 mill. kroner.
 - Pensjonspremien viste ei meirutgift på om lag 43 mill. kroner.
 - Det vart overført om lag om lag 8,9 mill. kroner meir til investeringsrekneskapet, enn det som var budsjettert på rammeområda.
- Netto finansutgifter vart om lag 8,3 mill. kroner lågare enn budsjettert (kap. 1.3)

Netto driftsresultat disponerast på følgande måte:

i 1000 kroner	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik	Rekneskap 2022
Netto driftsresultat	58 347	114 726	-56 379	212 753
<i>Disponering eller dekking av netto driftsresultat:</i>				
Overføring til investering	237 935	229 000	8 935	230 184
Avsetting til bundne driftsfond	377 816	165 117	212 699	330 654
Bruk av bundne driftsfond	-382 743	-160 851	-221 892	-302 299
Avsetting til disposisjonsfond	150 361	206 481	-56 120	132 102
Bruk av disposisjonsfond	-325 021	-325 021	0	-177 888
Bruk av tidligere års mindreforbruk	0	0	0	0
Sum disp. eller dekking av netto driftsresultat	58 347	114 726	-56 379	212 753

Tabell 2: Disponering av netto driftsresultat

Det er i 2023 netto brukt 56,1 mill. kroner meir av disposisjonsfondet enn det som var budsjettert. Disposisjonsfondet per 31.12.2023 var på 727 mill. kroner, dvs. 9,7 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er under måtalet på 10 prosent.

1.2 Brutto driftsinntekter

i 1000 kroner	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik	Rekneskap 2022
Rammetilskot	3 899 080	3 886 556	12 524	3 528 112
Inntekts- og formuesskatt	1 820 205	1 801 600	18 605	1 926 252
Andre generelle driftsinntekter	73 665	66 200	7 465	71 429
Inntekter fra drift (inkl. øyremerka statl. overføringar)	1 711 807	1 524 005	187 802	1 642 817
Brutto driftsinntekter	7 504 757	7 278 361	226 396	7 168 610

Tabell 3: brutto driftsinntekter

Brutto driftsinntekter var i 2023 på totalt 7 504,8 mill. kroner, som er 226,4 mill. kroner høgare enn budsjett og 336,1 mill. kroner høgare enn rekneskap i 2022.

Rammetilskotet

Rammetilskotet var på 3 899,1 mill. kroner inkl. skatteutjamninga i 2023, som gir ein meirinntekt på 12,5 mill. kroner sett i samanheng med budsjett.

Meirinntekta skyldast høgare skatteutjamning mot slutten av året enn føresett i budsjettet. Auka skatteutjamning har samanheng med skatteinngangen i Møre og Romsdal, sett i samanheng med skatteinngangen i resten av landet.

Inntekts- og formuesskatt

Inntekts- og formuesskatt var på 1 820,2 mill. kroner i 2023, som er 18,6 mill. kroner høgare enn budsjettert, men 106 mill. kroner lågare enn i 2022.

Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter var på 73,7 mill. kroner i 2023, som er ein auke på 7,5 mill. kroner samanlikna med budsjett. Endringa skyldast i hovudsak at overføringa frå Havbruksfondet vart på 14,8 mill. kroner, som er 4,8 mill. kroner høgare enn budsjettert (10 mill. kroner). I tillegg vart rentekompensasjonsmidlar knytt til skolebygg om lag 1,8 mill. kroner høgare enn budsjettert, grunna høgare husbankrente enn det som var lagt til grunn i budsjettet.

Andre inntekter (inkl. øyremerka statlege overføringar)

Posten viser alle inntektene til fylkeskommunen sett i sammenheng med sal av tenester (ferje, buss, hurtigbåt m.m.), samt overføringer av statlege ordningar for regional utvikling på ymse områder (spelemidlar, Innovasjon Norge, kulturtanken, regionalt forskingsfond m.m.).

Motposten er Andre utgifter (inkl. øymerka statlege overføringer), sjå tabell 4 under. Dei to postane er inkludert i den totale økonomiske oversikta og må sjåast i sammenheng. Vil normalt påverke netto driftsresultat i liten grad.

1.3 Brutto driftsutgifter

	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik	Rekneskap 2022
Sum bevilning drift, netto	5 204 174	5 111 510	-92 664	4 893 009
Avskrivningar	567 702	542 800	-24 902	481 778
Andre utgifter (inkl. øymerka statl. overf.)	1 722 369	1 524 005	-198 364	1 647 340
Brutto driftsutgifter	7 494 245	7 178 315	-315 930	7 022 127

Tabell 4: brutto driftsutgifter

Brutto driftsutgifter var i 2023 på totalt 7 494,2 mill. kroner, som er 315,9 mill. kroner høgare enn budsjett, og 472,1 mill. kroner høgare enn rekneskap i 2022.

Sum bevilning drift, netto

Sum løyvingar drift netto, består av driftsrammene (fylkestingsrammene) til avdelingane korrigert for overføring til investering, bruk av bundne fond, premieavvik, pensjonspremien m.m. (jf. tabell 5).

Budsjettavvik på rammeområda

Fylkestinget deler dei frie inntektene på 10 fylkestingsrammer, utanom reserveposten. Driftsbudsjettet blir vedtatt som nettorammer, og hovudutvala kan omdisponere mellom sine utvalsrammer, jf. tabell 5:

tal i 1000 kroner		Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik 2022
D01	Fellesutgifter og utgifter til fordeling	81 356	84 531	3 175
D02	Politisk verksemd	31 972	29 313	-2 659
D03	Stabsfunksjonar	229 446	242 872	13 426
D04	Reservepost	0	16 299	16 299
D05	Kompetanseområdet	1 974 271	1 920 460	-53 811
D06	Fagskolane i Møre og Romsdal	20 546	30 118	9 572
D09	Tannhelseområdet	212 882	217 031	4 149
D10	Kulturområdet	147 581	146 938	-643
D11	Næring	84 343	85 271	928

D12	Samferdselsområdet	2 559 971	2 467 362	-92 609
D14	Sentrale kontrollorgan	4 978	8 300	3 322
	Sum netto bevilningar drift på rammeområda	5 347 346	5 248 495	-98 851
	Overføring til investering frå rammeområder	-8 935	0	8 935
	Avsetting til bundne fond rammeområder	-377 816	-165 117	212 699
	Bruk av bundne fond rammeområder	382 743	160 851	-221 892
	Ufordelte utgifter (premieavvik)	-182 155	-132 719	49 436
	Ufordelte utgifter (premiereduksjon KLP/SPK)	42 991	0	-42 991
	Sum bevilningar drift, netto	5 204 174	5 111 510	-92 664

Tabell 5: Sum løyvingar drift, netto (driftsrammer)

Driftsrammene (Sum netto løyvingar drift, netto) var på 5 204,2 mill. kroner i 2023, som er 92,7 mill. kroner høgare enn budsjett. Rammeområda har eit samla netto meirforbruk på om lag 98,9 mill. kroner.

D01 Fellesutgifter og utgifter til fordeling viser eit samla mindreforbruk på 3,2 mill. kroner i 2023. Dette skyldast i hovudsak forseinkingar på fleire postar, som opplæringstilbod finansiert av Miljødirektoratet, avtale for sikkerheitstenester, organisasjonsutviklingsprosessar, utfasing ePhorte (arkivssystem) m.m.

D03 Stabsfunksjonar har totalt sett et mindreforbruk på 13,4 mill. kroner. Av dette utgjør:

- Stabsfunksjonar eksklusiv BYE: 1,9 mill. kroner
- Bygg- og eigedomstenester (BYE): 11,5 mill. kroner

Mindreforbruket på stabsfunksjonar ekskl. BYE skyldast i hovudsak forseinkingar i bruken av projektmidlar til opplæring i universell utforming og planlegging, planlagt utviklingsarbeid i ombudsordninga og framdrift knytt til digitalisering.

Mindreforbruket på BYE skyldast i hovudsak auka inntekter knytt til straumforvaltning, men også utsett oppstart av prosjekt Sørsida og forsinka framdrift knytt til digitalisering av eigedomsforvaltninga.

D04 Lønnsreservepost viser ein mindreutgift på 16,3 mill. kroner i 2023. Dette skyldast at det lokale lønsoppgjeret for kap. 3 og kap. 5 vart lågare enn føreset i budsjettet.

D05 Kompetanseområdet har eit meirforbruk på 53,8 mill. kroner sett i samanheng med budsjett. 5 skolar har mindreforbruk og 17 skolar har meirforbruk i 2023. I korte trekk er årsaka til meirforbruket følgjande:

- Kompetanseområdet har ikkje klart å tilpasse struktur og tilbod til strammare økonomiske rammer. Skolane har ikkje klart å redusere lønsutgiftene i takt med reduserte

budsjettrammer. Talet på tilsette har auka med 13 årsverk sidan 2021, medan talet på klassar er redusert med 17

- Det blir starta for mange klassar med få elevar
- Større andel dyre yrkesfagklassar fører til auka ressursbruk
- Auka flyktningsstraum grunna krigen i Ukraina har ført til oppretting av ekstra klassar i grunnleggande norsk/innføringsklassar, i tillegg til auka ressursbruk i skolane
- Auka utfordringar knytt til psykisk helse, fråvær og åtfærd (rus, vald og truslar) hos elevane, har ført til auka behov for miljøpersonell for å sikre oppfølging og eit trygt og godt læringsmiljø

Dei tre siste faktorane er med å forklare kvifor det er litt fleire tilsette i 2023, på tross av at talet på klasser har gått ned.

Dei 17 skolane med meirforbruk vil dekke dette inn gjennom trekk på rammene i åra 2024-2027.

D06 Fagskolen i Møre og Romsdal har eit mindreforbruk på 9,6 mill. kroner i 2023. Mindreforbruket skyldast i hovudsak lærarmangel. Fagskolen jobbar kontinuerleg med å rekruttere relevant og varig undervisningspersonell til skolen, men har ikkje lukkast å fylle alle stillingar i 2023.

D09 Tannhelseområdet har eit mindreforbruk på 4,1 mill. kroner sett i samanheng med budsjett. I 2023 fekk tannhelse styrka ramma som eit resultat av nye rettar for brukarar i gruppe G21-24 åringar. Tilbodet er nytt og det tar tid før brukargruppa blir kjend med og nytter seg av tilbodet. Dette er hovudårsaka til mindreforbruket i 2023.

D12 Samferdselområdet har eit samla meirforbruk på 92,6 mill. kroner sett i samanheng med budsjett. Store delar av meirforbruket skyldast inntektssvikt på dei tre kollektivrammene; lokale bilruter (buss o.l.), ferje og båtruter (hurtigbåt). I sum utgjer inntektssvikten 63,1 mill. kroner. Passasjertalet på buss og ferje er tilbake på om lag same nivå som før koronaen, men inntektene er for låge. Passasjertalet på hurtigbåt er framleis lågare enn før pandemien.

Resten av meirforbruket gjeld i hovudsak indekstutviklinga på kontraktar knytt til kollektivtransport og vedlikehald fylkesvegar, inklusiv 27 mill. kroner pga. av endring i rekneskapsprinsipp av lønn- og prisendring. Endringa medførte at det vart belasta fem kvartal i 2023, mot normalt fire. Endringa gjeld berre for 2023, og i 2024 vil det på nytt belastast for fire kvartal, som normalt. Endringa i prinsipp vil m.a.o. berre ha resultateffekt i 2023.

1.3 Netto finansutgifter

Netto finansutgifter var på 519,9, dvs. 8,3 mill. kroner lågare enn budsjett, men heile 104,4 mill. kronar høgare enn i 2022, jf. tabell 1. Auken i netto finansutgifter frå 2022 skyldast i hovudsak auka renteutgifter som eit resultat av høg lånegjeld i kombinasjon med auka rentesats. Les meir om lånegjeld/gjeldsgrad i kap. 3.3.

1.4 Netto avsetning til eller bruk av fond

Dersom dei statlege overføringane ikkje vert brukt i løpet av kalenderåret, så er det mogleg å avsetje midlane som bundne fond til seinare år. I 2023 var netto avsetjing til bundne fond på 4,9 mill. kroner, jf. tabell 1. Det vil sei at vi har brukt meir av dei bundne fonda enn vi har satt av. Sidan dette ikkje er frie midlar til fylkeskommunen sin eigen disposisjon, så kjem dette som ein korreksjon til netto driftsresultat. Avsetninga til bundne fond er ikkje kjent før ved avslutninga av årsrekneskapan

2. Investeringsrekneskap

Sum investeringsutgifter i 2023 utgjorde om lag 1,677 mrd. kroner mot budsjettet 2,123 mrd. kroner. Dette er om lag 446 mill. kroner lågare enn budsjettet.

i 1000 kr.	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik	Rekneskap 2022
Investeringar i varige driftsmidlar	1 672 006	2 106 332	-434 326	2 101 226
Tilskot til andres investeringar	323	0	232	411
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	4 889	17 134	-12 245	54 349
Utlån av egne midlar	139	0	139	2 469
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	1 677 266	2 123 466	-446 200	2 315 539
Kompensasjon for meirverdiavgift	276 621	392 780	-116 159	382 659
Tilskot frå andre	154 807	192 671	-37 864	303 745
Sal av varige driftsmidlar	72	0	72	951
Sal av finansielle anleggsmidlar	9 390	0	9 390	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	0	0	0	39 775
Andre inntekter	0	0	0	0
Bruk av lån	1 013 784	1 260 800	-247 016	1 315 236
Sum investeringsinntekter	1 454 673	1 846 251	-391 578	2 042 366
Videreutlån	0	0	0	0
Bruk av lån til videreutlån	0	0	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	0	0	0	0
Mottatte avdrag på videreutlån	0	0	0	0
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0	0
Overføring frå drift	-237 935	-229 000	-8 935	-230 185
Avsettingar til bundne investeringsfond	22 199	15 000	7 199	24 999
Bruk av bundne investeringsfond	-6 857	-46 081	39 224	-51 165
Avsettingar til ubunde investeringsfond	0	0	0	-2 280
Bruk av ubundne investeringsfond	0	-17 134	17 134	-16823
Dekking av tidlegare års udekka beløp	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	-222 593	-277 215	54 622	-273 173
Framført til inndecking i seinare år (udekka beløp)	0	0	0	0

Tabell 6: Bevillingsoversikt - invistering

Nedanfor har vi kommentert nokon av dei største avvika.

Kompetanseområdet

Det er investert til saman om lag 219,9 mill. kroner i utstyr og bygningar for kompetanseområdet i 2023. Prosjekta viser totalt eit mindreforbruk på om lag 63,4 mill. kroner. Det er forsinka framdrift på fleire prosjekt i høve til budsjett. Dei største avvika er kommentert nedanfor.

- Utstyr/universell utforming/ped.ombygging viser eit mindreforbruk på om lag 8,3 mill. kroner som skyldast forseinka framdrift på nokre av prosjekta.
- Hustadvika vgs-marine fag viser eit mindreforbruk på om lag 17,5 mill. kroner i 2023. Mindreforbruket ved årets slutt skyldast manglande avklaringar og godkjenningar for realisering av prosjektet.
- Ørsta vgs viser eit mindreforbruk på om lag 15,8 mill. kroner i 2023. Mindreforbruket ved årets slutt skyldast forsinka framdrift på prosjektet. Det blir no arbeid med avklaringar knytt til ombruk og/eller nybygg, sal og erverv av eigedommar.
- Gjermundnes vgs, driftsbygning viser eit mindreforbruk på om lag 14,9 mill. kroner i 2023. Mindreforbruket skyldast forseinka framdrift/periodisering mellom 2023 og 2024. Bygget vil bli overtatt i 2024.

Samferdselområdet

Det er investert til saman om lag 1,398 mrd. kroner på samferdselsområdet i 2023. Av dette utgjør 1,273 mrd. kroner investeringar i fylkesvegar. Resterande, om lag 124,7 mill. kroner, er system og utstyr knytt til Fram, bussdepot og trafikkterminaler. Dei største avvika er kommentert nedanfor.

- Totale investeringar kollektiv viser eit mindreforbruk på om lag 16,3 mill. kroner i 2023. Mindreforbruket skriv seg frå fleire prosjekt og skyldast forseinka framdrift. Det største avviket gjeld prosjekt 6712 Nytt billetteringssystem med eit mindreforbruk på om lag 8,4 mill. kroner i 2023, men arbeidet er no godt i gang.
- Bussdepot Kristiansund viser eit mindreforbruk på om lag 37,6 mill. kroner i 2023. Mindreforbruket ved årets slutt skyldast forseinka framdrift, planlagt overtaking er august 2024.
- Bussdepot Molde viser eit mindreforbruk på om lag 7,6 mill. kroner i 2023. Mindreforbruket skyldast forseinka framdrift.
- Investeringane i fylkesvegar (prosjekt 6B35) viser eit mindreforbruk på om lag 246,6 mill. kroner i 2023. Mindreforbruket skriv seg frå netto meir- og mindreforbruk på fleire prosjekt. Dei største avvika er som følgjer:
 - Lade- og infrastruktur knytt til Nordmørspakken og Ytre Sunnmøre viser eit samla mindreforbruk på om lag 41,5 mill. kroner i 2023. Mindreforbruk knytt til Nordmørspakken, på om lag 5 mill. kroner, blir overført til 2024 for å dekke inn meirforbruk på anleggsbidrag på del 2 av Romsdalspakken. Resten av mindreforbruket gjeld Ytre Sunnmøre, der formell avslutning av prosjektet og utgiftsføring vil skje i 2024.
 - Ferjekaier viser eit mindreforbruk på om lag 100 mill. kroner i 2023. Mindreforbruket skyldast store periodiseringsavvik (om lag 80 mill. kroner), pga. at anleggsarbeidet på Ytre Sunnmørspakken og arbeidet med liggekaia på Søsnes kom seinare i gang enn føreset, i tillegg til forseinka framdrift på Eidsdal ferjekai. Det er også venta eit varig mindreforbruk på totalt 20 mill. kroner knytt til Søsnes - Åfarnes-prosjektet og utbetningsarbeidet på Aukra – Hollingsholm.
 - Bruer viser eit samla mindreforbruk på om lag 83 mill. kroner i 2023. Om lag 68 mill. kroner gjeld periodiseringsavvik på Nerlandsøybrua og skyldast forseinking pga.

utfordringar med grunntilhøva. Det er også forseinka oppstart, eller framdrift knytt til fleire andre bruer, som til dømes Slettebakkbrua, Bollielvbrua og Geirangerbruene.

- Trafikktryggingstiltak viser eit mindreforbruk på om lag 19 mill. kroner. Mindreforbruket skriv seg frå periodiseringsavvik på fleire prosjekt og skyldast m.a. at kontrakt for gjennomføring av diverse mindre TS-tiltak kom seint i gang.
- Prosjekt «6B39 Nordøyvegen» viser eit mindreforbruk på om lag 23,2 mill. kroner i 2023. Mindreforbruket kjem av fleire uavklara forhold knytt til utbetring i tunnelane og pågåande sak om oppryddingsarbeid, samt attståande kostnader til grunnnerverv og oppmåling.
- Bypakke Ålesund viser eit mindreforbruk på om lag 27,7 mill. kroner i 2023. Mindreforbruket ved årets slutt er eit periodiseringsavvik og er knytt til avvikande framdrift på enkeltprosjekt i bypakke Ålesund.

Finansiering

Lånemidlar har finansiert 1 013,8 mill. kroner av investeringane i 2023, noko som er 247 mill. kroner lågare enn budsjettert. Dette skyldast lågare investeringsutgifter enn det som var føreset. Kjøp av aksjar er i heilheit finansiert ved sal av aksjar, i staden for budsjettert bruk av ubundne investeringsfond. For meir informasjon sjå sak «Rekneskap med resultatvurdering og årsmelding for 2023».

Overføring frå drift

Overføring frå drift på 237,9 mill. kroner består i hovudsak at tilskot til ras- og tunnelsikringsinvesteringar på 229 mill. kroner. Desse midla er gitt som særskilte midlar i statsbudsjettet, men blir utbetalt som rammetilskot (driftsinntekter). Vi overfører tilskotet til investering for å finansiere ras- og tunnelsikringsprosjekt.

3. Finansielle måltal

Kommunelova set krav til at fylkestinget sjølv skal vedta sine finansielle måltal for fylkeskommunen sin økonomi. Formålet med finansielle måltal er å synleggjere fylkestinget sitt ansvar for å ivareta det økonomiske handlingsrommet i eit langsiktig perspektiv. Møre og Romsdal fylkeskommune har følgande måltal:

3.1 Netto driftsresultat


Teknisk beregningsutvalg (TBU) for kommunal og fylkeskommunal økonomi har anbefalt at fylkeskommunane bør ha eit måltal for netto driftsresultat på om lag 4 prosent (korrigert for bundne midlar) som ein buffer mot:

- Svingingar i rentenivået og drivstoffprisar
- Kapitalslit (avskrivningar) - spesielt viktig sett i samanheng med fylkesvegreforma i 2010, som har ført til auka vedlikehaldsetterslep for fylkeskommunane
- For å bygge opp reservar til framtidige investeringar

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt måltal i 2023 var på 3,3 prosent.

Figur 1 viser netto driftsresultat dei siste 5 åra, samt budsjett for inneverande økonomiplanperiode.

Netto driftsresultat korrigert for bundne fond - i prosent




Figur 1: Netto driftsresultat korrigert for bundne fond

Møre og Romsdal fylkeskommune hadde i 2023 eit netto driftsresultat korrigert for bundne midlar på 0,8 prosent. I 2022 var tilsvarande tal på 2,6 prosent. Dette er 2,5 prosentpoeng lågare enn målsettinga på 3,3 prosent. Økonomiplan for 2024-2027 viser at netto driftsresultat (sannsynlegvis) vert lågare dei komande åra. Dette skyldast mellom anna auka prisvekst spesielt på samferdsel, samt auka renteutgifter og avdrag som eit resultat av store investeringar dei siste åra (ref. økonomiplan med handlingsprogram 2024-2027).

3.2 Disposisjonsfond

Den finansielle handlefridomen i drift kan styrkast gjennom å auke frie driftsfond/ disposisjonsfond, slik at fondsmidlane kan nyttast til å dekke uventa meirutgifter i enkelt år.

Størrelsen på disposisjonsfondet viser kor stor økonomisk buffer fylkeskommunen har til den løypande drifta, og kor stor økonomisk handlefridom fylkeskommunen har i åra som kjem. TBU og Kommunenes Sentralforbund (KS) anbefalar at størrelsen på driftsfondet helst bør vere på minst 10 prosent av brutto driftsinntekter. Vedtatt måltal for Møre og Romsdal fylkeskommune er på 10 prosent.



Figur 2: Utviklinga i disposisjonsfondet dei siste fem åra, samt økonomiplan for 2024-2027


Per 31.12.2023 var disposisjonsfondet på 9,7 prosent mot 12,6 prosent i 2022. Figur 2 viser at MRFK for første gong sidan 2019 har eit disposisjonsfond under målsettinga på 10 prosent. Figur 2 viser også at disposisjonsfondet vil fortsette å falle dei 4 neste åra pga. av fallande netto driftsresultat (sjå omtale under kap. 3.1 Netto driftsresultat).

Utviklinga i disposisjonsfond dei siste åra, samt ytterlegare fall i åra som kjem, viser tydeleg at den økonomiske handlefridomen til fylkeskommune vil verte lågare dei komande åra.

3.3 Langsiktig lånegjeld og gjeldsgrad

Ved utgangen av 2023 var Møre og Romsdal fylkeskommune si lånegjeld på 9746,3 mill. kroner. Dette er ein auke på 719,5 mill. kroner frå året før.

For å berekne ei meir korrekt lånegjeld for Møre og Romsdal, så har vi korrigert for ubundne investeringsfond og for ekstraordinære inntekter (ferjeavløysingsmidlar og lån dekt av andre) som er spesielle for Møre og Romsdal fylkeskommune. Korrigert lånegjeld vert då på 7666 mill. kroner, dvs. at lånegjelda er redusert med 2260 mill. kroner.



Figur 3: viser utviklinga i Møre og Romsdal si korrigerte lånegjeld dei siste fem åra, samt budsjett for inneverende økonomiplanperiode.

Korrigert gjeldsgrad var ved utgangen av 2023 på 102 prosent av brutto driftsinntekter. KS og TBU sin anbefaling er at fylkeskommunane bør ligge på om lag 60 prosent for å ha økonomisk handlingsrom til investeringar. Ei lånegjeld på over 90 prosent definerer dei som «rød sone», dvs. at fylkeskommunen har lite handlingsrom til investeringar. Figur 3 viser at Møre og Romsdal allereie i 2020 var over anbefalinga på 90 prosent. Ny målsetting vart av fylkestinget satt til 110 prosent for perioden 2024-2027. Lånegjelda vil i inneverande økonomiplanperiode auke til om lag 126 prosent i 2027.

Den høge lånegjelda, i kombinasjon med auka rentesats, har ført til at fylkeskommunen betaler 181,4 mill. kroner meir i renter og avdrag i 2023 enn i 2022. Fylkeskommunen er m.a.o. svært sårbar sett i samanheng med endringar i rentesatsen. Stresstesten i finansrapporten per 31.12.23 viser at Møre og Romsdal fylkeskommune vil få ein årleg auka driftsutgift på om lag 111,1 mill. kroner ved ein renteauke på 2 prosentpoeng. Gjeldsgraden bør derfor snarast reduserast til minimum 90 prosent for at fylkeskommunen skal kunne auke sitt handlingsrom.

Av renteesponert gjeld utgjør fastrenteavtalar 43 prosent. Finansreglementet krev at minst 30 prosent av fylkeskommunale innlån skal vere til fast rente. Til samanlikning var andelen fastrenteavtalar i 2022 på 47,3 prosent.

4. Handlingsprogram

Fylkeskommunedirektøren har vektlagt gode samanhengar i plansystemet som gir moglegheit for oversikt og oppfølging til tross for kompleksiteten som følger av berekrafts-tilnærminga. Heile plansystemet, slik det er vedtatt i Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2021-2024 (RPS), er utleia frå dei tre berekraftsdimensjonane og bygger på 4 knaggar:

- Samarbeidsfylket: Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid

- Miljøfylket: Møre og Romsdal skal vere miljøfylke nr. 1
- Inkluderings- og kompetans fylket: Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu
- Verdiskapingsfylket: Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

Desse fire knaggane er gjennomgåande i regional planstrategi, fylkesplan, fylkesstrategiane, resultatmål, handlingsprogrammet i økonomiplanen og verksemdsplanane.

Plan og bygningsloven har krav om at alle regionale planar skal ha eit handlingsprogram

der det går fram ressursbehov, kven som er ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for

gjennomføringa av planen. Handlingsprogrammet skal ikkje berre vere eit styringsdokument for fylkestinget, men også vise fylkeskommunen sine samarbeidspartnarar kva vi vil prioritere.

Handlingsprogrammet skal etter plan og bygningslova vedtakast av fylkestinget sjølv.

4.1 Samarbeidsfylket

Fylkeskommunen som byggeigar er viktig samarbeidsaktør for utviklingsprosjekt i kommunane.

Viktige felles prosjekt i 2023 har vore Campus Kristiansund og ny Ørsta vidaregåande skule og kulturhus.

I trafikktryggingarbeidet er det også vektlagt samarbeid med andre aktørar, for eksempel gjennom konseptet Trafikksikker kommune og sykkelopplæring i 15 grunnskolar. For tannhelse er dei 2 394 timane med førebyggjande arbeid utanfor klinikkane og 242 besøka i helseinstitusjonar, viktige samhandlingsarenaer med kommunane.

Det internasjonale samarbeidet har teke seg opp att etter pandemien. Fylkeskommunen har deltatt i europeiske nettverk, interesseorganisasjonar, prosjekt og utvekslingar. Dette femner eit breitt spekter av tema, alt frå kompetansebehov i skipsbyggings-industrien til bruk av kulturminne, gründerhjelp for ukrainarar, visualisering av klimaendringar i planlegging og ungdomsmedverking.

Det er i 2023 gjort fleire grep for å forbetre informasjonen frå fylkeskommunen. Mellom anna har vi fått nye internettsider, det blir sendt ut nyheitsbrev kvar fredag og det er laga podkastar om dei store samfunnsutfordringane.

Ein viktig jobb for demokratiet i 2023 var å legge til rette for, gjennomføre og kontrollere kommune- og fylkestingsvalet. Det er også gjennomført ein brei medverknadsprosess for ny fylkesplan.

I tillegg har fylkeskommunen større tverrfaglege satsingar og prosjekt i samarbeid med kommunane. Døme på slike satsingar er:

- **Møre og Romsdal 2025**. Fylkeskommunen er pådrivar og koordinator for eit program der offentleg sektor samarbeider for å styrke regionen
- **Berekraftfylket Møre og Romsdal**. Fylkeskommunen er pådrivar og koordinator for berekraftsarbeidet i fylket
- **Program for berekraftig by- og tettstadsutvikling**. Formålet er å gjere byane og tettstadane i fylket meir attraktive og berekraftige.
- **Skaparkraft**. Fylkeskommunen si 10-årige satsing på berekraftig eksport

4.2 Miljøfylket

Fylkestinget vedtok i juni 2023 fylkesstrategi for miljø, klima og energi. Her sett vi retninga for Møre og Romsdal sitt arbeid med å følge opp globale, nasjonale og regionale mål for klimagassutslepp og klimatilpassing, bevaring av naturmangfald og grøn omstilling. Saman med klimabudsjettet og –rekneskapan, legg denne grunnlag for betre styring av klimainnsatsen til fylkeskommunen.

Det er på samferdselsområdet at fylkeskommunen har dei største klimagassutsleppa, og her er det også gjort innsats for å redusere klimagassutsleppa i 2023. Dette gjeld både kollektivtrafikken og i

vegdriftskontraktane og asfaltkontraktene. Den omfattande elektrifiseringa av ferjesambanda har ført til ein nedgang i CO₂-utsleppa frå ferjedrifta på 36 prosent frå 2021 til 2023. Men ikkje alle måleindikatorane er nådd. Behovet for ressursar til klimaomstilling på samferdselsområdet er mykje større enn fylkeskommunen har moglegheit til å klare på eiga hand. Nasjonale myndigheiter må ta ein større del av rekninga for elektrifisering av ferjesambanda dersom fylkeskommunane skal lykkast med å elektrifisere dei resterande sambanda.

Bygg og eigedomsavdelinga er heller ikkje i mål med sin ambisjon om å kartlegge utslepp frå energibruken i fylkeskommunale bygg, som er utsett til 2024.

Fylkeskommunen har for første gong laga ein arealrekneskap for Møre og Romsdal som kommunane kan bruke i si planlegging. Dette gir kunnskap om kva type areal kommunane har og kva dei er brukt til og avsett til i planar.

Saman med Statsforvaltaren er det gjennomført fleire kompetansehevande tilbod for kommunane, mellom anna i klimabudsjett, energieffektivisering og ivaretaking av naturmangfald. Fylkeskommunen søkte og fekk tildelt midlar frå Miljødirektoratet til ei kursrekke for kommunane i naturbaserte løysingar på klimatilpassing. Fylkeskommunen har levert fleire utgreiingar og kunnskapsgrunnlag knytt til fornybar energi og kraftsituasjonen i Møre og Romsdal.

4.3 Inkluderings- og kompetansefylket

Fylkeskommunen har etter folkehelselova eit definert ansvar for oppfølging av kommunane. I 2023 er dette mellom anna følgt opp med nye God helse-samarbeidsavtaler med kommunane. Det er også utarbeidd og publisert ny oversikt over folkehelsa. Denne gir kunnskap om levekår og helseutfordringar i Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal har aldri hatt høgare gjennomføringstal for vidaregåande opplæring. Det er også auke i gjennomførte karriererettleiingar, der ukrainarar var ei stor målgruppe. Målet om 1 300 nye lærekontraktar vart nådd med god margin, men det er ein liten nedgang i talet på elevar som har fullført og bestått skoleåret. Det er også nedgang i talet på elevar som får oppfylt førsteønske om utdanningsprogram, og fråværet i vidaregåande skole er høgare enn måltalet.

Gjennom ordninga Den kulturelle skolesekken har kulturtilbod nådd ut til alle barn og unge i fylket. 41 000 elevar fekk eit tilbod i 2023 og 82 produksjonar har vore på veggen.

Den offentlege tannhelsa har også i 2023 arbeidd med å ta att etterslep som følgje av pandemien, og er nær målsettingar som er sett for dekningsgrad for dei ulike målgruppene. Det er målt dårlegare tannhelsa for 3 av 5 indikatorårskull. Ei ny oppgåve i 2023 var å etablere rabatter med 25 prosent eigenbetaling for unge vaksne i alderen 21 til og med 24 år. Det vart gjennomført ei vellukka rekrutteringskampanje som gav 20 nye tannbehandlarar.

Saman med kommunane og næringsliv har fylkeskommunen vore med å realisere sentrumsutviklingsprosjekt i både byar og tettstader. Fylkeskommunen har bidratt med kompetanseheving på alt frå parkering til rekkehus og innkjøp av arkitektkompetanse. Rammene for det vidare arbeidet er lagt i Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader som vart vedtatt av fylkestinget i april.

4.4 Verdiskapingsfylket

Skaparkraft, programmet for langsiktig omstilling av næringslivet og satsing på berekraftig eksport, delte ut 14,1 millionar kroner i tilskot til 23 ulike prosjekt i 2023. Formålet med programmet er å styrke eksportnæringane i fylket og stimulere til utvikling av nye næringar gjennom samarbeidsprosjekt og tilskotsordningar innanfor fire satsingsområde: Grøne industrielle løft, Smart teknologi, Fornybar energi og Kompetanse i og for næringslivet.

Gründertenesta hoppid.id bidrog til 418 nye forretningsidear, 80 fleire enn i 2022. Det er lagt grunnlag for vidareutvikling av kulturell og kreativ næring i fylket gjennom ei innsiktsanalyse. Filmbransjen i fylket har positiv utvikling, og ti filmprosjekt frå Møre og Romsdal har fått støtte frå

Vestnorsk Filmsenter. Fylkeskommunen har også støtta fem pilotprosjekt innan reiselivs- og kulturnæringa for å gjere Møre og Romsdal meir attraktivt som reisemål.

Fleire avdelingar i fylkeskommunen deltok også i 2023 i fleire forskings- og innovasjonsprosjekt for å utvikle våre tenester. Regionalt forskingsfond og MoPro har gitt 32,2 mill. kroner i tilskot til forskingsprosjekt og mobilisering til auka FOU-innsats. Prosjektet Digi Møre og Romsdal har bidratt til kompetanseheving på digitalisering i alle kommunane og er no gått over i eit medlemsfinansiert samarbeid.

2023 var året for digital omstilling i fylkeskommunen. Fylkeskommunen har innført nye digitale verktøy for sak og arkiv, plan, økonomi- og verksemdstyring, kvalitetsleiing, og HR og rekruttering. Ikkje minst har FRAM (kollektivt) lansert ny nettstadbutikk og ny app i 2023.

Fylkeskommunen når måla for regularitet og gjenståande køyretøy per ferjesamband, og også for kundetilfredsheit med FRAM. Det er også gjort nye tiltak for utvikle bestillingstransporten og betre trafikktryggleiken. Vi ligg etter målet for dekketilstanden og utbetring av tunnelar og ei kartlegging av vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane viser no at dette er auka til 16,8 milliardar kroner.

Ein viktig føresetnad for å ta del i det grønne skiftet, er å ha tilgang på klimanøytral energi. Fylkeskommunen har ein aktiv dialog med Statnett, regionale nettselskap og næringsliv for å stimulere til nettutbyggingsplanar og kapasitetstilgang.

5. Tvistar

Det blei i 2022 inngått eit forlik med Fjord1 i saka om rabattkompensasjon. Forliket innebar ei utbetaling til fylkeskommunen på 28,4 mill. kroner, og beløpet blei innbetalt i januar 2023. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner framleis å ha eit tilgodehavande mot Fjord1 på om lag 20,9 mill. kroner for årsoppgjera 2018 og 2019. Fjord1 meiner eit eventuelt krav for 2018 og 2019 er oppgjort i rabattkompensasjonsforliket. Fylkeskommunen er ueinig i dette, og tok i februar 2023 ut stemning i saka. Fylkeskommunen tapte saka, men har anka. Ankebehandlinga er venta å skje i mai 2024.

6. Likestilling, inkludering og mangfald

Tiltak som sikrar inkludering og deltaking for alle er prioritert av fylkeskommunen. Universell utforming handlar om at alle skal kunne delta på ein likeverdig måte. Våre rådgivande utval; eldrerådet, ungdomspanelet og rådet for likestilling av

funksjonshemma er viktige for å lykkast med dette. Desse har jamlege møte gjennom året og gir råd til utviklinga av fylkeskommunen. Universell utforming skal ligge i botn for vårt tenestetilbod på alle fagområde.

For å møte krava til universell utforming av offentlege nettstadar og digitale løysingar, har vi i 2023 utarbeidd tilgjengelegheitserklæring for nettsider knytt til fylkeskommunen. Vi har og gjennomført kurs i universell utforming av dokument til dei tilsette. Ved kjøp av nye digitale tenester og verktøy, som fylkeskommunen har behov for, blir det stilt krav om universell utforming.

Fylkesplan for Møre og Romsdal er overordna plandokument for all regional utvikling. Eit av resultatmåla er likestilling og inkludering med mål om reelle valmoglegheiter innanfor utdanning og arbeidsliv for alle.

All rekruttering til Møre og Romsdal fylkeskommune skal legge vekt på likestilling mellom kjønn og mellom minoritetar og majoritetar i alle delar av organisasjonen.

Grunnlaget for vurdering i all rekruttering skal vere:

- Utdanning, kompetanse, erfaring, kjønn og mangfald, jf. Lov om likestilling og forbod mot diskriminering.

- Likestilling og mangfold skal være ein del av vurderinga ved samansetting av team og organisasjon.

I rekrutteringsprosessen blir ikkje enkeltgrupper nemnd særskilt, men ved utlysinga av stillingar oppfordrar fylkeskommunen om at alle med relevant kompetanse er velkomne til å søke på alle stillingar. Leiarar med ansvar for rekrutteringa er også pålagt, og har ansvaret for, at all rekruttering er i tråd med krava i lova. Dette vert også poengtert ved tilsetting av nye leiarar.

Ved utgangen av 2023 var det i Møre og Romsdal fylkeskommune totalt 2675 tilsette fordelt på 2462 årsverk. Av desse var 1 653 kvinner (62 prosent) og 1 022 menn (38 prosent). Toppleiargruppa i fylkeskommunen, består av 5 kvinner og 5 menn. Kjønnfordelinga i leiande stillingar er på 59 prosent kvinner og 41 prosent menn.

Møre og Romsdal fylkeskommune kartlegg kvart år lønnsforhold etter kjønn. Resultatet av kartlegginga publiserast i årsrapporten. Møre og Romsdal fylkeskommune har som målsetting at likt arbeid skal gi lik lønn uavhengig av kjønn.

Fylkeskommunen vedtok i 2023 ein handlingsplan for likestilling. I steg 1 inneheld planen innsatsområda, som vart anbefalt av Europakommisjonen og forskningsrådet. Kvart innsatsområde inneheld fleire delmål som konkretiserer og målrettar arbeidet med likestilling. Handlingsplanen vil i steg 2 vidareutviklast til å ta opp i seg alle områda som er nemnt i likestilling- og diskrimineringslova. Handlingsplan for likestilling skal sikre at alle arbeidstakarar skal ha like moglegheiter til arbeid, utvikling (fagleg og personleg), opplæring, avansement og lønsvekst uavhengig av kjønn.

HMS-system


Arbeidet med helse, miljø og sikkerheit (HMS) inngår som ein del av den heilskaplege verksemdstyringa og kvalitetsarbeidet i fylkeskommunen. Styrande dokument for HMS-arbeidet og dokumentasjon på korleis vi følgjer dette opp inngår i fylkeskommunen sitt kvalitetssystem. Nytt kvalitetssystem vart tatt i bruk i 2023, og HMS-rammeverket er no implementert i dette.

Kvart år blir det utarbeidd ein eigen HMS-årsrapport som blir behandla i Hovudsamarbeidsutvalet (HSAMU). Rapporten vart behandla den 01.03.24 og er offentleg tilgjengeleg.

7. Styring og kontroll

I samsvar med i kommunelova har fylkeskommunedirektøren innretta verksemda på ein slik måte at den er underlagt forsvarleg styring og kontroll, derunder risikobasert, på alle ansvarsområde. Det er etablert heilskapleg verksemdsstyring med nødvendige styrande prosessar, dokument og delegeringar med bakgrunn i organisasjonsstrategien. I det daglege har kvar direktør ansvar for å etablere og følge opp styringsprosessar og styrande dokument som sikrar etterleving av regelverk innafor sitt fag- og tenesteområde. Fylkeskommunedirektøren har regelmessige møter med toppleiargruppa og stab.

Den heilskaplege verksemdsstyringa, som er etablert gjennom «Program nye digitale arbeidsformer», ivaretek dimensjonane planlegging, utføring, kontroll og korrigerings (sjå under i figuren) i tråd med ISO 9001:2015. I programmet er det sju prosjekt. Dei har som felles mål å forbetre arbeids- og samhandlingsformene i heile organisasjonen, samt løyse lovpålagte krav knytt til internkontroll/eigenkontroll, informasjonssikkerheit og personvern, kommunikasjon, saksbehandling, arkiv og HR-prosessar. I 2023 har dei ulike prosjekta vore i implementeringsfase for oppstart og opplæring for bruk av nye verktøy og bruk av nye arbeidsmåtar og samhandlingsformer.



Figur 4: Heilskapleg verksemdstyring

Figur 4 viser PUKK-hjulet som er den etablerte metodikken for kvalitetsarbeid – og internkontroll. Heilskapleg verksemdstyring/kvalitetsleiing inneber å «gjere dei rette tinga» og «gjere tinga rett»:

- Styre/leie arbeidsprosessane i samsvar med gjeldande lover og forskrifter på ein slik måte at vi kan nå måla i den regionale planstrategien og FN sine berekraftsmål.
- Lage planar for å gjennomføre politiske vedtak og rapportere på disse.
- Følgje opp alle verksemdsområda fylkeskommunen har ansvar for ved å sjekke tilstand (eigenkontroll/intern kontroll), vurdere behov og forbetringar, risikovurdere kva som er viktigast og prioritere tiltak/korrigeringar.

Program nye digitale arbeidsformer inneheld følgjande 7 prosjekt:

- Informasjonsforvaltning og lagring
- Revisjons, kommunikasjons – og kanalstrategi
- Nytt intranett og nettsideutvikling
- Nytt sak- og arkivsystem, i tillegg kjem skjemamodul på plass våren 2024
- Verksemdstyringssystem
- Kvalitetssystem
- Heilskapleg HR-løysing (ny rekrutteringsløysing er på plass)

Fylkeskommunedirektøren er opptatt av å følge opp anbefalingane frå kontrollutvalet på bakgrunn av dei undersøkingar og forvaltningsrevisjonar som vart gjennomført i 2021- 2023.

For å gje betre oversikt over aktivitetane i den heilskaplege verksemdstyringa er det utvikla eit styringsårshjul der kvalitetsaktivitetar, intern kontroll, planaktivitetar, økonomiaktivitetar og HMS aktivitetar inngår. I verksemdstyringa er det lagt opp til tertialvis rapportering av økonomien i fylkeskommunen. Fylkesplanmåla med resultatmål og tilhøyrande måleindikatorar, vert rapportert tertialvis til administrasjonen og årleg til fylkestinget. Leiinga sin kvalitetsgjennomgang er etablert med tilhøyrande prosessar (i tråd med ISO 9001:2015) er gjennomført for første gang i 2023. Det er m.a. etablert eit eige fagnettverk for kvalitetsarbeid og intern kontroll som har kopling til fylkeskommunen si plangruppe.

8. Etikk

FN sine berekraftsmål utgjer det overordna rammeverket for utviklinga av Møre og Romsdal som region og for organisasjonen vår. Det er ein føresetnad for berekraftig utvikling at det er tilgang til rettsvern for alle, med velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle område. Møre og Romsdal fylkeskommune sin visjon og verdigrunnlag er den raude tråden og den etiske grunnmuren som skal sikre fylkeskommunen, som ein velfungerande, ansvarleg og inkluderande institusjon. Det etiske reglementet konkretiserer korleis medarbeidarane skal opptre for å handle på ein måte som sikrar god etisk praksis.

Felles refleksjon over praksis som involverer både politisk nivå og tilsette, er ein føresetnad for at visjonen og verdigrunnlaget skal bli ein del av vår organisasjonskultur. Våre leiarar skal legge til rette for at tilsette er kjent med, og har forstått fylkeskommunen sitt etiske reglement. Leiarar har eit særleg ansvar for å tydeleggjere kva som er etisk forsvarleg åtfærd, legge til rette for etisk refleksjon over praksis, og byggje ein kultur basert på openheit og tillit.

Med bakgrunn i fylkestinget sitt vedtak i sak om «Fylkeshuset AS sine kjøp av aksjar i R8Me – rapport» og organisasjonsstrategien vedtatt i oktober 2020, er det gjennomført ein samla revisjon av tidlegare etiske retningslinjer. Etter ein prosess som involverte toppleiargruppa og samarbeidsorgana med tillitsvalde, vedtok fylkestinget i desember 2023 det som no har fått status som etisk reglement. Reglementet gjeld for alle leiarar og tilsette. Fylkeskommunedirektøren har utarbeidd tilhøyrande rutinar, som skal sikre etterleving av reglementet. Til støtte for implementeringa er det utarbeidd ei verktøykasse for etisk refleksjon som inneheld case for dilemmatrening knytt opp mot sentrale tema i reglementet. Reglementet med tilhøyrande rutinar og verktøykasse legg eit godt grunnlag for forståing av kva som er god etisk praksis. Ein god etisk standard på alt vi gjer er avgjerande for at dei som tek i mot våre tenester, eller som vi samarbeider med, skal ha tillit til oss. Fylkestinget har vidare vedtatt at det i løpet av 2025 også skal utarbeidast eit eige etisk reglement for dei folkevalde.

9. utfordringane framover

Møre og Romsdal fylkeskommune har store utfordringar i åra som kjem. Dei viktigaste utfordringane kan vi summere opp slik:

- På grunn av den høge lånegjelda er Møre og Romsdal fylkeskommunen spesielt utsett for endringar i **rentesatsen**. I løpet av 2023 har Norges Bank auka styringsrenta frå 2,75 prosentpoeng til 4,5 prosent. Styringsrenta vil truleg ligge på dette nivået ei god stund framover.
- **Nytt inntektssystem** vart vedteke i 2023. Møre og Romsdal var eit av dei fylka som ikkje fekk redusert inntektsramme. Inntektssystemet skal evaluerast på nytt allereie i 2027.
- Fylkeskommunen slit framleis med at **prisveksten**, spesielt på samferdsel, ikkje vart fullt ut kompensert i 2022. Indeksane har vore høge også i 2023, men vart i stor grad dekt av justeringa av prisveksten i revidert statsbudsjett våren 2023. Kostnadane på drift- og vedlikehald av vegane har auka betydeleg dei siste åra, noko som gjeld heile landet. Ikkje kompensert prisvekst, fører til at tenestenivået må reduserast dei komande åra for å kompensere for dei auka kostnadane.
- Risiko knytt til svingingar i **kostnadsindeksar på buss-, hurtigbåtar- og ferjekontraktar**.
- Det er stor usikkerheit knytt til korleis finansieringa av dei resterande sambanda vil vere, etter at **krav til nullutslepp i ferjedrifta** kjem i 2027. Møre og Romsdal fylkeskommune vil i perioden 2018-2026, etter at 10 av 20 ferjesamband er hybridelektrifiserte, ha brukt om lag 750 mill. kroner (nominelle kroner) til infrastruktur knytt til miljøteknologi på sine ferjekaier. Ein stor del av dette beløpet er ikkje kompensert av Staten.
- **Inntektene til kollektivt** har gått betydeleg ned dei siste åra. I 2023 er inntektsvikten på 63 mill. kroner. Sjølv om talet på reisande no er tilbake på om lag same nivå som før pandemien på buss og ferje, så er inntektene lågare. Når det gjeld hurtigbåt er passasjeretalet lågare enn før pandemien. Det kan sjå ut som at dei reisande har endra reisemønster, noko som har ført til at inntektene har gått ned.

- Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje store nok rammetilskot til å redusere, eller halde **vedlikehaldsetterslepet** på fylkesveg uendra (asfalt, vegforsterkning og liknande). Kartlegginga frå hausten 2023 viser at det vil koste om lag 16,8 mrd. kroner å fjerne etterslepet.
- Manglande statleg dekning av **auka ferjekostnader** (m.a. som følgje av overgangen til miljøteknologi).
- Etterleve **tunnelsikkerheitsforskrifta**
- Risiko knytt til **klimaendringar**, dvs. auka skredaktivitet (jordskred, flaumskred og sørpeskred).
- **Klima- og miljøutfordringane** – «det grønne skiftet» krev store investeringar mellom anna innan samferdselssektoren.
- Bygningsmassen er i hovudsak i god teknisk stand. Likevel har **enkelte skolebygg til dels store behov for opprusting**.
- **Demografiske endringar** – aldrande befolkning og for fylkeskommunen sin del, mindre overføringar frå staten pga. færre ungdommar i alderen 16-19 år.
- **Teknologiutvikling/digitalisering** krev nye arbeidsformer og nye verktøy.

Årsrekneskap

Økonomisk oversikt etter art - drift

(i 1000 kr.)

	Note	Rekneskap 2023	Korrigert budsjett 2023	Opphavelg budsjett 2023	Rekneskap 2022
1		3 899 080	3 886 556	3 774 300	3 528 112
2		1 820 205	1 801 600	1 818 700	1 926 252
3		0	0	0	0
4		9 909	9 000	9 000	9 414
5		477 488	315 288	148 807	435 163
6		591 776	549 563	555 439	579 118
7		20 047	10 716	19 316	19 363
8	19	686 253	705 638	633 638	671 188
9	Sum driftsinntekter	7 504 757	7 278 361	6 959 200	7 168 611
10	1,15	1 722 253	1 673 489	1 638 955	1 606 463
11	1	431 463	350 735	364 683	449 269
12	1,16	3 868 557	3 755 003	3 509 827	3 651 596
13	1	904 271	856 289	674 362	833 021
14	4	567 702	542 800	542 800	481 778
15	Sum driftsutgifter	7 494 245	7 178 315	6 730 627	7 022 127
16	Brutto driftsresultat	10 512	100 046	228 573	146 484
17		-121 001	-123 600	-68 600	-64 631
18		-6 205	-6 205	-2 500	-2 500
19	7	-14 491	0	0	2 495
20		314 795	329 400	314 400	161 444
21	10	346 769	328 525	333 200	318 700
22	Netto finansutgifter	519 866	528 120	576 500	415 508
23		-567 702	-542 800	-542 800	-481 778
24	Netto driftsresultat	58 347	114 726	194 873	212 753
Disponering eller dekking av netto					

driftsresultat:						
25	Overføring til investering		237 935	229 000	229 000	230 184
26	Avsettingar til bundne driftsfond	13	377 816	165 117	0	330 654
	Bruk av bundne driftsfond	13	-382 743	-160 851	0	-302 299
27	Avsettingar til disposisjonsfond		150 361	206 481	0	132 102
	Bruk av disposisjonsfond		-325 021	-325 021	-34 127	-177 888
27a	Bruk av tidlegare års mindreforbruk					
28	Dekking av tidlegare års meirforbruk					
29	Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat		58 347	114 726	194 873	212 753
30	Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0
Linje 25 Overføring til investering er fordelt slik:						
	Vedtatt av fylkesting		229 000	229 000	229 000	220 745
	Rammeområda		8 935	0	0	9 439
	Sum		237 935	229 000	229 000	230 184

Bevilgningsoversikter - drift

(i 1000 kr.)

	Note	Rekneskap 2023	Korrigert budsjett 2023	Opphavelg budsjett 2023	Rekneskap 2022
1	Rammetilskot	3 899 080	3 886 556	3 774 300	3 528 112
2	Inntekts- og formuesskatt	1 820 205	1 801 600	1 818 700	1 926 252
3	Eigedomsskatt				0
4	Andre generelle driftsinntekter	73 665	66 200	66 200	71 429
5	Sum generelle driftsinntekter	5 792 949	5 754 356	5 659 200	5 525 793
6	Sum bevilningar drift, netto	5 204 174	5 111 510	4 887 827	4 893 009
7	Avskrivningar	4	567 702	542 800	481 778
8	Sum netto driftsutgifter	5 771 875	5 654 310	5 430 627	5 374 787

9	Brutto driftsresultat		21 073	100 046	228 573	151 006
10	Renteinntekter		110 229	123 600	68 600	59 422
11	Utbytter		6 205	6 205	2 500	2 500
12	Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	7	14 491	0	0	-2 495
13	Renteutgifter		-314 584	-329 400	-314 400	-160 758
14	Avdrag på lån	10	-346 769	-328 525	-333 200	-318 700
15	Netto finansutgifter		-530 429	-528 120	-576 500	-420 031
16	Motpost avskrivningar		567 702	542 800	542 800	481 778
17	Netto driftsresultat		58 347	114 726	194 873	212 753
	Disponering eller dekning av netto driftsresultat:					
18	Overføring til investering		237 935	229 000	229 000	230 184
19	Avsettingar til bundne driftsfond	13	377 816	165 117	0	330 654
	Bruk av bundne driftsfond	13	-382 743	-160 851	0	-302 299
20	Avsettingar til disposisjonsfond		150 361	206 481	0	132 102
	Bruk av disposisjonsfond		-325 021	-325 021	-34 127	-177 888
20a	Bruk av tidlegare års mindreforbruk					
21	Dekking av tidlegare års meirforbruk					
22	Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		58 347	114 726	194 873	212 753
23	Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0

Sum bevilningar drift, netto

(i 1000 kr.)

	Fylkestingsramme	Rekneskap 2023	Korrigert budsjett 2023	Opphavelig budsjett 2023	Rekneskap 2022
D01	Fellesutgifter og utgifter til fordeling	81 356	84 531	67 653	71 525
D02	Politisk verksemd	31 972	29 313	27 167	28 250
D03	Stabsfunksjonar	229 446	242 872	197 784	215 564
D04	Lønnsreservepost	0	16 299	173 819	0
D05	Kompetanseområdet	1 974 272	1 920 460	1 766 633	1 857 381

D06	Fagskolen i Møre og Romsdal	20 546	30 118	22 087	14 793
D09	Tannhelseområdet	212 882	217 031	176 063	178 525
D10	Kulturområdet	147 581	146 938	139 838	147 484
D11	Næring	84 343	85 271	75 050	120 220
D12	Samferdselsområdet	2 559 971	2 467 362	2 293 928	2 315 200
D14	Sentrale kontrollorgan	4 978	8 300	7 829	7 684
Sum netto beviltingar drift på rammeområda		5 347 346	5 248 495	4 947 851	4 956 626
	Overføring til investering frå rammeområder	-8 935	0	0	-9 439
	Avsettingar til bundne driftsfond	-377 816	-165 117	0	-330 654
	Bruk av bundne fond rammeområder	382 743	160 851	0	302 299
	Ufordelte utgifter (premieavvik)	-182 156	-132 719	-60 024	12 493
	Ufordelte utgifter (premiejustering KLP/SPK)	42 991			-38 316
Sum beviltingar drift, netto		5 204 174	5 111 510	4 887 827	4 893 009

Beviltingsoversikter - investering

(i 1000 kr.)

	Note	Rekneskap 2023	Korrigert budsjett 2023	Opphøveleg budsjett 2023	Rekneskap 2022
1	Investeringar i varige driftsmidlar	1 672 006	2 106 332	2 347 300	2 258 310
2	Tilskot til andres investeringar	232			411
3	Investeringar i aksjar og andelar i selskap	4 889	17 134	2 000	54 349
4	Utlån av egne midlar	139	0	0	2 469
5	Avdrag på lån				
6	Sum investeringsutgifter	1 677 266	2 123 466	2 349 300	2 315 539
7	Kompensasjon for meirverdiavgift	276 621	392 780	422 500	382 659
8	Tilskot frå andre	154 807	192 671	148 900	303 745
9	Sal av varige driftsmidlar	72	0	0	951
10	Sal av finansielle anleggsmidlar	9 390	0	0	0
11	Utdeling frå selskap				
12	Mottatte avdrag på utlån av egne midlar				39 775

	Andre inntekter					
13	Bruk av lån	<u>2</u>	1 013 784	1 260 800	1 546 900	1 315 236
14	Sum investeringsinntekter	<u>1</u>	1 454 673	1 846 251	2 118 300	2 042 366
15	Videreutlån					
16	Bruk av lån til videreutlån					
17	Avdrag på lån til videreutlån					
18	Mottatte avdrag på videreutlån					
19	Netto utgifter videreutlån					
20	Overføring frå drift		-237 935	-229 000	-229 000	-230 184
21	Avsettingar til bundne investeringsfond	<u>13</u>	22 199	15 000	0	24 999
	Bruk av bundne investeringsfond	<u>13</u>	-6 857	-46 081	0	-51 165
22	Avsettingar til ubunde investeringsfond		0	0	0	0
	Bruk av ubundne investeringsfond		0	-17 134	-2 000	-16 823
23	Dekking av tidlegare års udekka beløp					
24	Sum overføring frå drift og netto avsettingar		-222 593	-277 215	-231 000	-273 173
25	Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp)		0	0	0	0

Bevillingsoversikter - investering, detaljert

(i :)

Investeringar i varige driftsmidlar	Rekneskap 2023	Korrigert budsjett 2023	Opphavelag budsjett 2023	Rekn 20
6001	Fellestenesta - Investering/utstyr			
6011	IT-infrastruktur	0	1 400	1 400
6013	IT-Samordna kommunikasjon	110	200	200
6016	IT-Nettverk	3 826	2 429	1 900
6017	Videokonferanserom			
602x	Program for nye digitale arbeidsformer			
6138	MVA justering	540		

L2xxx	Opprusting av bygningsmassen	37 332	40 405	30 000	6
L2202	Solenergianlegg	4 065	5 000	2 500	
I02	Sentrale styringsorgan/fellesutgifter	45 874	49 434	36 000	7
6A51	Utstyrskjøp skolar eiga finansiering	6 800			1
6C02	Undervisningsfartøy	212	1 000	22 000	
K1802	Ørsta kultur- og kompetansesenter	5 457	21 278	25 000	1
K1803	Ålesund (Sørsida) BT2	15	0	0	
K2001	Volda vgs - TPO-base	159	677	0	1
K2002	Gjermundnes vgs - driftsbygning	44 898	59 749	45 100	
K2003	Talevarslingsystem, alle skoler	19 572	21 575	12 500	
K2303	Hustadvika vgs	0	1 000	1 000	
K2304	Ulstein vgs - TPO/adm	0	1 000	1 000	
K2305	Tingvoll vgs	0	500	5 000	
K651	Spjelkavik Arena	110 374	115 266	180 900	1
K752	Hustadvika vgs - marinefag	5 946	23 444	38 000	3
K2003	Talevarslingsystem alle skoler				
M2xxx	Utstyr/universell utforming/ped. ombygging	21 453	29 783	20 000	2
N2xxx	Utstyr etter fagfornyinga	5 034	8 000	8 000	
Z2xxx	Avsetningsprosjekt				
I03	Vidaregåande skolar	219 921	283 272	358 500	12
6A30	Tannhelse - oppr./nye klinikkar 10 år	1 423	4 125	3 000	
6A31	Tannhelse - utstyr	2 119	2 305	2 000	
T1901	Distriktstannklinikk Hareid				
6A33	Distriktstannklinikk Aure				
6A34	Distriktstannklinikk Sykkylven				
6A35	Distriktstannklinikk Valderøy		200	200	
I04	Tannhelse	3 543	6 630	5 200	
6132	Kulturavdelinga investering/utstyr	0	0	0	
I05	Kultur	0	0	0	
6B40	Fylkesveggar - store prosjekt: Todalsfjorden	4 938	4 021	6 500	
6B40	Fylkesveggar - store prosjekt: Kjerringsundet	9 610	12 381	50 000	

6B39	Fylkesveggar - store prosjekt: Nordøyvegen	19 943	43 138		85
6B38	Bypakke Ålesund	46 621	74 293	70 000	2
6B36	Skredsikring	243 951	245 827	281 400	38
6B35	Fylkesveggar	948 473	1 195 113	1 318 300	73
6xxx	Investering kollektiv	25 356	41 626	47 400	2
K22xx/K23xx	Bussdepot	96 938	143 210	170 000	1
K2301	Trafikkterminal Kristiansund	-17	917		
K2202	Kollektivknutepunkt Kristiansund	2 468	1 153		
I07	Samferdsel	1 398 281	1 761 679	1 943 600	2 04
6A00	Fagskolen i Møre og Romsdal 10 år	4 387	5 317	4 000	
I08	Fagskolen	4 387	5 317	4 000	
	TOTALT	1 672 006	2 106 332	2 347 300	2 25

(i 1000 kr.)

	Tilskot til andres investeringar	Rekneskap 2023	Korrigert budsjett 2023	Opphavelg budsjett 2023	Rekneskap 2022
6138	MVA-justering	232			411
I02	Sentrale styringsorgan/fellesutgifter	232	0	0	411
	TOTALT	232	0	0	411

	Investering i aksjar og andelar	Rekneskap 2023	Korrigert budsjett 2023	Opphavelg budsjett 2023	Rekneskap 2022
6137	Finansieringsutgifter	4 889	17 134	2 000	54 349
I02	Sentrale styringsorgan/fellesutgifter	4 889	17 134	2 000	54 349
	TOTALT	4 889	17 134	2 000	54 349

	Utlån	Rekneskap 2023	Korrigert budsjett 2023	Opphavelg budsjett 2023	Rekneskap 2022
6137	Finansieringsutgifter	139			2 469
I02	Sentrale styringsorgan/fellesutgifter	139	0	0	2 469
	TOTALT	139	0	0	2 469

Balanse

(i 1000 kr.)

Kap.	Note	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022
EIGEDELAR			
2.2	A. Anleggsmidler		
	<i>I. Varige driftsmidler</i>		
2.27	Faste eiendomar og anlegg	15 583 510	14 517 773
2.24	Utstyr, maskinar og transportmiddel	291 904	268 116
	<i>II. Finansielle anleggsmidler</i>		
2.21	Aksjar og andelar	156 809	172 198
2.23	Obligasjonar		
2.22	Utlån	2 401	2 262
2.28	<i>III. Immaterielle eigedelar</i>		
	<i>IV. Pensjonsmidlar</i>		
2.20	Pensjonsmidlar	2 959 824	2 741 791
	Sum anleggsmidler	18 994 449	17 702 140
2.1	B. Omløpsmidlar		
	<i>I. Bankinnskott og kontantar</i>		
2.10	Kasse og bankinnskott	2 039 833	2 183 852
	<i>II. Finansielle omløpsmidlar</i>		
2.18	Aksjar og andelar	46 634	39 867
2.11	Obligasjonar	17 775	16 577
2.11	Obligasjonar med flytande rente (FRN)	86 687	82 253
2.12	Sertifikat	146 789	140 135
2.15	<i>Derivater</i>		
	<i>III. Kortsiktige fordringar</i>		
2.13	Kundefordringar	119 617	102 163
2.16	Andre kortsiktige fordringar	382 156	415 832
2.19	Premieavvik	180 404	38 249
	Sum omløpsmidlar	3 019 896	3 018 928
	SUM EIGEDELAR	22 014 345	20 721 068
EIGENKAPITAL OG GJELD			
2.5	C. Eigenkapital		
	<i>I. Eigenkapital drift</i>		
2.56	Disposisjonsfond	726 953	901 613
2.51	Bundne driftsfond	251 165	256 092
	<i>II. Eigenkapital investering</i>		
2.53	Ubundne investeringsfond	183 119	183 120
2.55	Bundne investeringsfond	25 779	10 437

<i>III. Anna egenkapital</i>				
2.5990	Kapitalkonto	<u>2</u>	6 576 005	6 001 717
2.581	Endring i rekneskapsprinsipp (drift)	<u>3</u>	-40 947	-40 947
2.580	Endring i rekneskapsprinsipp (inv.)	<u>3</u>	-58 585	-58 585
Sum egenkapital			7 663 489	7 253 447
2.4	D. Langsiktig gjeld			
<i>I. Lån</i>				
2.45	Gjeld til kredittinstitusjonar	<u>8,9</u>	6 885 160	6 651 930
2.41	Obligasjonslån	<u>8,9</u>	544 595	544 595
2.43	Sertifikkatlån	<u>8,9</u>	2 252 000	1 717 000
	Andre lån	<u>9</u>	64 570	113 270
<i>II. Pensjonsforpliktingar</i>				
2.40	Pensjonsforpliktingar	<u>11</u>	2 919 424	2 868 418
Sum langsiktig gjeld			12 665 749	11 895 213
2.3	E. Kortsiktig gjeld			
<i>I. Kortsiktig gjeld</i>				
2.35	Leverandørgjeld		613 056	459 670
2.32	Anna kortsiktig gjeld		1 072 050	1 112 738
2.39	Peremieavvik			
Sum kortsiktig gjeld			1 685 106	1 572 408
SUM EIGEKAPITAL OG GJELD			22 014 345	20 721 068
<i>F. Memoriakonti</i>				
2.9100	Ubrukte lånemidlar	<u>1</u>	247 305	194 789
2.9999	Motkonto for memoriakonti		-247 305	-194 789
Sum memoriakonti			0	0

Toril Hovdenak Grete Rødal

Toril Hovdenak -
fylkeskommunedirektør

Grete Rødal - rekneskapsjef

Budsjettavvik og disponeringar - drift

(i 1000 kr.)

		Rekneskap 2023
1	Netto driftsresultat	58 347

2	Avsetningar til bundne driftsfond	-377 816
3	Bruk av bundne driftsfond	382 743
4	Overføring til investering i henhold til årsbudsjett og fullmakter	-237 935
5	Avsetning til disposisjonsfond i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	-206 481
6	Bruk av disposisjonsfond i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	325 021
7	Budsjettert dekning av tidlegare års meirforbruk	0
8	Årets budsjettavvik (meir- eller mindreforbruk før strykingar)	-56 121
9	Stryking av overføring til investering	0
10	Stryking av avsetningar til disposisjonsfond	56 120
11	Stryking av dekning av tidlegare års meirforbruk	0
12	Stryking av bruk av disposisjonsfond	
13	Meir- eller mindreforbruk etter strykingar	0
14	Bruk av disposisjonsfond for reduksjon av årets meirforbruk etter strykingar	0
15	Bruk av disposisjonsfond for inndecking av tidlegare års meirforbruk	0
16	Bruk av mindreforbruk etter strykingar for dekning av tidlegare års meirforbruk	0
17	Avsetning av mindreforbruk etter strykingar til disposisjonsfond	0
18	Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	0

Budsjettavvik og disponeringar - investering

(i 1000 kr.)

		Rekneskap 2023
1	Sum utgifter og inntekter eksklusiv bruk av lån	1 236 376
2	Avsetningar til bundne investeringsfond	22 199
3	Bruk av bunde investeringsfond	-6 857
4	Budsjettert bruk av lån	-1 260 800
5	Overføring frå drift i henhold til årsbudsjett og fullmakter	-237 935
6	Avsetningar til ubunde investeringsfond i henhold til årsbudsjett og fullmakter	0
7	Bruk av ubunde investeringsfond i henhold til årsbudsjett og fullmakter	-17 134
8	Dekking av tidlegare års udekkede beløp	0
9	Årets budsjettavvik (udekkede eller udisponert beløp før strykingar)	-264 150
10	Stryking av avsetningar til ubunde investeringsfond	0
11	Stryking av bruk av lån	247 016
12	Stryking av overføring frå drift	0
13	Stryking av bruk av ubunde investeringsfond	17 134
14	Udekkede eller udisponert beløp etter strykingar	0
15	Avsetting av udisponert beløp etter strykingar til ubunde investeringsfond	0
16	Framført til inndecking i seinare år (udekkede beløp).	0

Notar

Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Rekneskapen er avlagt i henhold til god kommunal rekneskapskikk, herunder kommunale rekneskapsstandardar (KRS) utgitt av Foreningen for god kommunal regnskapsskikk (GKRS).

Kommunerekneskapen er finansielt orientert, og skal vise all tilgang på og bruk av midlar i året. Inntekter og utgifter skal tidsmessig plasserast i det året som følger av anordningsprinsippet. Anordningsprinsippet betyr at alle kjende utgifter og inntekter i løpet av året som gjeld kommunens verksemd skal gå fram av drifts- eller investeringsregnskapet i året enten dei er betalt eller ikkje. For lån er likevel berre den delen som er brukt i året ført i investeringsrekneskapen. Den delen som ikkje er brukt er registrert som memoriapost.

Vesentlege utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar som ikkje kan fastsetjast eksakt ved rekneskapsavslutninga, blir registrert med eit rundt rekna beløp i årsrekneskapen.

Klassifisering av anleggsmidlar, omløpsmidlar og gjeld

Anleggsmidlar er eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk i fylkeskommunen. Andre eigedelar er omløpsmidlar. Driftsmidlar blir ført som anleggsmidlar når anskaffingskost er minimum 100 000 kroner og har ei økonomisk levetid på minst 3 år.

Utgifter som påløp for å oppretthalde anleggsmiddelets relative standard utgiftsførast i driftsrekneskapen. Utgifter som representerer ei standardheving av anleggsmiddelet ut over standarden ved anskaffinga utgiftsførast i investeringsrekneskapen og aktiverast på anleggsmiddelet i balansen. Alle nye anlegg, både fylkesveggar, tunellar og bruer og skolebygg utgiftsførast i investeringsrekneskapen og aktiverast som anleggsmiddel i balansen. Større rehabiliteringar som får anleggsmiddelet eller vesentlige delar av dette til å framstå som heilheitleg nytt, og gir ei auke i forventta utnyttbar levetid, utgiftsførast i investeringsrekneskapen og aktiverast på anleggsmiddelet i balansen, sjølv om rehabiliteringa kan innehalde element av vedlikehald. Løpande reparasjons- og vedlikehaldsutgifter som ikkje gir antatt auke i verdien eller levetida på anleggsmiddelet utgiftsførast i driftsrekneskapen. Enkelte utgifter ligg i grenseland mellom investering og drift og det gjerast da ei konkret vurdering for den aktuelle utgifta. Ei forventta auke i anleggsmiddelets levetid kan da være avgjerande for vurderinga.

Fordringar knytt til eigen vare- og tenesteproduksjon og marknadsbaserte verdipapir som inngår i ei handelsportefølje er omløpsmidlar. Aksjar og andelar i bedrifter som fylkeskommunen har ei spesiell interesse av å engasjere seg i er klassifisert som anleggsmidlar.

Langsiktig gjeld er lån i samsvar med §14-14 i kommunelova med unntak av eventuell likviditetstrekkrett/likviditetslån, jf. kl § 14-15 3. ledd. All anna gjeld er kortsiktig gjeld. Neste års avdrag på utlån inngår i anleggsmidlar og neste års avdrag på innlån inngår i langsiktig gjeld.

Anskaffingskost

Alle eksterne utgifter som er ei direkte konsekvens av anskaffinga blir behandla som ein del av kostprisen. Interne utgifter til løn som er direkte relatert til det aktuelle prosjektet inngår i kostprisen. Løn er belasta med ei kalkulatorisk timesats som inkluderar sosiale kostnader og indirekte kostnader som husleige mm. Ved lånefinansiering av investeringar er renteutgifter lagt til anskaffingskost i samsvar med anbefalt løysing i KRS nr. 2. for store vegprosjekt (byggjelånsrente). Store vegprosjekt er definert som nye veglenker med budsjettert anskaffingskost på meir enn 1 mrd. kroner. Renteutgifta er fastsett som fylkeskommunens gjennomsnittlege lånerente multiplisert med lånefinansiert andel av samla investeringsutgifter, tatt hensyn til prosjektets framdrift. Renteutgifta utgiftsførast i investeringsrekneskapen og aktiverast som ein del av anskaffingskost på anleggsmiddelet. For tida er ingen slike prosjekt under bygging. Øvrige byggjelånsrenter inngår ikkje og førast som ordinære renter i driftsrekneskapen.

Vurderingsreglar

Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar er vurdert til verkeleg verdi. Andre omløpsmidlar er vurdert til lågaste verdi av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Uteståande fordringar er vurdert til pålydande med frådrag for venta tap.

Anleggsmidlar er vurdert til brutto anskaffingskost. Ved varig verdifall som antas å ikkje være forbigåande blir det gjort ei nedskrivning til verkeleg verdi.

Avskrivningar

Anleggsmidlar med begrensa økonomisk levetid blir avskrivne med like store årlege beløp over antatt utnyttbar levetid for eigedelen. Avskrivning startar året etter aktivering, uansett om anleggsmiddelet er tatt i bruk eller ikkje. Avskrivningsperiodane følgjer i utgangspunktet § 3-4 i forskrift

om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsmelding for kommuner og fylkeskommuner, men der levetida på anlegget er lågare enn normal avskrivningstid, settes avskrivningstid til forventa utnyttbar levetid. For anlegg som består av mange komponentar blir avskrivningstida i praksis berekna til ein gjennomsnittleg levetid for alle komponentane.

Normal avskrivningstid:

It-utstyr, kontormaskinar ol.	5 år
Inventar og utstyr, transportmiddel, maskiner ol.	10 år
Større nyttekjøretøy, anleggsmaskinar mv.	20 år
Skolar, vegar, bustader ol.	40 år
Adm.bygg, kulturbygg, forretningsbygg ol.	50 år

Mva-plikt og mva-kompensasjon

Delar av tenesteområda, til dømes bruttoavtalar med trafikkelskap om levering av kollektiv transport og tannhelsestenester til vaksne mot betaling, kjem inn under mva-lova. For den øvrige verksemda får fylkeskommunen mva-kompensasjon.

Fleirårlege tilskot til andres investeringar

Fleirårlege tilskot til å dekke renter og avdrag på lån til finansiering av andres investeringar blir ført i driftsrekneskapen det enkelte år tilskota blir utbetalt.

Endra rekneskapsprinsipp

Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen blir ført direkte mot eigen konto under eigenkapitalen.

Organisering av fylkeskommunens verksemd

Fylkeskommunen er underlagt politisk styring med fylkestinget som øvste organ og fylkesordførar som øvste leiar. Fylkeskommunedirektøren er administrasjonssjef og leier dei administrative einingane i fylkeskommunen.

Fylkeskommunen er delt inn i fire linjeavdelingar (kompetanse og næring, samferdsel, kultur og tannhelse) og fire stabsavdelingar (stab for strategi og styring, stab for organisasjon og tenesteutvikling, stab for juridiske og administrative tenester og bygg- og eigedomstenester).

Møre og Romsdal fylkeskommune driv 21 vidaregåande skuler, 1 fagskule og 27 tannhelseklinikkar.

Den samla verksemda til fylkeskommunen er i hovudsak organisert innanfor fylkeskommunens ordinære organisasjon. Fylkeskommunen har ikkje oppretta egne fylkeskommunale føretak (FKF).

Heileigde aksjeselskap og interkommunale selskap fylkeskommunen er medeigar i:

	Eigardel
AS Kirkegaten 1A, Kristiansund	100,0 %
Møre og Romsdal Utvikling AS, Kristiansund	100,0 %
Ocean Industry School AS, Ålesund	100,0 %
MRFK Holding AS	100,0 %
Ocean Seaweed Centre AS	100,0 %
GassROR IKS, Aukra	11,1 %
IKA Møre og Romsdal IKS, Ålesund	17,1 %
VIGO IKS, Skien	9,1 %

Møre og Romsdal fylkeskommune har fem heileigde aksjeselskap. AS Kirkegaten 1A i Ålesund ble kjøpt i 2017 med formål om å sikre tenleg areal for mogleg vidareutvikling av bygget til museumsføreemål. Stiftelsen Kulturkvartalet driv i dag museum i bygget. Møre og Romsdal Utvikling AS er etablert med føremål å leggje til rette for samfunnsmessige utviklingsprosjekt. Ocean Industry School AS er etablert for å auke elevanes kunnskap om, og interesse for, de arbeids- og karrieremulegheitane som finns i dei havbaserte næringane. MRFK Holding AS (tidlegare Møre og Romsdal Sårkornfond AS) blei overdradd til fylkeskommunen vederlagsfritt i 2022 som oppgjer for lån fylkeskommunen hadde på selskapet, slik at fylkeskommunen indirekte overtok eigarandelane i dei underliggende selskapa. Føreemålet er eigarskap i aksjar. Ocean Seaweed Centre AS har som føremål å yte service- og rådgivningstenester knytt til dyrking og bearbeiding av makroalgar.

Møre og Romsdal fylkeskommune er medeigar i tre interkommunale selskap. GassROR IKS har til formål å medverke til utvikling av fysisk infrastruktur og tilrettelegging for næringsutvikling i regionen. IKA Møre og Romsdal IKS er eit interkommunalt selskap eigd av alle kommunane i fylket og Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå medlemane blir teke vare på og gjort tilgjengeleg til ulike formål og har forretningsadresse Ålesund. Eigardelane blir justert kvart fjerde år på grunnlag av folketal, og fylkeskommunen sin eigardel er no 17,1%. VIGO IKS vart stifta i 2012 for å oppnå gode, enkle og framtidsette IKT-system for eigarar og brukarar.

Samarbeid med andre:

Møre og Romsdal deltar saman med alle fylkeskommunane utanom Oslo i samarbeidet Nasjonal digital læringsarena NDLA. Hordaland fylkeskommune er kontorkommune.

Kollektiv transport

Møre og Romsdal fylkeskommune har inngått avtalar med private trafikkelskap om levering av kollektiv transport, skoleskyss og TT-tenester. Fylkeskommunen har bruttokontraktar, det inneber at fylkeskommunen har ansvar for inntektssida.

Sammanlikningstal

Rekneskapen for 2022 og 2023 er satt opp etter same prinsipp og same obligatoriske oppstillingar.

Note 1 Endring i arbeidskapital

(i 1000 kr.)			
Balanserekneskapet :	31.12.	01.01.	Endring
2.1 Omløpsmidlar	3 019 896	3 018 928	
2.3 Kortsiktig gjeld	1 685 106	1 572 408	
Arbeidskapital	1 334 790	1 446 520	-111 730
Drifts- og investeringsrekneskapet :			Beløp
Driftsregnskapet			
Sum driftsutgifter			6 926 543
Sum driftsinntekter			7 504 757
Netto finansutgifter			519 866
Netto driftsresultat			58 347
Investeringsrekneskapet			
Sum investeringsutgifter			1 677 266
Sum investeringsinntekter			1 454 673
Netto utgifter videreutlån			0
Netto utgifter i investeringsrekneskapet			-222 593
Netto tilgang/bruk i drifts- og investeringsrekneskapet			-164 246
Endring ubrukte lånemidlar (auke +/reduksjon-)			52 516
Endring i rekneskapsprinsipp ført direkte mot eigenkapital			0
Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsrekneskapet			-111 730
Differanse			0

Note 2 Kapitalkonto

Kapitalkonto	31.12.2023	1.1.2023	Endring
Anleggsmidler	18 994 450	17 702 140	1 292 310
Langsiktig gjeld	-12 665 749	-11 895 213	-770 537
Endring i ubrukte lånemidler	247 305	194 789	52 516
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker anleggsmidler			0
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker langsiktig gjeld			0

Kapitalkonto spesifisert

(i 1000 kr.)

Saldo 01.01.	6 001 717
Auke av kapitalkonto (kreditposteringsar)	
Aktivering av fast eigedom og anlegg	1 589 578
Reversert nedskrivning av fast eigedom og anlegg	0
Aktivering av utstyr, maskinar og transportmidlar	80 302
Kjøp av aksjar og andelar	3 033
Reversert nedskrivning av aksjar og andelar	0
Utlån	139
Aktivert eigenkapitalinnskot pensjonskasse	1 856
Avdrag på eksterne lån	346 769
Auke pensjonsmidlar	218 033
Reduksjon pensjonsforpliktingar	
Nedskrive lån	
Reduksjon av kapitalkonto (debetposteringsar)	
Avgang fast eigedom og anlegg	0
Av- og nedskrivning av fast eigedom og anlegg	523 841
Avgang utstyr, maskinar og transportmidlar	365
Av- og nedskrivning av utstyr, mask. og transportm.	56 149
Avgang aksjar og andelar	10 756
Nedskrivning av aksjar og andelar	9 523
Avdrag på utlån	0
Avskrivning utlån	0
Reduksjon eigenkapitalinnskot pensjonskasse	0
Bruk av midlar frå eksterne lån	1 013 784
Reduksjon pensjonsmidlar	0
Auke pensjonsforpliktingar	51 006
Urealisert kurstap utenlandslån	0
Saldo 31.12.	6 576 005

Note 3 Vesentlege endringar i rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat og vesentlege korrigeringsar av tidlegare års feil

Konto for endring av rekneskapsprinsipp

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp førast mot eigne eigenkapitalkontoar for endring av rekneskapsprinsipp. Positiv saldo på desse kontoane kan ikkje disponerast og negativ saldo skal ikkje dekkast inn. Det har ikkje vært endringar i rekneskapsprinsipp i 2023.

Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen:

(i 1000 kr.)

	2023	2022	2021
Rest feriepengar 1992	58 585	58 585	58 585
Investeringsdel	58 585	58 585	58 585
Varelagre (sjukehus, apotek)	25 086	25 086	25 086
Renter påløpt 2000, betalt i 2001	20 661	20 661	20 661
Mva-kompensasjon for 1999	-12 845	-12 845	-12 845
Lærlingetilskot hausten 2001	8 045	8 045	8 045
Driftsdel	40 947	40 947	40 947

Note 4 Varige driftsmidlar

(i 1000 kr.)

	IT-utstyr, kontor- maskinar	Anleggs- maskinar mv.	Boliger, skoler, veier	Veg	Adm.- bygg mv.	Tomte- områder	SUM
Anskaffingskost 01.01.2023	187 881	454 384	3 760 562	14 726 348	46 782	7 930	19 183 887
Akk avskrivningar 1.1	-136 677	-237 345	-1 243 357	-2 725 867	-18 442		-4 361 688
Netto akk. og rev. nedskrivningar 1.1		-126	-874	-35 310			-36 310
Bokført verdi pr 1.1.2023	51 204	216 913	2 516 331	11 965 171	28 340	7 930	14 785 889
Årets tilgang	31 549	48 752	216 192	1 371 341	2 046		1 669 880
Årets avgang		-365					-365
Årets avskrivningar	-16 908	-39 241	-95 202	-415 412	-939		-567 702
Årets nedskrivningar				-12 288			-12 288
Reverseringar av nedskrivningar							
Bokført verdi pr. 31.12.2023	65 845	226 059	2 637 321	12 908 812	29 447	7 930	15 875 414
Tap ved sal av anleggsmidler							
Gevinst ved sal av anleggsmidler							
Utnyttbar levetid, inntil	5 år	10 år	40 år	40 år	50 år		
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Ingen avskr.	

Løn til egne tilsette

Løn til egne tilsette er belasta investeringsprosjekt og aktivert med 79,6 mill. kroner (72,6 mill. kroner i 2022).

Nedskrivningar

I forbindelse med Nordøyvegprosjektet er det gjennomført omklassifisering av veg kor fylkeskommunen har hatt investeringar. Sidan fylkeskommunen ikkje lenger eig dei aktuelle vegane er det gjennomført nedskrivning av anleggsmidler med 12,288 mill. kroner.

Vederlagsfri overtaking av vegprosjekt

I forbindelse med vederlagsfri overtaking av vegprosjekt forskotert og utført av andre er det i 2023 utgiftsført i investeringsrekneskapen og aktivert følgjande:

(i 1000 kr.)

Kulvert FV 45, Volda kommune	1 590
Totalt	1 590

Tilsvarende beløp er ført som inntekt under "Overføringar" i investeringsrekneskapen.

Note 5 Aksjar og andelar i varig eige

Aksjar og andelar som er bestemt til varig eige og er næringspolitisk eller samfunnmessig motivert blir klassifisert som anleggsmidler.

(i 1000 kr.)

Selskapets namn	Eigarandel i selskapet	Balanseført verdi 31.12.2023	Balanseført verdi 01.01.2023	Opphavelg kostpris
-----------------	---------------------------	------------------------------------	------------------------------------	-----------------------

100% eigde selskap:				
AS Kirkegaten 1 A (917623716)	100,0 %	15 897	15 897	15 897
Møre og Romsdal Utvikling AS (996345084)	100,0 %	107	107	107
Ocean Industry School AS (889280662)	100,0 %	100	100	100
Trafikkterminalen i Kristiansund AS (981320018)		0	10 756	10 756
MRFK Holding AS (991173110)	100,0 %	15 500	15 500	39 775
Ocean Seaweed Centre AS (931939858)	100,0 %	3 000	0	3 000
Andelar i IKS:				
GassROR IKS (989633902)	16,7 %	200	200	200
Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (982330459)	17,1 %	0	0	0
Vigo IKS (998283914)	9,1 %	0	0	0
Deleigde selskap:				
Akvainvest Møre og Romsdal AS (991498281)	1,2 %	104	104	104
AS Regionteateret i Møre og Romsdal (930569046)	44,0 %	264	264	264
Astero AS (919635657)	31,0 %	0	370	370
Brisk AS (925996432)	0,0 %	0	150	150
Braathallen AS (968018590)	30,0 %	30	30	30
Bølgen Invest AS (986606890)	5,0 %	1 900	1 900	4 500
Campus Kristiansund Drift AS (928827347)	50,0 %	250	250	250
Festspillene i Kristiansund AS (820693922)	25,0 %	0	300	300
Fjord Norge AS (966091118)	8,9 %	370	370	370
Fosnaporten AS (983825281)	10,0 %	0	20	20
Furene Holding AS (926080377)	10,6 %	0	30	30
Fylkeshuset AS (930591114)	51,0 %	51	51	51
Geitbåt Eiendom AS (915726879)	0,0 %	0	0	6 200
Halsafjordsambandet AS (996199665)	12,4 %	0	0	263
Hareid Fastlandssamband AS (939743863)	3,3 %	0	0	300
Hellesylt Turist og beredskapskai AS (929349415)	33,3 %	0	5 000	5 000
Helseinnovasjonssenteret AS (923766553)	16,7 %	150	150	150
Høgskolesenteret i Kristiansund AS (991237313)	18,2 %	22	22	22
Imarfinans AS (977237432)	0,0 %	0	13	13
Kommunekraft AS (866818452)	0,3 %	1	1	1
Langfjordforbindelsen AS (886281692)	22,0 %	0	0	2 331
Molde Bærekraftshub AS (929667417)	50,0 %	7 000	7 000	7 000
Molde Lufthavnutvikling AS (985615462)	1,3 %	0	240	240
Muritunet AS (961721652)	22,3 %	3 200	3 200	3 200
Møbelkraft AS (913581628)	0,0 %	0	0	2 000
Møre og Romsdal Revisjon SA (923746552)	20,1 %	700	700	700
Møreaksen AS (942390742)	20,3 %	0	0	1 500
Møreforskning AS (991436502)	47,5 %	5 200	5 200	5 200

Nasjonalt Vindenergiser Smøla AS (996153185)	33,3 %	0	500	500
Nordic Light Event AS (989685414)	36,4 %	0	172	1 650
Nordmørsmusea AS (930544582)	40,0 %	0	600	600
Norsk Fjordsenter AS (967715328)	41,4 %	2 390	2 390	5 700
Norsk Tindesenter Eiendom AS (992524685)	34,5 %	10 100	10 100	10 100
OMKK Eiendom AS (0925174475)	41,7 %	12 500	12 500	12 500
Operaen i Kristiansund AS (963886705)	29,4 %	820	820	820
Protomore Kunnskapsark AS (981036093)	4,8 %	700	700	700
Riss Testlab AS (976778200)	28,2 %	200	200	200
Rovdefjordsambandet AS (996605949)	3,8 %	0	250	250
Runde Miljøbygg AS (989736027)	25,9 %	2 349	2 349	3 900
Runde Miljøsender AS (987410752)	40,0 %	400	400	800
Svorka Holding AS (923819126)	25,0 %	10 325	10 325	10 325
The North West AS (919549904)	20,6 %	0	262	1 300
Tingvoll Økopark Eiendom AS (916176678)	43,1 %	4 026	4 026	7 500
Tjeldbergodden Utvikling AS (979615361)	3,9 %	500	500	500
Todalsfjordprosjektet AS (946532347)	59,6 %	0	0	5 000
Trollheim AS (991323848)	37,7 %	0	100	100
United Cities Internship Program AS (930154482)	50,0 %	26	26	26
Varde Arbeid og Inkludering AS (926427563)	0,0 %	0	270	270
Vegamot AS (935162718)	33,3 %	1 050	1 050	1 050
Vestnorsk Filmsenter AS (974332981)	33,3 %	33	0	33
ÅKP AS (tidl. Ålesund Kunnskapsark AS) (981575679)	2,4 %	200	200	200
ÅKP Blue Innovation Arena AS (912190641)	19,2 %	0	1 246	2 000
Øvrige:				
KLP Eigenkapitalinnskott (938708606)		56 552	54 696	54 696
Innovasjon Norge - innskottskapital (986399445)	2,6 %	505	505	505
Diverse andelar		87	87	87
Sum		156 809	172 198	231 705

Kommentarar:

Der bokført verdi avvik frå opphavelig kostpris er det gjort ei nedskrivning av verdien som følgje av verdinedgang som ikkje er forventa å være forbigåande.

I 2023 er det gjennomført nedskrivning av aksjepostar for tilsamman 9,090 mill. kroner.

Det visast for øvrig til note 14 om sal av aksjar og andelar i året.

Note 6 Utlån

(i 1000 kr.)

Utlån finansiert med egne midlar	Utestående 31.12.	Utestående 01.01.	
Campus Kristiansund Drift AS	2 401	2 262	1)

Sum eigenfinansierte utlån	2 401	2 262
----------------------------	-------	-------

1) I samband med avtale om ansvarleg lån mellom Campus Kristiansund Drift AS og Møre og Romsdal fylkeskommune er det utbetalt eit lån stort 2,25 mill. kroner i 2022. Berekna renter leggjast årleg til lånesaldo. Lånet skal gjerast opp når selskapets likviditetssituasjon tilseier det, og seinast innan 7. november 2031.

Note 7 Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar og derivater

(i 1000 kr.)

Aktivklasse	Finansforvaltningsreglement	Anskaffingskost	Balansført verdi 31.12.	Balansført verdi 01.01.	Resultatfordeling
Aksjefond	Pkt. 2c	19 435	46 634	39 867	6 7
Pengemarknadsfond	Pkt. 2a og 2c	210 972	233 477	222 388	7 5
Obligasjonar	Pkt. 2c	18 352	17 775	16 577	1
Totalt		248 759	297 886	278 832	14 4

* Pengemarknadsfond inkluderar sertifikat og obligasjonar/rentepapirar med flytande rente.

Marknadsbaserte verdipapir (m.a. sertifikat/pengemarknadsfond, obligasjonar og aksjar) er klassifisert som omløpsmiddel og vurdert til verkeleg verdi. Verkeleg verdi er fastsett til marknadsverdi pr. 31.12 i rekneskapsåret.

Note 8 Rentesikring

Renteutgiftene på kommunens lånegjeld sikrast i samsvar med gjeldande reglement for finans og gjeldsforvaltning.

Langsiktig gjeld med fast rente

I henhold til Finansreglement for Møre og Romsdal fylkeskommune, pkt. 2.b.5. skal til ein kvar tid vere minst 30% av fylkeskommunens innlån (inklusive lån sikra med FRA'er og SWAP'er) vere til fast rente (dvs. rentebinding lenger enn 12 månadar). Lån med fast rente utgjer pr. 31.12.2023 43,35% av den totale låneportefølja. Ei spesifisert oversikt over lån med rentesatsar og bindingstid vil vere tilgjengeleg i Finansrapport for 2023.

Rentebytteavtalar

Fylkeskommunen har ikkje rentebytteavtalar på sine lån.

Note 9 Langsiktig gjeld

(i 1000 kr.)

Lånesaldo 31.12.2023	Fylkeskommunekassa	Gj.snittlig løpetid (år)	Gj.snittlig rente
Lån til egne investeringar	9 741 999	3	3,87 %
Lån til egne investeringar - forskotteringar	22 570		0,00 %
Lån til andres investeringar			
Lån til innfrielse av kausjonar			
Lån til videreutlån			
Sum bokført langsiktig gjeld	9 764 569		
Herav finansielle leigeavtalar	0		
Lån som forfaller i 2023*	2 252 000		
Herav lån som må refinansierast *	2 252 000		
Fordeling av langsiktig gjeld etter rentebetingelsar	Langs. Gjeld 31.12.2023		
Langsiktig gjeld med fast rente :	4 222 983		
Langsiktig gjeld med flytande rente :	5 519 016		
Langsiktig gjeld uten rente (forskotteringar) :	22 570		
Sum	9 764 569		

* Lån som forfaller i 2024 tilsvarar sertifikatlån, som alle må refinansierast.

Andre lån er ført opp under Langsiktig gjeld i balansen med totalt 64,570 mill. kroner. Dette gjeld forskotteringer frå kommunar og andre, samt lån frå private. Tilbakebetaling av forskotteringer skjer etter vedtak i fylkesting, normalt innan 10 år.

Lånesaldo er 18,244 mill. kroner høgare enn sum langsiktig lån i balansen. Dette skuldas at berekna minimumsavdrag ved ein inkurie vart berekna for lavt med 18,244 mill. kroner. Beløpet er rekneskapsført som avdrag og reduserer lånesaldo i balansen. Se for øvrig note 10.

Note 10 Avdrag på lån

Avdrag på lån til investeringar i varige driftsmidlar

Fylkeskommunen skal betale årlege avdrag som samla skal være minst lik størrelsen på fylkeskommunens avskrivningar i rekneskapsåret, justert for forholdet mellom størrelsen på lånegjelda og størrelsen på fylkeskommunens avskrivbare anleggsmidlar.

Berekninga gjerast ved hjelp av følgende formel:

"Sum årets avskrivningar x Lånegjeld pr. 1.1 i rekneskapsåret" delt på "Bokførte avskrivbare anleggsmidlar pr. 1.1 i rekneskapsåret".

(i 1000 kr.)

Forholdet mellom betalte avdrag og minimumsavdrag	2023	2022
Sum avskrivningar i året	567 702	481 778
Sum lånegjeld pr 1.1.	9 026 795	8 120 645
Avskrivbare anleggsmidlar pr. 1.1	14 777 959	13 009 559
Berekna minimumsavdrag	346 768	300 729
Utgiftsførte avdrag i driftsrekneskapen	346 769	318 700
Avvik	-1	-17 971

I 2023 er det tilbakebetalt forskotteringer til Sula og Ørskog kommune på tilsammen 42,7 mill. kroner. Denne tilbakebetalinga er refinansiert med låneopptak.

På grunn av ein inkurie er det betalt 18,244 mill. kroner lågare avdrag i 2023 enn berekna minimumsavdrag. Jf. kommunelova skal det utgiftsførast avdrag tilsvarande berekna minimumsavdrag, uavhengig av om betaling har skjedd. Beløpet er rekneskapsført som avdrag og satt av som kortsiktig gjeld. Det vil bli betalt ekstra avdrag på eit PT-rente lån i 2024. Avdrag belasta driftsrekneskapen er etter dette tilstrekkeleg iht berekna minimumsavdrag.

Note 11 Pensjonsforpliktingar

Generelt om pensjonsordningane i fylkeskommunen

Fylkeskommunen har kollektive pensjonsordningar i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) som sikrar ytelsesbasert pensjon for dei tilsette.

Pensjonsordninga omfattar alders-, uføre-, ektefelle-, barnepensjon samt AFP/tidlegpensjon og sikrar alders- og uførepensjon med samla pensjonsnivå på 66% saman med folketrygden. Pensjonane samordnast med utbetaling frå NAV.

Premiefond

Premiefondet er eit fond for tilbakeført premie og overskudd. Eventuelle midlar på premiefondet kan bare brukast til framtidig premiebetaling. Premiefondet går fram ikkje av rekneskapen, men bruk av fondet reduserer faktisk betalte pensjonspremiar.

(i 1000 kr.)

	2023	2022
Innestående på premiefond 01.01.	206 851	167 991
Tilført premiefondet i løpet av året	22 459	58 860
Bruk av premiefondet i løpet av året	40 000	20 000
Innestående på premiefond 31.12.	189 310	206 851

Rekneskapsføring av pensjon

Etter § 3-5 og § 3-6 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen belastast med pensjonskostnader som er berekna ut frå langsiktige forutsetningar om avkastning, lønnsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadane bereknast på ein anna måte enn pensjonspremien som betalast til pensjonsordninga, og det vil derfor normalt være forskjell mellom desse to størrelsane. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad betegnes premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. Premieavviket tilbakeføres igjen neste år.

Rekneskapsføringa av pensjon inneberer eit unntak frå dei grunnleggande prinsippa for kommunerekneskapen om at alle kjende utgifter og inntekter i året skal tas med i årsrekneskapen for vedkommande år (kl § 14-6, 2. ledd nr c). Rekneskapsføringa av premieavvik og amortisering av premieavvik har hatt innverknad på netto driftsresultat i 2023 ved at rekneskapsførte pensjonsutgifter er 157,781mill. kroner lågare enn faktisk betalte pensjonspremiar.

Bestemmelsane inneber også at berekna pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar er oppført i balansen som henholdsvis anleggsmidlar og langsiktig gjeld.

Økonomiske forutsetningar for berekning av pensjonskostnaden	KLP	SPK
Forventa avkastning pensjonsmidlar	4,00 %	3,50 %
Diskonteringsrente	3,50 %	3,50 %
Forventa årleg lønnsvekst	2,48 %	2,48 %
Forventa årleg pensjonsregulering	1,71 %	
Forventa årleg G-regulering	2,48 %	2,48 %

Spesifikasjon av samla pensjonskostnad, premieavvik, pensjonsforpliktingar og estimatavvik

(i 1000 kr.)		
Pensjonskostnad og premieavvik	2023	2022
Årets pensjonsopptening, noverdi	169 110	168 610
Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting	96 251	81 719
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	- 106 026	- 87 612
Administrasjonskostnad	6 984	6 352
A Berekna netto pensjonskostnad (inkl. adm)	166 320	169 070
B Forfalt pensjonspremie (inkl. adm.kostnader)	325 043	202 722
C Årets premieavvik (B-A)	158 723	33 652
Pensjonsutgifter i drifts- og investeringsrekneskapet	2023	2022
B Forfalt pensjonspremie (inkl. adm.kostnader)	325 043	202 722
C Årets premieavvik	-158 723	-33 652
D Amortisering av tidlegare års premieavvik	33 652	62 246
E Brutto pensjonsutgift etter premieavvik og amortisering (SUM B:D)	199 972	231 316
G Pensjonstrekk tilsette	32 709	30 692
Årets rekneskapsførte pensjonsutgift (F-G)	167 262	200 624
Akkumulert premieavvik	2023	2022
Sum gjenståande premieavvik tidlegare år (pr. 01.01.)	33 652	62 246
Årets premieavvik	158 723	33 652
Sum amortisert premieavvik dette året	- 33 652	- 62 246
Akkumulert premieavvik pr. 31.12	158 723	33 652
Arbeidsgjevaravgift av akkumulert premieavvik	21 681	4 597
Sum akkumulert premieavvik inkl. arb.g.avgift	180 404	38 249
Pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar	2023	2022
Brutto pensjonsforplikting pr. 01.01.	2 853 200	2 714 682
Estimatavvik (ført direkte mot eigenkapitalen)	-149 311	-36 121
Virkning av planendringar (ført direkte mot eigenkapitalen)		
Årets pensjonsopptening	169 110	168 610
Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting	96 251	81 719
Utbetalingar	-82 271	-75 691

Brutto pensjonsforplikting pr. 31.12.	2 886 979	2 853 200
Brutto pensjonsmidlar pr. 01.01.	2 741 791	2 658 436
Estimatavvik (ført direkte mot eigenkapitalen)	-123 781	-124 935
Virkninga av planendingar (ført direkte mot eigenkapitalen)		
Innbetalt pensjonspremie (inkl. adm.)	325 043	202 722
Administrasjonskostnad/rentegaranti	-6 984	-6 352
Utbetalingar	-82 271	-75 691
Forventa avkastning	106 026	87 612
Brutto pensjonsmidlar pr. 31.12.	2 959 824	2 741 791
Netto pensjonsforplikting pr. 31.12.	-72 845	111 409
Arbeidsgjevaravgift av netto pensjonsforplikting	32 445	15 218

Note 12 Fylkeskommunens garantiansvar

Låntakar	Sak	Formål	Långivar	Type garanti	Vedteken garanti-ramme	Tillegg for renter og omkostn.
AS Regionteatret i Møre og Romsdal	(T-28/10)	Bygg	Kommunalbanken	Skjølvskyldnar	75 000	7 500
AS Regionteatret i Møre og Romsdal	(T-28/10)	Bygg	Kommunalbanken	Skjølvskyldnar		
Stift. Molde Intern. Jazzfestival	(T-28/10)	Bygg	Kommunalbanken	Skjølvskyldnar		
Stift. Molde Intern. Jazzfestival	(T-28/10)	Bygg	Kommunalbanken	Skjølvskyldnar		
Muritunet AS	(T-84/11)	Bygg	Kommunalbanken	Skjølvskyldnar	18 600	1 860
Muritunet AS		Bygg	Kommunalbanken	Skjølvskyldnar		
Stift. Romsdalsmuseet	(T-43/13)	Bygg	Kommunalbanken	Skjølvskyldnar	74 250	7 425
Stift. Romsdalsmuseet Renteswap	(T-43/13)	Bygg		Skjølvskyldnar	15 000	
Norsk Tindesenter Eiendom AS	(T-75/14)	Bygg	Kommunalbanken	Skjølvskyldnar	10 000	1 000
Tingvoll Økopark Eiendom AS	(T-60/16)	Bygg	Kommunalbanken	Skjølvskyldnar	2 500	
Vegamot AS	(T-84/21)	Veg	Obligasjonslån (Nordic Trustee AS)	Skjølvskyldnar	720 000	80 000
Vegamot AS	(T-16/18)	Veg	Obligasjonslån (Nordic Trustee AS)	Skjølvskyldnar	1 080 000	108 000
Sum garantiansvar					1 995 350	205 785

1) I sak T-28/10 blei det gitt ei total garantiramme på 82,5 mill. kroner (inkl. 10% tillegg for renter og omkostningar) for samla opplåning som A/S Regionteatret i Møre og Romsdal og Molde International Jazz Festival tek opp til finansiering av sine eigardelar i Teater og jazzhuset i Molde (Plassen).

2) Opphavelag lån er etter første låneopptak delt opp i to lån, med føremål om gjere om ein del av lånet til eit fastrentelån.

3) Møre og Romsdal fylkeskommune stiller sjølvskyldnargaranti avgrensa til 15 mill. kr som sikkerheit for eventuelle rentebytteavtalar Romsdalsmuseet inngår knytt til lånet (T-43/13). Garantiperioden er 12 år rekna frå tidspunktet for inngåing av rentebytteavtalen/avtalane.

4) Fylkestinget vedtok i sak T- 89/16 med seinare oppdatering i sak T-84/21 å stille sjølvskyldnargaranti på 720 mill. kroner, (med tillegg av 10% av til ein kvar tidgjeldande hovudstol for dekning av renter og omkostningar, totalt 800 mill. kroner) for lån som bompengeselskapet tar opp til finansiering av Nordøyvegen. Garantien gjeld frå første opptrekk og gjennom innkrevjingsperioden på 20 år. Nordøyvegprosjektet er ferdigstilt og det vil ikkje bli gjort fleire opptrekk knytt til garantien.

Vegamot AS nyttar Nordic Trustee AS som tillitsmann for obligasjonslån. Långevar er ikkje kjent.

5) Fylkestinget vedtok i sak T-16/18 å stille sjølvskyldnargaranti på 1 190 mill. kroner for lån som bompengeselskapet tar opp til finansiering av ny E39 Lønset - Hjelset. Garantien gjeld frå første opptrekk og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år. Det er til nå trekt opp 660 mill. kr.

Vegamot AS nyttar Nordic Trustee AS som tillitsmann for obligasjonslån. Långevar er ikkje kjent.

I tillegg har fylkestinget gjort følgjande vedtak om garantiar:

Fylkestinget vedtok i sak T-32/19 (med påfølgande sak i fylkesutvalet U-147/20) å stille sjølvskyldnargaranti på 1600 mill. kroner med tillegg av 10 prosent av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av renter og omkostningar, totalt 1750 mill. kroner, til finansiering av bypakke Ålesund.

Fylkesutvalet vedtok i sak U-130/22 å stille sjølvskyldnargaranti på inntil 242 mill. kroner med tillegg av 10% til dekning av eventuelle påløpne renter og omkostningar for lån OMKK Eiendom AS tek opp for bygging av Normoria - Kulturhuset i Kristiansund. Garantiansvaret skal etter to år frå første opptrekk reduserast i takt med lånet over 28 år. Garantien vil då gjelde i 30 år med tillegg av 2 år, jf. Garantiforskriftens § 3. (Vedtaket er gjort av fylkesutvalet med heimel i Kommuneleova § 11-8, 1.ledd "hasteparagrafen").

Note 13 Bundne fond

(i 1000 kr.)

Bundne fond	Behaldning 1.1.2023	Avsetningar	Bruk av fond	Behaldning 31.12.2023
Bundne driftsfond				
<i>Kompetanse/vidaregåande opplæring</i>				
SUTD - Permitt. og ledige uten fullført vgo - Covid19 (pr. 4087)	37 611	13 806	-3 455	47 962
SUTD - KON Kvalifisering og formidling læreplass VGS (pr. 2008)	20 093	25 302	-3 462	41 933
SUTD - Tilskudd til yrkesfaglig rekvalifisering 2021 (4097)	8 661	8 123	-5 899	10 885
SUTD - Utdanning - Tilskudd til fagbrev på jobb (pr. 4090)	8 058	2 740	-5 500	5 297
SUTD - Molde Landslinje (2018)	5 349	0	-685	4 664
SUTD - Utvidet tilbud til de som ikke får læreplass (pr. 2001)	4 308	0	0	4 308
SUTD - Utdanning og Rekrutteringsstipend	3 865	178	0	4 043
SUTD - Dekom skole (p.4086) (2020)	2 932	1 200	-553	3 579
SUTD - Erasmus+ Mobilitet VET (pr. 2013)	0	2 793	0	2 793
FMR - Fagskolen MR - UMFAG-2022/10049-MOD-EL (pr. 5011)	2 198	550	-4	2 744
VKRI - Kristiansund vgs - fond sjåfør opplæring (pr. 2634)	1 139	1 240	0	2 379
FMR - Fleksible studier Maritim - Fleks 2023-10384 (pr. 3995)	0	1 712	0	1 712
VBOR - Borgund vgs - Dekom midler (pr. 2164)	454	1 035	-195	1 294
SUTD - Utdanningsavd. I Ung 20 (prosj. 4063)	1 225	0	0	1 225
FMR - Velferdsteknologi (pr. 5014)	0	1 216	0	1 216
VBOR - Borgund vgs Erasmus+ KA121-VET-000129849 (pr. 2181)	0	1 125	0	1 125
SUTD - IMDI tilskudd min språklige vaksne 2021 (4098)	798	264	0	1 062
<i>Øvrige</i>	32 645	9 940	-29 269	15 194

Sum Kompetanse/vidaregående opplæring	129 336	71 223	-49 022	153 414
<i>Næring</i>				
SNM - Fond kap. 551.60 midlar	22 126	77 734	-74 839	25 021
SNM - Vannforvaltning	8 552	0	-2 279	6 273
SNM - Fond kap. 551.61 midlar	21 922	17 568	-33 385	6 105
SNM - Interne tildelinga	8 564	0	-4 889	3 675
SNM - Fond VRI midler	3 526	0	0	3 526
SNM - Regional Forskningsfond	6 164	11 588	-16 355	1 398
SNM - Kompetansemidler for landbruk	502	4 844	-3 997	1 349
Øvrige	6 263	1 429	-4 309	1 506
Sum Næring	77 619	113 164	-140 052	48 854
<i>Kultur</i>				
SKUL - FOND - 7751, Spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet	3 218	124 540	-120 382	7 376
SKUL - 7715, Den kulturelle skolesekken grunnskole - vår	0	0	4 785	4 785
SKUL - FOND - 1988, Ein Bit av Historia	2 326	1 600	-958	2 968
SKUL - 7716, Den kulturelle skolesekken vgs - vår	0	0	2 800	2 800
SKUL - FOND - 1197, Folkehelseprogrammet	836	6 150	-4 229	2 757
SKUL - FOND - 7905, Spelemidler til lokale kulturbygg	3 647	5 857	-6 983	2 521
SKUL - FOND - 7722, Kulturlauget	1 820	3 612	-3 509	1 923
SKUL - FOND - 1155, Lokale kulturminneplaner	1 594	0	-101	1 493
Øvrige	19 602	37 294	-49 465	7 431
Sum Kultur	33 043	179 053	-178 041	34 055
<i>Samferdsel</i>				
SSAM - Forsøksprosjekt TT	8 940	8 083	-8 562	8 462
Sum Samferdsel	8 940	8 083	-8 562	8 462
<i>Tannhelse</i>				
STHT - Helsedirektoratet TOO	4 205	6 167	-7 066	3 306
Sum Tannhelse	4 205	6 167	-7 066	3 306
<i>Øvrige formål</i>				
Øvrige	2 948	125	0	3 074
Sum Øvrige formål	2 948	125	0	3 074
Sum bundne driftsfond	256 092	377 816	-382 743	251 165
<i>Bundne investeringsfond</i>				
<i>Øymerka statstilskot</i>				
Bypakke Ålesund	0	8 232		8 232
<i>Øymerka kommunale tilskot</i>				
Rundkjøring Holamyra Hustadvika kommune	0	13 911		13 911
<i>Øvrige bundne investeringsfond</i>				
Øvrige bundne investeringsfond	10 437	56	-6 857	3 636
Sum bundne investeringsfond	10 437	22 199	-6 857	25 779

Enkelte fond har ikkje hatt bevegelse eller bruk av midlar i 2023. Dette skuldast fleire ting, mellom anna forsinka progresjon, at midlar er mottekne i 2023 medan prosjekt får oppstart i 2024 eller at det av forskjellige årsakar ikkje har vore behov for å nytte midlane inneverande rekneskapsår.

Note 14 Sal av finansielle anleggsmidlar

Fylkeskommunen har i 2023 realisert følgjande aksjar:

	Trafikkterminalen Kristiansund AS	(i 1000 kr.) Totalt
Salssum	9 390	9 390
Inntektsført i driftsrekneskapen	0	0
Inntektsført i investeringsrekneskapen	9 390	9 390
Sum inntektsført salssum	9 390	9 390

Trafikkterminalen Krisitansund AS vart avvika i 2023. Ved avvikling vart selskapets eigedelar overført til fylkeskommunen. Eigedelar besto i hovudsak av ein bankkonto og ein lektur. Eigedelar utover bankinnskot vart overført til bokført verdi, som var antatt å tilsvare verkelig verdi. Totalt er det i forbindelse med avviklinga inntektsført ein salssum/likvidasjonssum på 9,390 mill. kr.

I tillegg kjem følgjande realisasjonar utan vederlag:

Imarfinans AS vart avvika i 2023. Ved avvikling vart restmidlar fordelt til Midt-norsk Fergeallianse AS og Nordre nordmøre Bru og Tunnelsselskap AS, til samferdselsføremål på Nordmøre.

Møbelkraft AS vart avvika i 2023. Ved avvikling var det ikkje att midlar i selskapet til utdeling til aksjonærane.

I tillegg til ovanstående er følgjande selskap overdratt vederlagsfritt frå fylkeskommunen til andre aksjonærar:

Brisk AS (T-21/23)

Geitbåt Eiendom AS (T-39/22)

Varde Arbeid og Inkludering AS (T-89/23)

Note 15 Ytelser til ledande personar

Ytelser til ledande personar	Lønn og anna godtgjersle	Godtgjersle for andre verv	Tilleggs- godtgjersle	Natural- ytelser	(i 1000 kr.)
Fylkeskommunedirektør	1 438	0	0	4	
Ordfører	1 556	0	0	4	

Ytelser til ledande personar inkluderar etterlønn til avtroppande ordfører ut året, etter at ny ordfører overtok vervet frå 1.11.2023.

Note 16 Godtgjersle til revisor

Fylkeskommunen sin revisor er Møre og Romsdal Revisjon SA

Godtgjersle til revisor	Fylkes-kommunekassa	(i 1000 kr.)
Finansiell og forvaltningsrevisjon		1 528
Andre undersøkelser		74
Rådgiving		0
Samla godtgjersle		1 602

Note 17 Resultatoppstillingar - tannhelsetenesta

Forutan å sørge for tannhelsetenester til prioriterte grupper iht. tannhelsetjenesteloven, behandlar tannhelsetenesta også vaksne betalende pasientar. Behandling av betalende pasientar skjer i konkurranse med privatpraktiserande tannlegar og skal ikkje være subsidiert av fylkeskommunen.

Tannhelsetenestas verksemd kan delast inn som følger:

- a) Tannhelsetenester som tilbys helt eller delvis vederlagsfritt til prioriterte pasientar
- b) Tannhelsetenester som tilbys vaksne mot betaling i områder der det ikkje føreligger anna tilstrekkeleg tilbod
- c) Tannhelsetenester som tilbys vaksne mot betaling i områder med konkurranse frå private tannlegar

Pkt. b) er vurdert å ikkje vere aktuell for tannhelsetenesta i Møre og Romsdal.

Direkte utgifter er delt på grunnlag av kor stor del betalende pasientar utgjer av samla behandla pasientar. I 2023 var andelen 4,5 prosent. Øvrige utgifter er delt med utgangspunkt i kor stor del av netto driftsutgifter (utanom avskrivningar) tannhelse utgjer av netto driftsutgifter på rammeområda samla.

Rekneskapsamandrag for dei ulike delane av verksemda

(i 1000 kr.)

	a) Offentleg tannhelse	b) Tenester av allmenn øk. betydning	c) Konkurransett
Direkte inntekter	22 628		12 332
Direkte utgifter	230 686		10 870
Henførte indirekte utgifter	7 464		235
Kapitalkostnader	11 566		545
Resultat	-227 088		681

Etter at 21-24-åringane fekk rettar i Den offentlege tannhelsetenesta har andelen vaksne betalende pasientar gått ned frå 7,5% i 2022 til 4,5% i 2023. Den nye gruppa unge vaksne skal ha tilbod om tannbehandling til 25% eigenbetaling. Ein aukande andel nyttar tilbodet, og saman med eit vedvarande høgt vakansenivå gir dette lågare kapasitet til å behandle vaksne betalende pasientar.

Note 18 Usikre forplikingar, betinga eigedelar og hendelser etter balansedagen

Vedlikehaldsetterslep på fylkesvegnettet

Fylkesvegane i Møre og Romsdal har eit omfattande vedlikehaldsetterslep, og dette aukar behovet for investeringar og vedlikehald av fylkesvegnettet, samstundes som det blir utfordrande å drifte vegane på ein effektiv måte. Statens vegvesen berekna vedlikehaldsetterslepet i 2019 til å utgjere om lag 8,6. mrd. kroner (2019-kroner). Fylkesvegavdelinga har i 2023 gjennomført ei oppdatering av forfallskartlegginga, som viser at det vil koste om lag 16,8 mrd. 2023-kroner å fjerne etterslepet. Med vidareføring av dagens løyvingar til drift og vedlikehald, vil forfallet på fylkesvegane halde fram å auke i åra framover. Dette er utfordrande både m.o.t. økonomi, sikkerheit og framkome på vegnettet. Særleg utgjer manglande oppfylling av krav etter tunnelsikkerheitsforskrifta ein risiko. Forskrifta skal sikre eit minimum sikkerheitsnivå for trafikantar i tunnel, og fylkeskommunen har fått ein forlenga frist til å innfri krava til 31.12.2024. Denne fristen vil det ikkje være mogleg å nå. Kostnaden f.o.m 2024 med oppgradering av tunnelane i samsvar med forskriftskrava er rekna til om lag 3,6 mrd. 2023-kroner. I økonomiplanperioden 2024-2027 er det føreslått ei løyving på 650 mill. kroner. Med tilsvarende løyvingar i åra som kjem, vil ikkje fylkesvegtunnelane tilfredsstille forskriftskrava før i 2042. Manglande utbedring i samsvar med krava i forskrifta gir risiko for stengde tunnelar og at tida trafikantane må leve med avvik, manglar og svakheiter i tunnelane blir vesentleg forlenga.

Tvistar

Det blei i 2022 inngått forlik med Fjord1 i sak om rabattkompensasjon. Forliket innebar ei utbetaling til fylkeskommunen på 28,4 mill. kroner. Beløpet blei innbetalt til fylkeskommunen i januar 2023. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner framleis å ha eit tilgodehavande mot Fjord1 på om lag 20,9 mill. kroner for årsoppgjera 2018 og 2019. Fjord1 meiner eit eventuelt krav for 2018 og 2019 er oppgjort i rabattkompensasjonsforliket. Fylkeskommunen bestrider dette, og tok i februar 2023 ut stevning i saka. Fylkeskommunen tapte saka, men har anka. Ankebehandling er venta å skje i mai 2024.

Tilskot til andre

Fylkestinget har gjort følgjande vedtak om å gi årlege driftstilskot til å dekke renter og avdrag til andres investeringar:

I sak T-13/09 er det gjort vedtak om å dekke renter og avdrag over 15 år (fram til 2025) på eit lån på totalt 30 mill. kroner, knytt til finansiering av kulturhuset Plassen for Teatret Vårt AS og Stiftelsen Molde International Jazz Festival. Tilskotet er begrensa oppad til 2,89 mill. kroner pr. år.

I sak T-43/13 er det gjort vedtak om å dekke renter og avdrag over 30 år (fram til 2042) på eit lån på totalt 48,5 mill. kroner, knytt til finansiering av museumsbygget Krona for Stiftelsen Romsdalsmuseet. Tilskotet dekker faktiske avdrag og renter, samt kostnader til rentesikring, og det vart i 2023 utbetalt 2,2 mill. kroner.

I sak T-12/19 er det vedtatt å gi tilskot til finansiering av Opera og kulturhus i Kristiansund (Normoria), med ein andel på 150 mill. kroner. I sak T-40/22 er Møre og Romsdal fylkeskommune sin andel oppdatert til 194,5 mill. kroner, begrunna med ekstraordinær lønns- og prisstigning. Finansieringa vil bli dekkja gjennom årlege tilskot til dekning av renter og avdrag. Tilskot vil gis første gong i 2025.

Hendingar etter balansedagen

Det føreligg ikkje anna informasjon om forhold som eksisterte på balansedagen, eller hendingar etter balansedagen som er av ei slik betydning at manglande informasjon vil påverke rekneskapsbrukarens evne til å foreta korrekte vurderingar og beslutningar på bakgrunn av årsrekneskapen.

Note 19 Spesifikasjon av vesentlege postar og transaksjonar

Spesifikasjon av andre sals- og leigeinntekter:

(i 1000 kr.)

	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Rekneskap 2022
Andre sals- og leigeinntekter:			
Inntekter kantine, kost mv vidaregåande skule	27 190	25 996	23 686
Inntekter elevarbeid mv vidaregåande skule	2 616	1 364	2 644
Sal av kurs mv	137	30	1 914
Husleigeinntekter	13 384	17 366	13 648
Kollektivinntekter buss og hurtigbåt	329 221	380 282	294 797 1)
Kollektivinntekter ferje	231 303	259 360	272 295 2)
Ymse andre inntekter	82 402	21 240	62 204
Sum	686 253	705 638	671 188

1) Kollektivinntekter buss og hurtigbåt består i hovudsak av sal av billetter til persontrafikk.

2) Kollektivinntekter ferje består av både persontrafikk og næringstrafikk.

Melding frå uavhengig revisor

Møre og Romsdal fylkeskommune sin revisor er Møre og Romsdal Revisjon SA.

[Du kan laste ned signert melding frå uavhengig revisor som pdf](#)

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Møre og Romsdal fylkeskommune som viser et netto driftsresultat på kr 58 347 033. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2023, bevilgningsoversikter drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner, for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til fylkeskommunen per 31. desember 2023, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Norge og International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under "Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet". Vi er uavhengige av fylkeskommunen i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Årsberetningen og annen øvrig informasjon

Fylkeskommunedirektøren er ansvarlig for informasjonen i årsberetningen og den øvrige informasjonen som er publisert sammen med årsregnskapet. Øvrig informasjon omfatter fylkeskommunens årsrapport. Årsrapport er ikke ferdigstilt på dato for revisjonsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen eller annen øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav og
- at opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet.

Vi henviser for øvrig til avsnittet «Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik» under uttalelse om øvrige lovmessige krav.

Fylkeskommunedirektørens ansvar for årsregnskapet

Fylkeskommunedirektøren er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med kommunelovens bestemmelser og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Kommunedirektøren er også ansvarlig for slik internkontroll som vedkommende finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver ved revisjonen av årsregnskapet vises det til www.nkrf.no/revisjonsberetninger

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av fylkeskommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Møre og Romsdal fylkeskommunes redegjørelse for vesentlige budsjettavvik, enten det skyldes beløpsmessige avvik eller avvik fra fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

For videre beskrivelse av fylkeskommunedirektørens ansvar og revisors oppgaver ved uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik vises det til www.nkrf.no/revisjonsberetninger

Om måla til fylkeskommunen

Fylkeskommunen skal både ha mål for eigen verksemd, men også sette mål for samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal.


FNs 17 berekraftsmål og dei tre berekraftsdimensjonane (miljømessig, sosial/kulturell og økonomisk berekraft), ligg til grunn for måla både i dei regionale planane og i organisasjonsstrategien. Heile plansystemet til fylkeskommunen er nå bygd på dei fire knaggane

- Samarbeidsfylket
- Miljøfylket
- Inkluderings- og kompetansefylket
- Verdiskapingsfylket

Ramma for arbeidet med planar og dermed fylkeskommunen sine mål, blir sett i [regional planstrategi](#). Det er ei lovpålagt oppgåve, og dette styringsdokumentet skal rullerast kvart fjerde år og henge saman med fylkestingsperiodane. Dokumentet seier noko om utfordringar, moglegheiter og planbehov i 12 år framover. Regional planstrategi vart vedtatt i juni 2020 (T-47/20), og her vart det valt fire langsiktige utviklingsmål for fylkeskommunen og fylket.

[Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2020-2024](#) følgjer opp dei langsiktige utviklingsmåla i RPS. Den vart vedtatt i oktober 2020 (T-64/20). Denne inneheld 24 mål som skal gjelde for 4 år og følger fylkestingsperioden. Dette er eit tverrfagleg styringsdokument. Det inneber at fagavdelingane – og hovudutvala – har eit felles ansvar for måloppnåinga. Det er dette som er kjernen i berekraftsarbeidet – å sjå sosiale, økonomiske og sosiale forhold i samanheng.

Fylkesplanen blir utdjupa gjennom ei rekke [fylkesstrategiar](#) som følgjer opp fylkesplanmåla. Desse inneheld resultatmål som blir følgt opp i Økonomiplan med budsjett og handlingsprogram.



Samarbeidsfylket

Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid

Oppsummering av status for 2023:

Fylkeskommunen er bindeleddet i norsk forvaltning og har i 2023 gjennomført ein rekke møteplassar og tilbod for å få til samarbeid, kompetanseutvikling og felles tiltak i Møre og Romsdal. Viktige samarbeidsaktørar er kommunane, Statsforvaltaren, andre statsetatar, kulturinstitusjonar, FoU-miljø og organisasjonar i arbeidslivet og frivilligheita. Digitale plattformer har auka deltakinga på desse felles arrangementa. I 2023 var utanforskap, integrering, tilbod til eldre, sirkulærøkonomi og utvikling av folkebiblioteka tema som fekk auka merksemd.

Fylkeskommunen som byggeigar er viktig samarbeidsaktør for utviklingsprosjekt i kommunane, og viktige felles prosjekt i 2023 har vore Campus Kristiansund, Sørsida i Ålesund og ny Ørsta vidaregåande skule og kulturhus.

I trafikktryggingarbeidet er det også vektlagt samarbeid med andre aktørar, for eksempel gjennom konseptet Trafikksikker kommune og sykkelopplæring i 15 grunnskolar. For tannhelse er dei 2 394 timane med førebyggjande arbeidet utanfor klinikkane og 242 besøka i helseinstitusjonar viktig samhandlingsarenaer med kommunane.

Det internasjonale samarbeidet har teke seg opp att etter pandemien, fylkeskommunen har deltatt i europeiske nettverk, interesseorganisasjonar, prosjekt og utvekslingar. Dette femner eit breitt spekter av tema, alt frå kompetansebehov i skipsbyggingsindustrien til bruk av kulturminne, gründerhjelp for ukrainarar, visualisering av klimaendringar i planlegging og ungdomsmedverking.

Det er i 2023 gjort fleire grep for å forbetre informasjonen frå fylkeskommunen, mellom anna har vi fått nye internettsider, det blir sendt ut nyheitsbrev kvar fredag og det er laga podkastar om dei store samfunnsutfordringane.

Ein viktig jobb for demokratiet i 2023 var å legge til rette for, gjennomføre og kontrollere kommune- og fylkestingsvalet. Det er også gjennomført ein brei medverknadsprosess for ny fylkesplan.

Møre og Romsdal skal utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FNs berekraftsmål

- **Møre og Romsdal 2025** arrangerte for femte gong Nyttårskonferansen for toppleiarar frå alle tre forvaltningsnivåa i Møre og Romsdal 10-11. januar. Alle kommunane deltok, dei fleste både med ordførar og kommunedirektør. I tillegg deltok leiinga frå 25 andre statlege aktørar.
- Fylkeskommunen har bistått Ålesund kommune med å etablere Klimapartner, med mål om å jobbe saman med verksemdar om det grønne skiftet.
- Det er gjennomført seks webinar om forholda mellom berekraftsmåla, berekraft i det politiske landskapet, verktøy i plan- og styringsprosessar og berekraftig areal- og naturforvaltning.

- Det er gitt samordna uttale til 1 218 plansaker, der søknader om dispensasjon frå kommuneplan og reguleringsplan utgjorde omlag 920. Det er reist motsegn til 34 saker, fire færre enn i 2022.
- Saman med Statsforvaltaren har vi sendt ut fire nyheitsbrev til planleggjarar i kommunane. [Du finn nyheitsbrev om plan på mrfylke.no](#)
- Vi har saman med Distriktssenteret og Statsforvaltaren utarbeidd eit nytt opplegg for opplæring i plan for kommunepolitikarar, der korte opplæringsfilmar er ein del av tilbodet. [Du kan lese meir om opplæringsfilmane på mrfylke.no](#)
- Fylkeskommunen har arbeidd med prosjektet "Bibliotek og berekraft i Møre og Romsdal" saman med folkebiblioteka i kommunane Sunndal, Hareid, Sula og Ålesund.
- Vi deltek i det nasjonale samarbeidsprosjektet "Formidlingskompetanse i folkebibliotek", eit prosjekt som utviklar og utvekslar kompetanse på tvers av fylkesgrensene gjennom digitalt samarbeid.
- Vi har etablert eit årleg møte for eigarar av freda hus og anlegg i Møre og Romsdal, med Foreningen Fredet og fylkeskommunen som regional kulturmiljømynde.
- Vi har laga ein avtale om forvaltning og overføring av tilskot til kommunane som forvaltar den historiske postvegen som går frå Bergen til Trondheim. [Les meir om Den Trondhjemske postvei på postvei.no](#)
- Vi har i 2023 samarbeidd med Statsforvaltaren, aktørar frå frivillig sektor og Møre og Romsdal idrettskrets i Folkehelseforum. Her blir ulike folkehelse tema løfta opp og det genererer samarbeid rundt konferansar, samlingar og kunnskapsinnhenting.
- Det er gjennomført FrivilligFORUM der fylkeskommunen samlar frivillige organisasjonar og kommunalt tilsette.
- Fylkeskommunen samarbeider med dei to fotballkretsane i fylket, idrettskretsen og Statsforvaltaren om konsekvensane av forbodet som kjem mot omsetting av gummigranulat. Dette får følger for rundt 150 banar i fylket.
- Vi samhandlar med Ålesund kommune og Sørsiden AS om utvikling av sørsiden i Ålesund. Prosjekt er i startfasen og mange aktørar vil bli involvert for å utvikle området.
- Saman med Volda kommune jobbar vi med utviklinga av Aasenkvartalet ved Høgskulen i Volda. Aasenkvartalet er meint som eit kompetansesenter for å utvikle nye næringar med utgangspunkt i lokal kompetanse bygd på mellom anna forskning ved Høgskulen i Volda.
- Ørsta kommune og fylkeskommunen samhandlar om utvikling av Ørsta vidaregåande, kulturbygg og andre skolebygg.
- Samferdselsområdet har i løpet av 2023 gjennomført møte med fleire aktørar, mellom anna med andre fylkeskommunar, kommunar, departement, ulike statlege etatar, forskingsinstitusjonar og andre organisasjonar, leverandørar og entreprenørar. Eksempel på dette er møte i forskingsprosjektet SUSTAIN og møte knytt til Bypakke Kristiansund.
- Samferdselsområdet er fast deltakar i fleire forum med andre fylkeskommunar, som til dømes Vestlandsrådet, Samarbeidsforum for samferdsel mellom Møre og Romsdal og Trøndelag, og Jernbaneforum for Dovre- og Raumabanen.
- Fylkeskommunen har eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak som fremmer trafikktryggleik. Samferdselsområdet vurderer trafikktryggleik i alle saker på offentleg ettersyn og dispensasjonssaker på høyring.
- I 2023 behandla plan- og trafikkseksjonen 1 218 saker etter plan- og bygningslova og sendte i tillegg ut 2263 brev knytt til forvaltning av vegnettet og som svar på førespurnader frå publikum.
- Innanfor det haldningsskapande trafikksikkerheitsarbeidet har det i 2023 vore lagt særleg vekt på samarbeid med andre aktørar. Eksempel på dette er å informere kommunar informere om konseptet «Trafikksikker kommune».
- Vi har vore på 15 skolebesøk i samband med prøveprosjekt med praktisk sykkelopplæring i grunnskolen i samarbeid med m.a. Trygg Trafikk, NAF og Syklistenes Landsforening.

Møre og Romsdal skal samordne dei offentlege ressursane og kompetansen for å møte samansette behov hos eldre, barn og unge, innvandrarar, personar med nedsett funksjonsevne og andre utsette grupper

- Møre og Romsdal 2025 deltok i eit forprosjekt i regi av KS sitt Partnerskap for radikal innovasjon med mål om å skape betre moglegheiter og system for unge menneske i overgangen frå ungdom til ung vaksen. Basert på arbeidet ble det utarbeidd ein prosess skildring for korleis ein kan arbeide med systemiske problem med ungt utanforskap «[Frå ungdom til ung vaksen](#)».
- Saman med Nordland fylkeskommune og Nordlandsforskning har Møre og Romsdal 2025 starta eit forprosjekt for å undersøke risikofaktorar for langvarig utanforskap frå skole og arbeidsliv. Prosjektet er det første som undersøker risikofaktorar i Norge.
- Saman med Statsforvaltaren bidrog Møre og Romsdal 2025 til to samlingar i Levekårsnettverket.
- Møre og Romsdal 2025 har etablert månadlege møte for å koordinere arbeid mot utanforskap med deltakarar frå ulike avdelingar i fylkeskommunen, KS, statsforvaltaren, NAV og Høgskolen i Molde.
- Vi leverte rapporten «Utgreiing om arbeid mot ungt utanforskap i Møre og Romsdal fylkeskommune» [basert på fylkestingsvedtaket i fylkestingssak 56/23 "strategisaka"](#) på tvers av avdelingane. [Du kan lese meir i fylkestingsak 100/23.](#)
- Saman med KS Møre og Romsdal og NAV arbeidslivssenter deltek vi i eit samarbeid for å styrke kommunane som arbeidsgivarar for unge i utanforskap.
- Vi har gjennomført to prosessar og sendt anbefaling om busetting av flyktingar til Integrerings- og mangfaldsdirektoratet.
- I samarbeid med andre regionale myndigheiter har vi gjennomført fleire møte med kommunane for å auke kompetansen om integrering. [Sjå sak 20/24 i fylkesutvalet.](#)
- Gründertenesta hoppid.no, NAV og kommunar har gjennomført to pilotar retta mot ukrainske kvinner som vil starte eigen bedrift. Du kan lese meir i artikkelen [Hjelper ukrainske kvinner til å starte bedrift \(mrfylke.no\)](#)
- Tannhelsepersonell utførte 2394 timar førebyggjande arbeid utanfor klinikkane i 2023, som er ein nedgang frå 2022. Nedgangen frå 2022 skuldast både vakanse i tannpleiarstillingar og auka vekt av screening på klinikkane for å redusere etterslep.
- Tannhelsepersonellet sin besøksfrekvens på helseinstitusjonane nærmar seg målet for den eldste pasientgruppa, målet er totalt 254 besøk og er sett i ["Strategi og tiltaksplan for folkehelsearbeidet.](#)
- I Folkehelseprogrammet er det arbeid med ei langsiktig styrking av kommunane sitt arbeid med å fremme befolkninga si helse og livskvalitet. Barn og unge, psykisk helse og rusførebygging er sentrale tema.
- Vi har deltatt i eit forprosjekt om styrketrening for eldre saman med Høgskolen i Molde, Kristiansund og Molde kommunar.
- Vi har eit tett samarbeid med folkebiblioteka i kommunane om felles innkjøpsamarbeid for e-bøker, inkludert felles finansiering og innkjøpsgruppe, koordinering og møteverksemd.
- Vi deltar i prosjektet Digin/Bibliotek24 som er eit felles nasjonalt innkjøpsamarbeid for digitale innhaldstenester i folke- og vgs-biblioteka.
- Det vart delt ut to millionar kroner til kommunar gjennom ordninga Den kulturelle spaserstokken. Målet med ordninga er å sørge for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre og medverke til at eldre får eit tilpassa kulturtilbod.
- Eldrerådet, rådet for personar med nedsett funksjonsevne og ungdomspanelet gjennomførte fellessamlinga "Eit samfunn for alle – korleis kan vi medverke" i desember.
- Det vart i 2023 tildelt tilskot til ulike prosjekt for integrering av flyktingar i Møre og Romsdal. Innhaldet i prosjekta har vore svært variert, alt frå sjakk, symjemetrening, innkjøp av e-sportutstyr, Jonsokfeiring, å få med flyktingar på ulike festivalar med meir.

Møre og Romsdal skal samarbeide med europeiske interesseorganisasjonar og aktørar for å bidra til politikktutforminga i EU, hente kunnskap og midlar til utviklingsprosjekt, samt etablere samarbeid med eit «vennskapsfylke» om berekraftmåla i EU

- Nær alle vidaregåande skolar i fylket har gjennomført internasjonale aktivitetar i 2023. EU-programmet Erasmus+ er heilt sentralt for det internasjonale engasjementet, og fylkeskommunen saman med skolane, fekk tildelt over 12 mill. kroner totalt til samarbeidsaktivitetar i Europa. [Du kan lese meir om Erasmus+ på rbnett.no](#)
- Borgund vgs. vart tildelt Willy Brandt-prisen for sitt årelange samarbeid med tyske partnarar innanfor yrkesfag. [Du kan lese meir på nettsida til Willy Brandt stiftinga](#)
- Gjennom Erasmus+ prosjektet LeaderSHIP skal vi samarbeide om kompetansebehova i europeisk skipsbyggingsindustri. Dette er eit prestisjetiltak i Erasmus+ som samlar 19 nøkkelaktørar i Europa.
- [EU-prosjektet DistanceLAB starta opp](#). Prosjektet skal utvikle digitale verktøy som skal gjere bedrifter betre på å få til fjernarbeid for samhandling og samskaping. Erfaringar frå lokalt næringsliv og klynger er henta inn, og 12 verktøy er klar for uttesting.
- [I EU-prosjektet BSI_4Women](#) samarbeider fylkeskommunen med næringslivet om eit inkubasjonsprogram for ukrainske flyktningar, med fokus på kvinnelege entreprenørar. [mrfylke- lenke](#)
- I Prosjektet Capital of Dacia – Living museum of European Cultural Heritage, med varigheit 2022-2024, har Møre og Romsdal fylkeskommune i samarbeid med Hunedoara fylke i Romania arbeidd med tema «Involving local citizens in the creation of cultural heritage assets» og «Revitalizing the monuments for younger generations».
- Fylkeskommunen er aktiv deltakar i EU-nettverket Circular Cities and Region Initiative (CCRI) gjennom prosjektet Berekraftsfylket, og deltar i tre arbeidsgrupper med forankring på tvers av avdelingar; ressurs-handtering, bygg og anlegg og industriell symbiose.
- [CREST er eit EU-prosjekt i Berekraftsfylke-satsinga](#), og der vi på visualisering av klimaendringar i kystbyar som et samfunnsplanleggingsverktøy. Det er arrangert workshopar og ei omfattande byundersøking om kristiansundarar sitt forhold til klimaendringar. Prosjektet er løfta fram av Norges Forskningsråd som eksempel på godt samarbeid mellom kommune og fylkeskommune på EUs samfunnsoppdrag på klimatilpassing.
- Ung-koordinator deltok på Partnerfinding-seminar i Tblisi, Georgia og Oslo i regi av Erasmus+ Norge/Bufdir. Dette endte i to søknadar om gjensidig ungdomsutveksling med partnarar i Vesterålen i Noreg, i Moldova og Armenia. Tema for søknadane er elevrådsarbeid og berekraft. Begge søknadane fekk tilsegn, og utvekslinga vil bli gjennomført i løpet av 2024.
- Det vart levert ein søknad for ungdomsmedarbeidarar med partnarar i Finland, Sverige og Danmark. Tema for denne søknaden var ungdomsmedverking på nasjonalt nivå. Prosjektet blir gjennomført i løpet av 2024.
- Ung-koordinator søkte òg om, og fekk plass på eit kurs i regi av Erasmus+ om kvalitet i søknadsprosess og gjennomføring av Erasmus+-prosjekt. Kurset er i januar 2024.
- Vi deltek i Nordregio si arbeidsgruppe [Green and Inclusive Urban Development in the Nordics \(2021-2024\)](#)
- [Det er utarbeidd ei eiga sak om fylkeskommunen sitt internasjonale engasjement og politisk deltaking som vart behandla i fylkesutvalet i februar 2024 \(sak 21/24\).](#)
- Årsrapport for internasjonalt arbeid 2023 blir lagt fram for fylkesutvalet 8. april

Møre og Romsdal skal ha eit levande lokaldemokrati der alle innbyggerane, uansett bakgrunn, kan vere med å påverke det

offentlege tenestetilbodet og delta i utforminga av sine lokalsamfunn

- Det er gjennomført ein brei medverknadsprosess for ny regional planstrategi og fylkesplan som skal vedtakast av fylkestinget i juni 2024. [Du kan lese meir om arbeidet med regional planstrategi og ny fylkesplan på mrfylke.no](#)
- Det vart i vår utarbeidd kunnskapsgrunnlag til ny regional planstrategi og fylkesplanen, i tillegg kunnskapsgrunnlag for plansamarbeidet på Nordmøre.
- I 2023 utvikla og lanserte vi ny brukarorientert nettside for Møre og Romsdal fylkeskommune, [mrfylke.no](#).
- I 2023 tok vi initiativ og gjennomførte nasjonal kampanje for auka valdeltaking ved kommune og fylkestingsvalet. Vidare laga vi ein podkast frå ein av skoledebattane i forkant av valet.
- Fylkesvalstyret godkjente 16 listeforslag til fylkestingsvalet 2023. [Det var 210 629 som hadde rett til å stemme ved valet i Møre og Romsdal valdistrikt. Frammøteprosenten ved valet var 56,6 prosent](#)
- Vi streama dei fire fylkestingssamlingane, og enkelte møte i utval som har vore gjennomført som fjernmøte jf. Kommunelova § 11-7.
- Vi har laga fleire podkastar med ulike tema knytt til samfunnsutvikling og vi har laga podkastintervju med den nye fylkesordføraren.
- Vi har utvikla og køyrt ei kampanje "Trill terning" i sosiale medium, der vi gjennom spørjeskjema, har oppmoda innbyggjarar om å kome med innspel til regional planstrategi.
- Det er gjennomført eit forprosjekt med mål om å utvikle ein felles statistikkportal for Møre og Romsdal.
- [Som grunnlag til samfunnsdebatten og avgjerder i fylkeskommunen og kommunen er det utarbeidd fylkesstatistikk og kommunestatistikk](#)
- Det er gjennomført tre regionale dialogmøte om ung medverknad for dei som jobbar med ungdomsråda i kommunane.
- Det er gjennomført åtte samlingar for ungdomspanelet. Aktiviteten i 2023 vil ligge i årsrapporten som blir lagt fram på Ungdommens fylkesting i mars 2024.
- [Fylkeskommunen har deltatt i KS sitt kommunenettverk for universell utforming, der det blir delt informasjon om universell utforming av bygg, uteområde og sosiale møteplassar.](#)
- I satsinga Kulturminne i kommunane har fleire kommunar engasjert innbyggjarar og frivillige til å bidra med synspunkta sine på kva som er viktige kulturmiljø i sine lokalsamfunn. Fylkeskommunen har vore rettleiar og tre kommunar har vedtatt planane politisk.
- UFA (ungdommen sine fylkesarrangørar i UKM) er 18 engasjerte unge frivillige mellom 15 og 20 år frå heile fylket. Dei var essensielle i all planlegging av fylkesfestival i Ung Kultur Møtes, og for gjennomføring av sjølve festivalen.
- Fylkeskommunen samarbeider med kommunane og den vidaregåande skolen om samansetting av program for Den kulturelle skolesekken.
- Det har blitt arrangert to kompetansehevande kurs i tilgjenge og universell utforming for tilskotsmottakarar på kulturområdet. Norske Kulturarrangørar, som skriv ut sertifiseringa Tilgjengelegheitsmerket, var kurshaldar.

Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1

Oppsummering av status for 2023:

Fylkestinget vedtok i juni Fylkesstrategi for miljø, klima og energi. Her sett vi retninga for Møre og Romsdal sitt arbeid med å følge opp globale, nasjonale og regionale mål for klimagassutslepp og klimatilpassing, bevaring av naturmangfald og grøn omstilling. Saman med klimabudsjettet og –rekneskapa legg denne grunnlag for betre styring av klimainnsatsen til fylkeskommunen.

Det er på samferdselsområdet at fylkeskommunen har dei største klimagassutsleppa – og her er det gjort innsats for å redusere klimagassutsleppa også i 2023. Dette gjeld både kollektivtrafikken og i vegdriftskontraktane og asfaltkontraktene, men ikkje alle måla er nådd. Behovet for ressursar til klimaomstilling på samferdselsområdet er mykje større enn fylkeskommunen har moglegheit til å klare. Fylkeskommunen har teke opp med nasjonale myndigheiter at dei må ta større del av rekninga for elektrifisering av ferjesambanda.

Bygg og eigedomsavdelinga er heller ikkje i mål med sin ambisjon om å kartlegge utslepp frå energibruken i fylkeskommunale bygg, dette er utsett til 2024.

Det er i 2023 arbeidd for at kulturaktørar i fylket skal redusere sine klimagassutslepp.

Fylkeskommunen har tilbydd kurs i klima og miljø for mottakarar av tilskot på kulturområdet. Det er samarbeidd med fotballkretsane i fylket om oppfølging av forbodet mot sal av gummigranulat.

Fylkeskommunen har i 2024 nådd målet om at tapet av verneverdige kulturminne er under 0,4 prosent. Fylkeskommunen har fleire samarbeidsprosjekt med Riksantikvaren og kommunane om bruk og verne av kulturminne og kulturmiljø.

Fylkeskommunen har for første gong laga ein arealrekneskap for Møre og Romsdal som kommunane kan bruke i si planlegging. Dette gir kunnskap om kva type areal kommunane har og kva dei er brukt til og avsett til i planar. Fylkestinget vedtok i desember nytt handlingsprogram for villreinområdet i Ottadalen med tiltak for forvaltninga av dette arealet. Gjennom arbeidet i vassregion Møre og Romsdal er det sett i verk tiltak for å betre vassmiljøet i vassførekonster i fylket, inkludert tiltak for å betre vilkår for sjøauren i fylket.

Saman med Statsforvaltaren er det gjennomført fleire kompetansehevande tilbod for kommunane, mellom anna i klimabudsjett, energieffektivisering og ivaretaking av naturmangfald.

Fylkeskommunen søkte og fekk tildelt midlar frå Miljødirektoratet til ei kursrekke for kommunane i naturbaserte løysingar på klimatilpassing. Fylkeskommunen har levert fleire utgreiingar og kunnskapsgrunnlag knytt til fornybar energi og kraftsituasjonen i Møre og Romsdal.

Samferdselssektoren har lagt målet om å ikkje ha tap av dyrkamark og myr ved vegutbygging på fylkesveg til grunn for si verksemd. For prosjekt som vart avslutta i 2023 var det ikkje tap myr, men om lag 5 dekar dyrkamark er registrert som tap i samband med gang og sykkelvegprosjektet Vindøla – Røv. Fleire vêrhendingar i 2023 gjorde at beredskapen på samferdselsområdet vart testa i praksis, og vi klarte å handtere dette på en god måte.

Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig sektor

- Ny fylkesstrategi for miljø, klima og energi vart vedtatt (sak T-0040/23).
- Miljøfyrtårnsrapportering og klimarekneskap er presentert i årsrapporten.
- Klimabudsjett for 2024 er lagt fram som del av økonomiplanen med budsjett og handlingsprogram for fylkestinget i desember (sak T-104/23).
- [Vi har utarbeidd Plan for energistasjonar og ladepunkt for ein fossilfri transportsektor i Møre og Romsdal](#)
- Fylkeshusa, alle kompetanseregionene innan tannhelse og 17 av 21 skolar er miljøfyrtårnsertifisert. Fylkeskommunen sin miljøfyrtårnsrapport er lagt til grunn i klimarekneskapen.
- I 2023 vart CO₂-utslepp frå kollektivtrafikk med buss, båt og ferje i Møre og Romsdal redusert med 38 prosent, samanlikna med 2019.
- I 2023 vart det skrive ny kontrakt på rutepakke 3 (Molde og Gjemnes) som inneber store utsleppskutt. Frå 2025 vil bussane i rutepakka vere utsleppsfrie.
- Det er innført tiltak for å redusere klimagassutsleppa i vegdriftskontraktane, mellom anna krav til redusert utslepp på bilar/maskinar i vinterdrifta og mannskapsbilar, samt krav til årleg rapportering av utslepp frå entreprenørane.
- Det er auka fokus på klima ved produksjon og utlegging av asfalt, både i form av gjenbruk, bruk av lågtemperatur-asfalt og lengre levetid som følge av betre kvalitet. I asfaltkontraktane for 2023 vart klima brukt som tildelingskriterium i form av at reduksjon av CO₂-utslepp vart premiert i tildelinga.
- Saman med Statsforvaltaren er det gjennomført ein Klimasnu-konferanse for tilsette i kommunane. [Du kan sjå opptak av konferansen på nettsida til Statsforvaltaren.](#)
- 13. april arrangerte fylkeskommunen og Statsforvaltaren digital verkstad for kommunane i klimabudsjett. [Du kan du sjå den digitale delen i opptak på nettsida til Statsforvaltaren.](#)
- Fylkeskommunen har Initiert og gitt tilskot til utgreiing av verdas første asfaltproduksjon ved bruk av grøn hydrogen, som erstatning frå fossil energi, sett i drift i 2023 i Møre og Romsdal.
- Det er utarbeidd ei oversikt over klimagassutslepp frå bygningsmassa til fylkeskommunen basert på rapporteringa til Miljøfyrtårn og eigne tal for reiser og kjøp av drivstoff.
- Det er vedtatt eit mål om fem prosent reduksjon av klimagassutslepp frå den fylkeskommunale bygningsmassen. Energibruken i bygga er den parameteren som påverkar mest i høve til utslepp frå bygningsmassen i drift. For 2023 var det planlagt å rekne tal for utslepp frå energibruken i tillegg til utslepp generert frå egne reiser, men det har vi ikkje klart. Målsetjinga er å få kartlagt dette i 2024.

Møre og Romsdal skal forvalte sjø- og landareala slik at det blir lagt til rette for berekraftig verdiskaping, basert på ein arealbruk som avgrensar behovet for transport, og hindrar unødvendige landskapsinngrep

- Fylkeskommunen har lagt til rette ein arealrekneskap for kommunane som grunnlag for planarbeid.
- Det 3-årige pilotforprosjektet "Marine Grunnkart i kystsonen" for området Ålesund/Giske er fullført i 2023, og vil danne grunnlag for vidare kartlegging av kystområda i fylket så snart eit nasjonalt program er klart.
- Vi arrangerte Nasjonal sjøplankonferanse i oktober. Konferansen tok opp dagsaktuelle spørsmål om forvaltning og arealplanlegging i sjø, og samla i overkant av 200 deltakarar.
- Fylkeskommunen har skrive høyringsuttale i fleire sjøarealplanar.

- [Kartportalen Gislink](#) som fylkeskommunen driftar saman med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Trøndelag og Trøndelag fylkeskommune er mykje brukt. I 2023 viste statistikken at i snitt 210 000 klikka seg inn per veke.
- Nytt handlingsprogram for [Regional plan for Ottadalsområdet](#) er vedtatt av fylkestinget i desember (T-sak 102/23)
- Prosjekt for friluftslivets ferdselsårer (2019-2025) har i samarbeid med friluftsråda, kommunane og Miljødirektoratet blitt vidareført. 16 kommunar har fått tilskot til å starte arbeidet med å lage ein plan for friluftslivets ferdselsårar.

Møre og Romsdal skal ha god tilstand på 90 prosent av økosystema både på land og i vatn, og stanse tap av naturtypar og artar

- Eitt av mange igangsette habitatforbetrande tiltak i vassførekomstane i 2023, er arbeidet som er gjort i ein sidebekk til elva Søya. Kvernhusbekken hadde potensiale for gyte- og oppvekstområde for sjøaure, men oppvandringa av fisk var hindra mellom anna som følge av kanalisering og ekstremvêr. Med støtte frå fylkeskommunen ble eit samanrast røyr erstatta med ei bru og bekken opna på nytt.
- I 2023 fortsette arbeidet for kartlegging og tiltak for å betre tilhøva for sjøauren i fylket. Basert på kartlegginga blei det utarbeidd tiltaksplanar for fleire vassdrag og mange tiltak blei gjennomført.
- Det blei halde kurs i habitattiltak for frivillige, noko som vart presentert som eksempel på god praksis på nasjonalt seminar for restaurering av vassdrag og våtmark.
- Fylkeskommunen har bidratt i forsøk på utplanting av 200 asketre på Nettet prestegard for å finne tre som er meir motstandsdyktig mot askesjuke.
- Fylkesvegavdelinga har mål om å unngå tap av dyrkamark og myr ved traséval og bygging av fylkesveg. For prosjekt som vart avslutta i 2023 var det ikkje tap myr, men om lag 5 dekar dyrkamark er registrert som tap i samband med gang og sykkelvegprosjektet Vindøla – Røv.

Møre og Romsdal skal bevare viktige landskap, og redusere tapet av verdifulle kulturminne og kulturmiljø til under 0,4 prosent årleg

- Fylkeskommunen har gjennomført prosjektet KlimaROS om klimatilpassing og kartlegging av tiltak for bevaring av kulturmiljø i samarbeid med Riksantikvaren og Ørsta, Surnadal og Hustadvika kommunar. Tre rapportar er ferdig.
- Fylkeskommunen har vore høyringsinstans for om lag 1 350 byggesaker/arealplanar med innspel til sikring av viktige kulturmiljø. Tapet av registrerte verneverdige kulturminne er mindre enn 0,4 prosent.
- Tal på søknadar om tilskot til prosjekt innan bevaring og ombruk av bygg gjekk opp frå 29 til 32.
- Fylkeskommunen har samarbeidd med Riksantikvaren om utveljing av 12 "kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse" i Møre og Romsdal og revisjon av NB-registeret.
- Gjennom programmet "Ein bit av historia" er det inngått samarbeid med kommunar langs Den Trondhjemske Postvei. Fylkeskommunen har tildelt økonomiske tilskot til aktivitet og leiar forprosjektet til eit nasjonalt samarbeidsprosjekt om bevaring og utvikling av postveien som nasjonalt kulturminne.
- Det er gjennomført tilstandsvurderingar av 13 freda bygg og anlegg. Desse skal leggest inn i databasen Askeladden.
- Fylkeskommunen har lasta opp informasjon og kartfesting av regionale verneverdige kulturmiljø i Askeladden, den nasjonale databasen for kulturmiljø. Desse kan du også i Kulturminnesok.no som er open for alle og i GIS-link.

- Fylkeskommunen har gjennom Internship-programmet for berekraftig utvikling bidrege i SEBAN sitt arbeid for å utvikle indikatorar for berekraftig arealforvaltning og naturmangfald.

Møre og Romsdal skal basere auka produksjon og bruk av energi på energieffektivisering, fornybare energikjelder og utslippsfri energi

- Etablert digital tvilling for solenergi-park Smøla, med vurdering av produksjonspotensial og nettkapasitet.
- Vi har lagt til rette for meir fornybar kraftproduksjon og arealnøytralitet gjennom utgreiing av samlokalisert solkraftproduksjon i ein eksisterande vindkraftpark på Smøla
- Vi har kartlagt solenergi-potensiale på grå areal kommunevis i Møre og Romsdal
- Vi har utarbeidd kunnskapsgrunnlaget for «Energisituasjonen i Møre og Romsdal fra 2026 – Samfunnskonsekvenser», der det blir peikt på regionale myndigheiter si rolle med å tilrettelegge for energieffektivisering, fornybare energikjelder og utslippsfri energi
- Vi har vore med i utarbeidinga av Kraftløftet regionalt i samarbeid med NHO og LO. [Du kan lese meir om lanseringa på nho.no](#)
- Vi har arbeidd for etablering av grøn hydrogenverdikjede frå produksjon av hydrogen frå innestengt kraft til bruk i industri.

Møre og Romsdal skal førebygge at uønskete hendingar skjer, og ha ein fysisk, digital og organisatorisk infrastruktur som er rusta til å takle klimaendringar og akutte kriser

- Fylkeskommunen tilbyr kommunane ein webinarserie om naturbaserte løysingar for klimatilpassing. Serien består av seks webinar og ei fysisk samling og blir gjennomført hausten 2023 – våren 2024. [Presentasjonar og opptak finn de på mrfylke.no](#)
- Det er gjennomført faste beredskapsøvingar på samferdselsområdet slik at vi er godt rusta når dei verkelege hendingane oppstår. Vi har også planlagt og gjennomført fleire øvingar for naudetatane, for eksempel ulykker og brann i tunnel.
- I 2023 var det fleire vêrhendingar kor beredskapen vart testa i praksis, f.eks. raset i Vistdalen og ekstremvêret Hans. Vi fekk god bruk for det vi har øvd på i beredskapsøvingane, og vi erfarte at vi kunne stille med mannskap til rett tid, spele godt på lag med naudetatane og trafikantane som vart ramma. Oppryddingsarbeidet kom også raskt i gang.
- Ei viktig oppgåve framover er å tilpasse dei mest kritiske delane av fylkesvegnettet til klimaendringar som aukar risikoen for flaum, skred og ekstremvêr. Nær alle dei 150 stikkrennene som vart skifta i 2023 var dimensjonert for auka vassføring.

Møre og Romsdal skal ha ein leiande posisjon i utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi med høg grad av gjenbruk, og god avfallshandtering

- Fylkeskommunen har gitt råd til eigarar og eigedomsutviklarar i store og små byggeprosjekt korleis dei kan bevare og bygge om bygningar framfor å rive dei og bygge nytt.
- Fylkeskommunen arbeider med moglegheitene for å lagre bygningsdelar, eit materiallager, som kan brukast i nye byggeprosjekt.
- Gjenbruk er vurdert i førebuarde arbeid i alle FRAM sine nye driftskontraktar.
- Gjenbruk av vegutstyr i utbyggingsprosjekt er vurdert der det er aktuelt.
- Avfall handterast med minst 80 prosent sortering i vegutbyggingsprosjekt.
- Vi følgjer opp mål om 50 prosent gjenbruk av inventar og utstyr i fylkeskommunale byggjeprojekt. Reknesprosjektet vart ferdigstilt i 2023, der Fylkeshuset AS har vore

byggherre. Prosjektet har vore årets største gjenbruksprosjekt og oppsummeringa viser 58 prosent gjenbruk på bygningsdelane og er eit pionerprosjekt i så måte. For inventar isolert, er resultatet nærmare 100 prosent. Prosjektet viser viktigheita av god logistikkstyring og dokumentasjon.

- Bygg- og eigedom følgjer opp målet om fem prosent reduksjon i restavfall frå fylkeskommunale skolebygg. Ansvar for kjeldesortering ligg til den enkelte verksemda, og rapportering skjer gjennom miljøfyrtårn-systemet. Det har vore utfordringar med ulik praksis og kvalitet hjå dei ulike renovasjonsselskapa, men dette har vorte gradvis betre. Fylkeskommunen har etablert samarbeid med renovasjonsselskapa i samband med miljøfyrtårn-oppfølginga.
- Vi har i 2023 arrangert to kompetansehevande kurs i klima og miljø for tilskotsmottakarar på kulturområdet. Stiftinga Miljøfyrtårn, Statsforvaltaren og Moldejazz var ressursar på kursa.
- Fylkeskommunen deltek i arbeidet for å etablere eit nasjonalt nettverk knytt til utvikling av anlegg for idrett og fysisk aktivitet, der meir miljøvennlege anlegg er eitt av måla.
- [OECD har valt ut Møre og Romsdal som ein av ti byer/regionar i Europa](#) til å få kartlagt status på sirkulærøkonomi. Dette vil resultere i en rapport med anbefalingar i april 2024. Over 60 aktørar frå offentlig, privat og frivillig sektor har blitt intervjuet av OECD og delteke i prosessen.

Inkluderings- og kompetansefylket

Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu

Oppsummering av status for 2023:

Fylkeskommunen har etter folkehelselova eit definert ansvar for oppfølging av kommunane. I 2023 er dette mellom anna følgt opp med nye God helse-samarbeidsavtaler med kommunane. Det er også utarbeidd og publisert ny oversikt over folkehelsa. Denne gir kunnskap om levekår og helseutfordringar i Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal har aldri hatt høgare gjennomføringstal for vidaregåande opplæring. Det er også auke i gjennomførte karriererettleingar, der ukrainarar var ei stor målgruppe. Målet om 1 300 nye lærekontraktar vart nådd med god margin. Men det er ein liten nedgang i del elevar som har fullført og bestått skoleåret, det er også nedgang i tal elevar som får oppfylt førsteønske om utdanningsprogram, og fråværet i vidaregåande skole er høgare enn måltalet.

Fylkeskommunen har frå 2020 fått auka ansvar for kompetansetilbodet i fylket, og i desember vedtok fylkestinget Fylkesstrategi for kompetanse. Strategien gjer det tydeleg korleis ulike regionale aktørar skal samarbeide om å sikre næringslivet og offentleg sektor kompetansane vi treng.

Gjennom ordninga Den kulturelle skolesekken har kulturtilbod nådd ut til alle barn og unge i fylket, 41 000 elevar fekk eit tilbod i 2023, 82 produksjonar har vore på veggen.

Den offentlege tannhelsa har også i 2023 arbeidd med å ta att etterslep som følgje av pandemien og er nær målsettingar som er sett for dekningsgrad for dei ulike målgruppene. Det er målt dårlegare tannhelsa for 3 av 5 indikatorårskull. Ei ny oppgåve i 2023 var å etablere rabatterte med 25 prosent eigenbetaling for unge vaksne i alderen 21 til og med 24 år. Det vart gjennomført ei vellukka rekrutteringskampanje som gav 20 nye tannbehandlarar.

Talet på kollektivreiser var 9 prosent høgare i 2023 enn 2019, før koronapandemien. Det er særleg bybussane i Ålesund og Kristiansund som har auke. Molde hadde nedgang samanlikna med 2019. Andelen periodebillettar har auka, noko som gir lågare inntekter for fylkeskommunen, men er positivt for å auke kollektivbruken.

Saman med kommunane og næringsliv har fylkeskommunen vore med å realisere sentrumsutviklingsprosjekt i både byar og tettstader. Fylkeskommunen har bidratt med kompetanseheving på alt frå parkering til rekkehus og innkjøp av arkitektkompetanse. Rammene for det vidare arbeidet er lagt i Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader som vart vedtatt av fylkestinget i april.

Også i 2023 førte innvandring til at vi nådde målet om at fleire skal busette seg i Møre og Romsdal. Om lag 2 750 flyktningar vart busett i kommunane i Møre og Romsdal i fjor, blant desse ca 2 550 frå

Ukraina. Folketalet i fylket auka med 2 259 personar eller 0,8 prosent og passerte dermed 270.000.

Møre og Romsdal skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit, tilhørslse, tryggleik og tilgjenge

- God helse-samarbeidet vart evaluert og avtalane revidert våren 2023. Det ble starta inngåing av ny samarbeidsavtale for 2024-2027 med alle kommunane i fylket hausten 2023. Innan mars 2024 vil alle kommunane i fylket ha samarbeidsavtale.
- «Folkehelsa i Møre og Romsdal 2023» vart revidert og publisert våren 2023. Dokumentet gir ei oversikt over helsetilstand og utfordringar i fylket. Det var identifisert tre hovudutfordringar i fylket: sosial ulikskap i helse, utanforskap og psykisk helse.
- Det er satt i gang seks tiltak i Folkehelseprogrammet og eit av tiltaka blei avslutta i 2023 (Vanylven). Sentrale tema i programmet er livskvalitet, rusførebygging, psykisk helse og barn og unge.
- Vi arrangerte saman med Statsforvaltaren og Møre og Romsdal idrettskrets konferansen "Aktiv heile livet!". Tema for folkehelsekonferanse var livslang helse, sosial inkludering og psykisk helse.
- Møre og Romsdal har færre trafikkulykker, samanlikna med 2022. Dette er betre enn tala for resten av landet. Talet på personskade her i fylket, gjekk ned frå 162 til 122, medan talet på drepne var uendra frå året før (tre personar). Talet på hardt skadde gjekk ned frå 30 personar i 2022 til 22 personar i 2023.

Møre og Romsdal skal ha ei tannhelseteneste med god kvalitet, pasienttryggleik og høg kompetanse, som gir prioriterte grupper god tannhelse

- Dekningsgraden for den største pasientgruppa, barn og unge 3-18 år, var 96 prosent i 2023 og nærmar seg måлтаlet på 97 prosent.
- Også for eldre og uføre i institusjon har dekningsgraden auka. 85 prosent i denne pasientgruppa er no under tilsyn, og vi nærmar oss måлтаlet på 90 prosent.
- Dekningsgraden for desse to pasientgruppene er på veg opp etter nedgangen som var ein konsekvens av strenge smitteverntiltak og restriksjonane på behandlingssomfanget i pandemiåra mellom 2020 og 2022. For eldre og uføre i heimesjukepleie ligg dekningsgraden i 2023 på 72 prosent, som er godt over måлтаlet på 65 prosent.
- Den offentlege tannhelsetenesta har frå mars 2023 etablert [eit rabattert behandlingstilbod med 25 prosent eigenbetaling for unge vaksne i alderen 21 år til og med fylte 24 år](#).
- Tannhelsetilstanden, målt i førekomst av karies, har blitt litt dårlegare for indikatorårskulla 3-, 5- og 15-åringar i 2023. For 12-åringane ser vi ein liten reduksjon i karies, medan 18-åringane ikkje har endring i tannhelsetilstanden frå føregåande år.
- Tannhelse for dei to yngste indikatorårskulla (3- og 5-åringar) er betre enn gjennomsnittet for fylka. Dei andre indikatorårskulla har dårlegare tannhelse enn fylkesgjennomsnittet.
- [18 nye tannhelsesekretærer er utdanna i 2023](#) i fylkeskommunal regi i eit samarbeid mellom tannhelsetenesta og BORK karriere og kompetanse ved Borgund VGS. Utdanningstilbodet er oppretta for å møte ei auke i etterspurnaden i offentleg og privat tannhelseteneste etter autoriserte tannhelsesekretærer.
- [Rekrutteringskampanjen våren 2023](#) har vore ein suksess, med tilsetting av 20 nye behandlarar. Så godt som alle ledige stillingar er besatt ved utgangen av 2023.
- Alle nær 200 tilsette i tannhelsetenesta var samla til fagleg påfyll, dialog og erfaringsutveksling 19. og 20. september i Geiranger.
- Sjukefråveret er 10,6 prosent, og ligg framleis over måлтаlet på 7 prosent. Fråveret ligg likevel under gjennomsnittet for den offentlege tannhelsetenesta i landet (11,6 prosent).

Møre og Romsdal skal ha spesialisthelsetenester med høg kvalitet som gjer at innbyggjarar i alle delar av fylket er trygge på at dei får nødvendig helsehjelp når dei treng det

- Fleire av tenesteområda i fylkeskommunen samarbeider med helseføretaket i si oppgåveløysing, dette gjeld folkehelse, planlegging, samferdsel, tannhelse, utdanning og forskning.
- Helse Midt og Helse Møre og Romsdal deltok på nyttårskonferansen, og Helse Møre og Romsdal er medlem av referansegruppa for den regionale samarbeidssatsinga Møre og Romsdal 2025.
- Kompetansesenter for rusfeltet i Midt-Norge (KORUS midt), Seksjon Møre og Romsdal, deltek i Folkehelseprogrammet som fylkeskommunen koordinerer. KORUS er ansvarleg for UNG DATA undersøkinga, den skal gjennomførast i alle kommunane i fylket våren 2024. Her er det også eit samarbeid med fylkeskommunen.

Møre og Romsdal skal ha eit utdannings- og kompetansetilbod som møter behova i samfunnet og fører til inkludering, integrering, verdiskaping, nytenking og livslang læring

- Det er utarbeidd og vedtatt fylkesstrategi for kompetanse, i samhandling med utdanningsinstitusjonar, offentleg sektor og næringsliv (fylkestingssak 112/23).
- 83 prosent av elevane som starta i vidaregåande opplæring i 2016 har fullført med studiekompetanse etter 5 år eller yrkeskompetanse etter 6 år. Dette er lågare enn målet på 85 prosent, men er likevel det høgste gjennomføringstalet for Møre og Romsdal nokon gong.
- 88,2 prosent av elevane har fullført og bestått skoleåret. Dette er ein nedgang frå 89,6 prosent året før og er lågare enn målet på 90 prosent. Dette vil føre til lågare gjennomføringstal på 5 og 6 år.
- 84 prosent av søkarar med ungdomsrett fekk oppfylt primærønsket sitt om val av utdanningsprogram, dette er noko lågare enn målet på 90 prosent og ein nedgang frå 89 prosent i 2022.
- Fråværet i vidaregåande skole skoleåret 2022/2023 var 6,6 prosent. Dette er høgare enn målet på 4,5 prosent.
- 1 580 ungdommar har fått lære- og opplæringskontrakt i 2023, noko som er godt over målsettinga på 1300.
- Resultat frå elevundersøkinga viser at elevane får god støtte frå lærarane.
- Fylkeskommunen har gjennomført 688 ordinære karriererettleingar, 488 karriererettleingar for flyktningar og karriererettleing i grupper for til saman 408 ukrainarar.
- Minst 80 prosent av søkarane til vidaregåande opplæring for vaksne har fått tilbod om opplæring.
- Minst 60 prosent av vaksne som startar på eit opplæringstilbod har fullført, og signala tyder på at gjennomføringsprosenten er god (tal kjem i juni).
- Fylkeskommunen har via Campusprosjektet hjulpet Høgskulen i Volda i deira arbeid med å etablere lærarutdanning i Kristiansund. Frå hausten 2023 er det etablert PPU-tilbod og prosjekt for ny lærarutdanning frå 2024 er i gang.
- Prosjekt for nye utdanningar på Campus Kristiansund har fått Oslo nye Høgskule til å etablere tilbod i Kristiansund frå 2024.
- Det er tildelt fylkeskommunale midlar til fire samarbeidsprosjekt i arkiv, bibliotek og museumssektoren. Mål for alle prosjekta er å ta i bruk nye arenaer, vise fram kultur og historie frå fylket og bidra til å bygge lokal og regional tilknytning.
- I ADA-prosjektet testar ein ulike arena innan kunst- og realfag der skoleelevar får undervisning i tråd med måla i læreplan utanfor skolen. Tilboda er anten bredde- (til alle),

eller spisstilbod til elevar med spesielle talent, interesse eller behov.

- Fire kommunar har i 2023 arrangert forfattarmøte på biblioteket og i den kulturelle skolesekken har inntil 10 besøk i den kulturelle skolesekken vore på eit av musea i regionen.
- I løpet av 2023 har om lag 41 000 elevar i grunnskolen og den vidaregåande skolen hatt besøk av Den kulturelle skolesekken. 82 produksjonar har vore på vegen, 20 av desse var valfrie tilbod som skolane sjølv har bestilt.

Møre og Romsdal skal ha inkluderande og trygge byar- og tettstader med særpreg, som tilbyr gode bumiljø og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod, og miljøvennleg transport

- Fylkestinget vedtok [Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstadar](#) i april (fylkestingssak 6/23)
- I program for berekraftig by- og tettstadutvikling er fem byrom og møteplassar ferdigstilt i 2023 (Aure, Molde, Langevåg, Ørsta, Volda). Ein eigen rapport frå programmet, blir lagt fram for Kultur- og folkehelseutvalet 13. mars.
- Program for berekraftig by- og tettstadutvikling arrangerte by- og tettstadseminar i Kristiansund 13.-14. juni 2023 som samla 126 deltakarar frå kommunane og regionale statsetatar.
- Det vart gjennomført seks frukostwebinar med ulike tema innan by- og tettstadutvikling i 2023.
- Vi har fulgt opp Averøy kommune som har kome inn som ny deltakar i [GNIST-ordninga](#) til Doga i 2023.
- Program for berekraftig by- og tettstadutvikling har i 2023 løyvd tilskot til 11 prosjekt i Tettstadprogrammet, og 11 prosjekt i Byen som regional motor.
- [Program for berekraftig by- og tettstadutvikling har skrivne læringsartikkel i samarbeid med Distriktssenteret, som er nasjonalt publisert.](#)
- Fylkeskommunen og Statsforvaltaren tok initiativ overfor Aure og Smøla og bidrog til at dei søkte om bygdevektstavnale. I januar 2024 fekk dei positivt svar på søknaden, fylkeskommunen vil følgje opp arbeidet.
- Program for berekraftig by- og tettstadutvikling har drive rådgivingsarbeid i kommunane, vore førespurt både regionalt og nasjonalt om å halde foredrag om by- og tettstadutvikling.
- Fylkeskommunen har igjennom innlegg og foredrag formidla særpreget og utviklingshistoria til gjenreisingsbyane Molde, Kristiansund og Åndalsnes, og deltek i arbeidet med ny fargepalett for Åndalsnes.
- Det vart delt ut ti kunstnarstipend i 2023 på til saman 1 million kroner. I tillegg vart det delt ut tilskot for til saman 1 620 000 kroner til 34 ulike prosjekt innan profesjonell kunst og kultur.
- I samarbeid med Trøndelag fylkeskommune er det utarbeidd ein rettleiar for kommunar for kunstprosjekt i offentlege rom.
- Dagsturhytteprosjektet Stikk innom! har i 2023 utvikla skissekonsept for ei dagsturhytte og ein gapahuk. Kultur- og folkehelseutvalet gjorde i november vedtak om å gå vidare med prosjektet.
- Talet på kollektivreiser med buss (utan skoleskyss) har auka med 9 prosent samanlikna med 2019. Her er det spesielt bybussane i Ålesund og Kristiansund som dreg opp snittet med 23 og 9 prosent auke.
- Innføring av bompengar i Ålesund og ruteendringar både i Ålesund og Kristiansund i perioden har nok vore ein sterk bidragsytar til den positive utviklinga for bussreiser. I tillegg ser ein at delen av periodebillettreiser har auka frå 54 prosent i 2019 til 65 prosent i 2023.
- Talet på reiser med hurtigbåt (utan skuleskyss) har auka med 3 prosent samanlikna med 2019, kor Langevågsruta utpeikar seg med ein auke på over 14 prosent.

Møre og Romsdal skal ha eit kultur og fritidstilbod som er relevant og tilgjengeleg for alle, og frivillige lag- og organisasjonar som skaper mangfald og engasjement

- Litteraturhus i Møre og Romsdal er eit viktig strategisk grep for litteraturformidlinga i fylket. Saman med Bjørnsonfestivalen og Nynorsk kultursentrum og folkebiblioteka i alle kommunane, er det gjennomført 111 arrangement i 2023
- Det er gjennomført 15 kompetansehevande tiltak for bibliotektilsette i fylket, for eksempel kurs i det å leie forfattarsamtalar, kurs i lesarsørvis til barn og vaksne, introduksjonskurs for nye biblioteksjefar, ABM-konferanse og biblioteksjefmøte.
- Gjennom den ti-årige satsinga UNG kunst og kultur, stimulerer vi til at ungdom får fleire arenaer og møtestader til å uttrykke seg, lære, erfare og utvikle seg gjennom digitale media. I 2023 vart det tildelt midlar til fem prosjekt til utvikling av møteplassar for datakultur.
- Fylkeskommunen deltok med innlegg om seniorgaming – eit samarbeid mellom bibliotek og frivillige organisasjonar på konferanse for medverknadsorgan.
- UKM fylkesfestival vart i 2023 arrangert i Herøy kulturhus og var eit samarbeid mellom Herøy kommune, Sande kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune. 210 ungdommar frå 18 kommunar deltok på fylkesfestivalen.
- 89 søknader om arrangørtilskot til innleige av profesjonelle frilansmusikarar har blitt innvilga. Dette stimulerer samspelet mellom den profesjonelle og den frivillige kulturen.

Verdiskapingsfylket

Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

Oppsummering av status for 2023:

Skaparkraft, programmet for langsiktig omstilling av næringslivet og satsing på berekraftig eksport, delte ut 14,1 millionar kroner i tilskot til 23 ulike prosjekt. Formålet med programmet er å styrke eksportnæringane i fylket og stimulere til utvikling av nye næringar gjennom samarbeidsprosjekt og tilskotsordningar innanfor fire satsingsområde: Grøne industrielle løft, Smart teknologi, Fornybar energi og Kompetanse i og for næringslivet.

Gründertenesta hoppid.no bidrog til 418 nye forretningsidear, 80 fleire enn i 2022. Det er lagt grunnlag for vidareutvikling av kulturell og kreativ næring i fylket gjennom ei innsiktsanalyse. Filmbransjen i fylket har positiv utvikling, og ti filmprosjekt frå Møre og Romsdal har fått støtte frå Vestnorsk Filmsenter. Fylkeskommunen har også støtta fem pilotprosjekt innan reiselivs- og kulturnæringa for å gjere Møre og Romsdal meir attraktivt som reisemål.

Fleire avdelingar i fylkeskommunen deltok også i 2023 i fleire forskings- og innovasjonsprosjekt for å utvikle våre tenester. Regionalt forskingsfond og MoPro har gitt 32,2 millionar kroner i tilskot til forskingsprosjekt og mobilisering til auka FOU-innsats. Prosjektet Digi Møre og Romsdal har bidratt til kompetanseheving på digitalisering i alle kommunane og er no gått over i eit medlemsfinansiert samarbeid.

2023 var året for «det digitale hamskiftet» i fylkeskommunen, vi har innført nye digitale verktøy for sak og arkiv, plan,-økonomi- og verksemdstyring, kvalitetsleiing, nytt intranett, ny og brukarorientert nettside, ny rekrutteringsløyising, og FRAM har lansert ny nettbutikk og ny app.

Fylkeskommunen når måla for regularitet og gjenståande køyretøy per ferjesamband, og også for kundetilfredsheit med FRAM. Det er også gjort nye tiltak for utvikle bestillingstransporten og betre trafikktryggleiken. Vi ligg etter målet for dekktilstanden og utbetring av tunnelar og ei kartlegging av vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane viser no at dette er auka til 16,8 milliardar kroner.

Ein viktig føresetnad for å ta del i det grønne skiftet, er å ha tilgang på klimanøytral energi. Fylkeskommunen har ein aktivt dialog med Statnett, regionale nettselskap og næringsliv for å stimulere til nettutbyggingsplanar og kapasitetstilgang.

Møre og Romsdal skal ha eit omstillingsdyktig næringsliv som grip moglegheitene i det grønne skiftet og opprettheld og styrkar si internasjonale konkurransekraft

- Fylkeskommunen har gjennom Skaparkraft-satsinga utløyst utviklingsarbeid for til saman 26,2 mill. kroner i 2023. 14,1 mill. kroner er delt ut i tilskot/utgreiingsarbeid, dette utløyste arbeidsinnsats/ressursar hos mottakarane tilsvarande 12,1 mill. kroner. 23 bedrifter/FoU-institusjonar har fått tilskot. [Årsrapporten til Skaparkraft vart lagt fram for Kompetanse- og næringsutvalet 15. mars.](#)

Møre og Romsdal skal skape fleire og betre nyetableringar og løfte fram bedrifter med potensial for vekst og internasjonalisering

- Alle kommunar arbeider godt med gründertenesta hoppid.no, og i løpet av året er det registrert 418 nye forretningsidear i gründerportalen.
- Arbeidet med å opprette Regionalt kompetansesenter for dans ved Operaen i Kristiansund er ferdigstilt, og institusjonen er klar for å søke statleg støtte for 2025.
- I Møre og Romsdal har ti filmprosjekt fått støtte frå Vestnorsk Filmsenter i 2023, på til saman 2,9 mill kroner. Sju dokumentarfilmar, to spelefilmar/dramaserier og ein kortfilm har fått støtte.

Møre og Romsdal skal vere leiande i arbeidet med å skape lokale og miljøvennlege produkt og tenester, basert på lokale ressursar og lokal kultur

- Fylkeskommunen har gjennomført ei innsiktsanalyse om kulturell og kreativ næring. Denne vil gi kunnskap om korleis ein betre kan legge til rette for vekst og verdiskaping i næringa.
- Fylkeskommunen gav tilskot til verdiskaping til kulturaktørar som på si side leverer innhald (opplevingar) til reiselivsaktørar.
- Fem pilotar i «Opplev heile Møre og Romsdal – heile året» er sett i gang, pluss tre andre utviklingsprosjekt for berekraftig reiseliv. Tilskot frå fylkeskommunen har utløyst utviklingsarbeid for 18 mill. kroner, som er langt over målsettinga på 10 mill. kroner.
- Det er gitt tilskot til 17 utviklingsprosjekt frå dei statlege midlane til næringsutvikling, rekruttering og kompetanseheving i landbruket.
- Fylkeskommunen har bidratt i ei rekke prosjekt med eigne ressursar og finansieringstilskot for å utgreie og å avdekke konkrete moglegheiter for lønsam, auka fornybar kraftproduksjon i kommunane for å auke verdiskapinga lokalt.

Møre og Romsdal skal styrke omstillings- og innovasjonsevna, utnytte digitale moglegheiter, og auke bruken av forskning, internasjonalt samarbeid og innovative innkjøp

- Regionalt forskingsfond (RFF) og MobPro har delt ut 32,2 mill. i tilskot. Dette utløyste arbeidsinnsats/ressursar hos mottakarane tilsvarande for til saman 28,5 mill. kroner.
- 97 prosent av husstandane i Møre og Romsdal har tilbod om breiband med kapasitet på minst 100 Mbit/s
- [Digi Møre og Romsdal](#) har gått over i medlemsfinansiert samarbeid. Alle kommunane i fylket deltek, saman med Rindal kommune.
- FRAM samarbeider med fleire andre fylkeskommunar og kollektivselskap for å utvikle ei ny mobilitetsplattform. Gjennom dette samarbeidet har FRAM lansert ny nettbutikk og app i 2023.
- Samferdselsområdet har i 2023 avslutta prosjektet [Smartare transport](#) støtta av Samferdselsdepartementet. Prosjektet har sidan 2019 utgreia og kartlagt moglegheitsrom og teknologisk gap innan autonom kollektivtransport på sjø med Ålesund og Kristiansund som utgangspunkt.

- Samferdselsområdet deltek i [prosjektet ZEVS](#) leda av TØI med støtte frå Norges Forskningsråd. Målet med prosjektet er utarbeiding av eit nasjonalt kartverktøy for meirkostnadar ved innføring av utsleppsfrie hurtigbåtar med tilhøyrande infrastruktur, alternative ruteopplegg, båtdesign og utsleppsberrekningar, samt kostnadseffektive anbudsprosessar og forretningsmodellar.
- Fylkeskommunen koordinerer og bistår kommunane og regionmusea i fylket med anskaffing av nytt biblioteksystem.
- Prosjektarenaen har vore ein aktiv samhandlingsarena for mange tverrfaglege workshops og samarbeid, både med interne og eksterne deltakarar. Det har vore gjennomført fysiske kurs i prosessleiing for 45 tilsette, i tillegg til e-læring tilgjengeleg for alle. Prosjektarenaen sin arbeidsmetodikk har bidratt til å profesjonalisere fylkeskommunen sitt arbeid med prosjekt, og til å arbeide meir tverrfagleg.
- Nasjonalt er det gjort tilgjengeleg meir midlar til forskning innan planfaget, og fylkeskommunen deltek i fleire forskingsprosjekt om planlegging t.d. [SmartPlan](#), [Twin fjord](#) og [KS og Asplan Viak](#) sitt FoU-prosjekt «[Fylkeskommunen som planfaglig veileder](#)».

Møre og Romsdal skal ha eit transportsystem som er trygt, smart og miljøvennleg, og er tilpassa innbyggjarane og næringslivet sine behov

- I 2023 blei det innført ny takst- og sonestruktur for buss i Møre og Romsdal. Det medførte ei stor omlegging av sonestrukturen, frå ca. 550 soner til 7 soner. Målet med omlegginga til færre soner er at det skal vere enklare å reise kollektivt i Møre og Romsdal.
- I 2023 var pilotprosjektet med bestillingstransport til og frå flyplassen i Ørsta/Volda vidareført som eit fast tilbod.
- Den nye driftskontrakta for buss i Kristiansund, Averøy, Aure og Smøla, er den første driftskontrakten der bestillingstransport er lagt inn som ein del av kontrakten frå start.
- Det vart frakta i overkant av 4,4 mill. køyretøy på fylkesvegferjene i Møre og Romsdal i 2023. Dette er ei auke på 5 prosent samanlikna med 2022. Fylkeskommunen har mål om servicegrad på 98 prosent for ferjesambanda, og talet attståande bilar utgjorde 0,5 prosent i 2023.
- Det er i 2023 gjennomført totalt 4 137 intervju og undersøkingar for å måle kundetilfredsheit. Undersøkingane viser at 87 prosent av dei spurte er svært godt eller godt nøgd med reisa.
- Regulariteten på ferje og hurtigbåt: For ferje var delen utførte avgangar samanlikna med oppsett ruteplan (justert for vêrhendingar) 99,7 prosent, og for hurtigbåt var talet 99,8 prosent.
- I 2023 har mobilitetsmiljøet i FRAM på Campus Kristiansund delteke i fleire mobilitetsprosjekt, og i mobilitetsnettverk saman med både offentlege og private aktørar. FRAM har i denne samanheng fokus på å betre mobiliteten for innbyggjarane, og på å utvikle transporttilbodet i samspel med andre aktørar sine tilbod.
- Fylkesvegnettet i Møre og Romsdal omfattar mange tusen ulike vegobjekt, som er viktige og avgjerande for vegens funksjon. Samferdselsområdet gjennomførte i 2023 ny kartlegging av forfall på fylkesvegane våre. Kartlegginga viser at forfallet aukar og vedlikehaldsetterslepet (kva det vil koste å innhente forfallet) er no estimert til 16,8 mrd. kroner. Det vert kvart år utført noko vedlikehaldsarbeid på vegar og vegelement, men behovet er enormt mykje større enn tilgjengelege midlar.
- Kontroll på tilstand gjennom inspeksjonar er viktig for å kunne prioritere tiltak for å sikre trygge og framkommelege fylkesvegar. I 2023 er det utført større vedlikehaldstiltak mellom anna på fv. 6010 Vistdal, fv. 64, Vikelva, fv. 65 Surnadal, fv. 62 Meisalstanda, fv. 669 Smøla og fv. 6069 Kvalvågbakken.
- Det er asfaltert om lag 102 km fylkesveg i 2023.
- Ny gang- og sykkelveg langs fv. 65 mellom Vindøla og Røv i Surnadal kommune vart opna i 2023

- Kvart år gjennomfører vi ulike trafikktryggingstiltak langs fylkesvegnettet. I 2023 vart ny rundkøyning på fv. 60 i Sykkylven ferdigstilt. Rundkøyninga og gangveggar med gangfelt gir sikrere ferdsel både for mjuke trafikantar og anna trafikk i området.

Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling og inkludering, og som legg reglar og avtalar i arbeidslivet til grunn

- For alle vegprosjekt blir det gjennomført inntakskontroll for kvar nye underentreprenør i tråd med seriøsitetsbestemmingar og kontrakt.
- Samferdselsområdet hadde mål om å ferdigstille system for kontraktsoppfølging for FRAM i 2023. Arbeidet starta i slutten av 2022, men på grunn av kapasitetsutfordringar vart ikkje arbeidet ferdigstilt, og arbeidet blir derfor vidareført i 2024.
- Fylkeskommunen som arbeidsgivar skal tilby avtalar om arbeidstrening, lærlingplassar og trainee-opphald i fylkeskommunen. I 2023 har vi hatt:
 - 16 personar på arbeidstrening
 - 3 trainear i traineeordninga Kom Trainee
 - 23 lærlingar
- Fylkeskommunen har leia arbeidet med prosjektet "Nye moglegheiter for digitale talent", i prosjektet samarbeida offentlege og private aktørar om å finne vegar inn til fagutdanning for ungdom i utanforskap.

Møre og Romsdal skal ha nødvendig nettinfrastruktur og god tilgang på klimanøytral energi for vidare utvikling av nærings- og samfunnsliv

- Fylkeskommunen har så langt som råd lagt til rette for konseptutvalsutgreiing for framtidig Kraftnett Nordmøre og Romsdal, men Statnett har så langt valt å ikkje fullføre denne.
- Fylkeskommunen har deltatt aktivt i dialog med Statnett, regionale nettselskap og næringsliv for å stimulere til nettutbyggingsplanar og kapasitetstilgang.
- Gjennom medlemskap i Regionalt kraftsystemutvalg , nedsatt av NVE, har vi deltatt aktivt i arbeidet med utarbeiding av Regional kraftsystemutredning for å avdekke flaskehalsar i nettet, og prognosert produksjon og forbruksutviklinga i fylket.

Større tverrgående satsingar og prosjekt

Fylkeskommunen har mange ulike prosjekt og satsingar. Her finn du ei oversikt over nokre av dei største satsingane og prosjekta som det blir arbeidd med no.

Berekraftfylket Møre og Romsdal

Prosjektet Berekraftfylket Møre og Romsdal skal bidra til at berekraftsarbeidet i Møre og Romsdal har ei felles retning forankra i kunnskap om lokal status på berekraft. Eit sentralt mål er å legge til rette for at kommunane samarbeider om å løyse felles berekraftsutfordringar i partnerskap med ei bredde aktørar, og jobbar med berekraft på ein heilskapleg, systematisk måte.

Berekraftfylket Møre og Romsdal har i 2023 jobba med oppfølging av dei seks felles regionale satsingsområda identifisert i berekraftskartlegginga frå 2021. Av desse har sirkulær økonomi har vore prioritert, og dette har m.a. resultert i eit samarbeid med OECD på kartlegging av sirkulærøkonomi i Møre og Romsdal. Møre og Romsdal er ein av 10 utvalde europeiske regionar som samarbeider med OECD for å finne nøklane for å akselerere sirkulær, grøn omstilling i fylket.

Berekraftfylket bidreg og inn i andre initiativ og prosessar i fylket – blant anna utvikling av Internship-programmet på Campus Kristiansund, omorganiseringa av Framtidslaben, og NHO, LO og KS sitt initiativ «Berekraftsløftet». Prosjektet har også utvikla eit internt berekraftnettverk i fylkeskommunen, som sikrar kompetanseheving i eigen organisasjon.

Prosjektet er ein pådrivar for det regionale samarbeidet på berekraft, og også i nasjonal kontekst blir fylkeskommunens rolle lagt merke til. Fleire fylkeskommunar etablerer og styrker sine berekraftssatsingar i 2023, og har sett til Møre og Romsdal for inspirasjon.

[Les meir om Berekraftfylket på mrfylke.no](https://mrfylke.no)

Skaparkraft

Fylkeskommunen sette i gang satsinga Skaparkraft i 2022, eit tiårig omstillingsprogram med formål å styrke eksportnæringane i fylket og stimulere til utvikling av nye næringar.

Skaparkraft har fire satsingsområde:

- Grøne industrielle løft: tilskotsmidlar til forprosjekt for utvikling av sirkulære verdikjeder og industrielle symbiosar.
- Smart teknologi: tilskotsmidlar til forprosjekt for utvikling/bruk av smart teknologi i utvikling av nye produkt, tenester og forretningsmodellar.
- Fornybar energi: tilskotsmidlar til forprosjekt for auka produksjon og bruk av fornybar energi/energiberarar.
- Kompetanse i og for næringslivet: tilskotsmidlar til utvikling av nye kompetanse- og utdanningstilbod

Skaparkraft har ei økonomisk ramme på 15 mill. kroner årleg i økonomiplanperioden. Programmet har ein velfungerande prosjektorganisasjon med styringsgruppe, referansegruppe og prosjektorganisasjon med programleiar og tre prosjektleiarar. I 2023 vart det gjeve tilskot og oppdrag for totalt 13,8 mill. kroner til ulike utviklingsprosjekt og samarbeidsprosjekt i fylket fordelt slik på dei fire satsingsområda:

- Grøne industrielle løft: kr 7.089.750
- Smart teknologi: kr 2.081.500
- Fornybar energi: kr 3.845.000
- Kompetanse i og for næringslivet: kr 800.000

[Du kan lese meir om satsinga Skaparkraft på mrfylke.no](#)

Møre og Romsdal 2025

Møre og Romsdal 2025 (MR2025) er eit program der offentleg sektor samarbeider for å styrke regionen. Fylkeskommunen er programeigar og samarbeider med kommunane i fylket, statsforvaltaren og andre statlege aktørar. Hovudmålet med programmet er at offentleg sektor er samordna og er ein sterkare utviklingsaktør for Møre og Romsdal.

MR2025 er ein overbygning, ein paraply som fasiliterer og bidreg til deltakardrivne samarbeid, prosjekt og satsingar. Programmet består av to hovudaktivitetar; arrangere møteplassar som grunnlag for samarbeid, og fasilitere fellessatsingar på område der offentleg sektor ser behov for betre samarbeid.

Alle prosjekt og tiltak i programmet har målsettingar som bidreg til å realisere det overordna målet for MR2025. Samstundes vil kvart enkelt prosjekt ha sitt eige formål, prosjektorganisering og i nokre tilfelle annan prosjekteigar enn fylkeskommunen. Verdien av programorganiseringa for delprosjekta er tilgang til møteplassar, nettverk, informasjon, kompetanseheving og strategisk samarbeid både frå MR2025 og mellom prosjekta.

[Bildet gir ei oversikt over møteplassar og fellessatsingar i MR2025.](#) Satsingane i blått er frå 2024 drifta av andre enn MR2025. Omstillingsevne i offentleg sektor er ei ny satsing på veg inn i programmet.

[Les meir om programmet på mrfylke.no](#)

Campus Kristiansund

Campus Kristiansund opnar hausten 2024 og samlar fagmiljø for utdanning, forskning og innovasjon. Fylkeskommunen har også i 2023 vore sentral i utviklingsarbeidet, gjennom deleigarskapet i Campus Kristiansund Drift AS, prosjekt for nye utdanningar på Campus Kristiansund og Internship-programmet for berekraftig utvikling (i samarbeid med Kristiansund kommune og United Cities).

7. februar 2023 la Statsminister Jonas Gahr Støre ned grunnsteinen for Campus Kristiansund saman med 3. klassetrinn på Allanengen barneskole. Grunnsteinen symboliserar FN sine berekraftsmål.

Internship-programmet er no inne i år to, med ti kandidatar frå åtte land og fem kontinent. Dei arbeider med alt frå klimabudsjett i kommunane til å løyse berekraftutfordringar ved hjelp av mogleggerande teknologiar.

I 2023 har ein arbeidd mykje med korleis fagmiljøa skal samarbeide når Campus Kristiansund er i drift, og å skape gode løysingar for felles kunnskapsarenaer og nettverk. Campus Kristiansund Drift AS er no det verktøyet fylkeskommunen kanalisere mykje av dette arbeidet gjennom.

Prosjektet for nye utdanningar held tett dialog med tilbydarar av både desentraliserte og digitale tilbod for heil- og deltidsstudentar, i tillegg til etter- og vidareutdanning. Fagområda som til no er forsøkt dekte inkluderer IT, økonomi, innovasjon og design. Det vert avgjerande med eit nært samarbeid mellom dei aktuelle institusjonane og aktørar som allereie soknar til campusen.

Fylkeskommunen har og eit internt prosjekt, "Vegen til Campus" for å kople fagmiljø i fylkeskommunen tettare på kvarandre og legge til rette for meir samarbeid med dei andre organisasjonane på Campus Kristiansund.

Opplev heile Møre og Romsdal - heile året

I fylkeskommunen sin økonomiplan er det for perioden 2022-2025 sett av to mill. kroner i året til prosjektet «Opplev heile Møre og Romsdal – heile året». Målet er å gjere Møre og Romsdal meir attraktivt som reisemål, ved å utvikle fleire berekraftige heilårsopplevingar og ved å utvikle fleire opplevingar i skjeringspunktet kultur - reiseliv.

Prosjektet er utvikla og blir gjennomført av kulturavdelinga og kompetanse- og næringsavdelinga i fylkeskommunen. Innovasjon Norge og reiselivsnæringa, gjennom destinasjonsselskapa, er også med på laget. Etter anbudskonkurranse er prosjektleiar hyra inn frå konsulentsekskapet 2469 Reiselivsutvikling.

Dei viktigaste eksterne aktivitetane i 2023 har vore :

- Opplevingsfestivalen i Møre og Romsdal vart arrangert i Geiranger i mars. Opplevingsfestivalen er den største og viktigaste møteplassen for aktørane i opplevingsnæringane. Vel 70 deltakarar på festivalen med god spreinga frå dei ulike segmenta innan opplevingsnæringane.
- Våren 2023 vart det rigga ei utlysing av midlar for aktørar innan opplevingsnæringane. Utlysinga retta seg mot nettverk som ønska å utvikle heilårs opplevingar i skjeringspunktet reiseliv og kultur, Nettverka måtte bestå av aktørar både frå tradisjonelt reiseliv og kultursektoren. Det var sett av fire mill. kroner til fire nettverk som kunne få inntil ein million kvar over ein utviklingsperiode på to år. Det kom inn mange gode søknader og det vart løyvd til saman fem mill. kroner til fem nettverksprosjekt med god geografisk og tematisk spreing. Desse nettverka hadde si første samling i oktober 2023. Dyktige aktørar som gir store forventningar til gode resultat, dvs fleire spennande opplevingar som kan seljast til besøkande og fastbuande i Møre og Romsdal og slik bidra til å oppfylle ambisjonen om å bli opplevingsfylke nr 1 i Norge.

Ein bit av historia

Ein bit av historia har i delprosjektet Digital formidling av kulturarv ferdigprodusert miniatstilling for Edøy og Kuli. Turnéstart i 2024, og driftsplan framover er lagt for alle miniatstillinger.

Det narrative spelet Brageskålen, utvikla gjennom prosjektet Ein bit av historia, vart produsert, lansert og tatt i bruk i skolar og andre verksemder. Vidare bruk blir utforska i 2024. DKS-turné med utgangspunkt i spelet har vore i fylket i 2023.

Nasjonalt postvegprosjekt

Forprosjektet som har vore eit samarbeid mellom Trøndelag fylkeskomme, Vestland fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune vart avslutta i mai og hovudprosjekt er starta opp i august med dei same samarbeidspartane. Hovudprosjektet kallast "Nasjonalt postveiprosjekt - den trondhjemske postvei 2023-2026".

UNG kunst og kultur

I verdiskapingsprogrammet UNG kunst og kultur har åtte kommunar signert samarbeidsavtale i 2023, til saman er no 15 kommunar med i samarbeidet. Samarbeidsavtalane regulerer eit gjensidig tilskot for å fremme UNG kunst og kultur og stimulere til arbeid på feltet i heile fylket.

Den interaktive produksjonen "Fylgja" av filmskapar Sverre Mollan er utvikla som eit innovativt innkjøp i UNG kunst og kultur, og har vore ute på turné på Nordmøre våren 2023.

Omstilling Geirangerfjorden verdsarvområde og omland

Fylkesutvalet vedtok samrøystes mars 2020 å etablere eit omstillingsprosjekt for Geirangerfjorden og omland. Bakgrunnen var det komande nullutsleppsvedtaket som innførast 1.1.2026, men også dei særlege utfordringane Geiranger og omlandet har med handteringa av turiststraumen samstundes som ein skal oppretthalde eit levande lokalsamfunn gjennom heile året. Omstillingsprosjektet skal difor tilrettelegge for naudsynt omstilling og ei meir berekraftig utvikling av verdsarvområdet slik at ein står betre rusta til å handtere dei utfordringane som vil kome.

Omstillingsprosjektet jobbar ut frå følgjande 5 hovudmålsettingar:

- Auka verdiskaping per turist/besøkande, herunder berekraftig utvikling og forvaltning av Geiranger verdsarvområde.
- Lågare miljømessig fotavtrykk per turist/besøkande, herunder særleg fokus på omstilling og tilpassing til utsleppsfri ferdsel på verdsarvfjordane frå 2026.
- Fleire heilårsarbeidsplassar i Geiranger og omegn, herunder utvikling av fleire heilårsopplevingar og –arbeidsplassar.
- Betre vilkår for landbruket.
- Betre samarbeid og koordinering mellom forvaltning og næring.

Omstillingsprosjektet har ei økonomisk ramme på 10 mill. kroner fordelt over ein 3,5 årsperiode. Arbeidet starta 1.mars 2021 og fasast ut august 2024. Prosjektet har ein operativ og velfungerande prosjektorganisasjon med styringsgruppe (leia av ass.fylkeskommunedirektør), arbeidsgruppe (repr. frå relevante seksjonar og fagmiljø i fylkeskommunen) og prosjektleiar. I 2023 vart det gjeve tilskot for i overkant 2 mill. kroner til ulike utviklingsprosjekt og samarbeidsprosjekt retta inn mot verdsarvområdet vårt. Fleire av desse prosjekta vil løpe vidare etter at sjølve omstillingsprosjektet er fasa ut i fylkeskommunal regi.

Skredsikring Korsmyra – Indreeide

Indreeidstunellen på fv. 63 mellom Korsmyra i Stranda kommune og Indreeide i Fjord kommune er nær ferdig. Berre mindre arbeider og godkjenning står att ved utgangen av 2023. Tunnelen går forbi 13 skredpunkt på strekinga og vil gje sikrare og meir føreseieleg framkome for innbyggjarar, turistar og næringsliv. I tillegg til tunnelen, inneheld prosjektet også 400 meter veg i dagen, ei 25 meter lang bru og ein 135 meter lang ledevoll for skred på Indreeide.

Smartare transport

Prosjektet har utgreia løysingar for eit framtidretta system for kollektivtransport med autonome og utsleppsfrie passasjerbåtar i byar. Måla for prosjektet har mellom anna vært å:

- Bruke vassvegen som avlastning til vegnettet
- Bidra til eit framtidretta og fleksibelt kollektivtilbod i byane
- Gi kollektivreisande betre oversikt, mobilitet og brukarvennlegheit
- Skape nærings- og kunnskapsutvikling

Med Ålesund og Kristiansund som utgangspunkt har prosjektet gjennomført transportfaglege analysar og gjort ei grundig kartlegging av status for autonomi til sjøs i dag. Basert på dette grunnlaget har prosjektet arbeidd med ulike fartøykonsept, framdriftssystem, seglingsfrekvensar og -mønster, smarte styringssystem og naudsynt landbasert infrastruktur for definerte konsept i kvar av dei to byane. Passasjertryggleik, regulatoriske utfordringar og datatryggleik har også vært viktige

tema. Avslutningsvis i prosjektet blei det utarbeidd kost-nytteanalysar som legg grunnlaget for vidare realisering av konsept. 2023 har blitt nytta til formidling, forankring og avslutning av prosjektet.

Prosjektet er utvikla i samarbeid mellom SINTEF, NTNU, Ålesund og Kristiansund kommune.

[Les meir om prosjektet på Smartare transport si prosjektnettside](#)

Nytt betalingssystem i kollektivtrafikken

FRAM deltek saman med fleire andre fylkeskommunar og kollektivselskap i eit offentleg-offentleg samarbeid for utvikling av ein ny mobilitetsplattform. I 2023 har FRAM lansert ny nettbutikk og app, og ny betalingsløyising er på plass frå 2024. Gjennom satsinga får FRAM tilgang til ei mobilitetsplattform som bygger eit økosystem som fremmar digital innovasjon. Formålet med denne satsinga er å sikre alle innbyggjarar eit trygt, berekraftig og effektiv reisesystem.

Ny Nerlandsøybru

Bygging av ny Nerlandsøybru i Herøy kommune haldt fram i 2023. Den eksisterande Nerlandsøybrua vart opna i 1968 og er ein del av fylkesveg 5878. Som ei rekkje andre bruer som vart bygd på den tida, har brua ein veldig slank konstruksjon som gjer den utsett for korrosjonsskader. Det er nettopp korrosjonsskader som er bakgrunnen for at det er behov for ei ny bru, der ein samtidig sikrar ei betre løyising for mjuke trafikantar, med gang- og sykkelveg og ny busslommer.

Nye Nerlandsøybrua blir 574 meter lang. Breidda blir 11,5 meter, inkludert ein tre meter brei gang- og sykkelveg med rekkverk mot bilvegen. Ny bru skal stå ferdig i 2025.

[Les meir om prosjektet fv.5878 Nerlandsøybrua på mrfylke.no](#)

Ferjekaier

Fylkeskommunen er i gang med bygging av nye ferjekaier fleire stader i fylket. Ferjekaier er kompliserte konstruksjonar og anleggsarbeida skjer samtidig som det skal avviklast trafikk som normalt.

Seks større ferjekaiprojekt var i gang i 2023:

- Åfarnes og Søsnes f.k. – nye kaier ferdig bygd i 2023. Operatør er i ferd med å montere ladeinfrastruktur for ferjene og landarealet skal tilpassast med nye venterom. Ny liggekai på Søsnes (Gjertrudhammeren) er under oppføring, og er planlagt ferdig i 2024.
- Linge og Eidsdal f.k. – nye kaier for å kunne ta imot nye og større ferjer med nullutsleppsløyising. Prosjektet er i slutføring.
- Aukra og Hollingsholmen f.k. – utbetring/forsterkning, gjennomført i 2023
- Voksa, Larsnes, Kvamsøy og Åram f.k. – nye kaier/utbetring: starta opp i 2023
- Dryna og Brattvåg f.k. – nye kaier: forprosjekt i 2023
- Forsterkning av ferjekaier – Leknes ferjekai gjennomført i 2023, Kvanne ferjekai starta opp.

Tunneloppgradering

Fylkesvegnettet i Møre og Romsdal har 33 tunnelar som er omfatta av tunnelsikkerheitsforskrifta. 25 av dei har behov for oppgradering for å fylle krava i regelverket. Regelverket skal sikre tryggleik for trafikantar i tunnelane gjennom krav til å forebygge kritiske hendingar som kan sette menneske, miljø eller tunnelen i fare og for å sørge for vern i tilfelle ulykker.

I mange av dei totalt 62 tunnelane på fylkesvegnettet er det også nødvendig med andre utbetringar, med omsyn til trafikktryggleik, framkome og på grunn av forfall/vedlikehaldsetterslep.

Oppgradering av Remetunnelane på fv. 659 mellom Eidet og Brattvåg i Haram kommune vart ferdigstilt i 2023. Det køyrer i gjennomsnitt om lag 2 900 køyretøy i døgnet gjennom Remetunnelane. 11 prosent av dei er lange køyretøy (tal frå 2021). Tunnelane var rekna som eitt av dei mest utrygge punkta på fylkesvegnettet i Møre og Romsdal, fordi store køyretøy legg seg inn mot midten av tunnelen på grunn av låg høgde.

Det vart i 2023 også starta planlegging av fire tunnelar på fv. 653 mellom Furene i Volda og Ulsteinvik (Selvåg-, Eiksund-, Helgehorn- og Morkaåstunnelen). På grunn av omfattande og krevjande planlegging, er det planlagt å utsetje utbetring av Eiksund-, Helgehorn-, og Morkaåstunnelane, og starte opp utbetring av berre Selvågtunnelen i 2024. Tidspunkt for oppgradering av dei andre tunnelane blir bestemt etter kvart som gjennomføringsstrategien blir lagt, og i samband med fastsettinga av Møre og Romsdal fylkeskommune si til ein kvar tid gjeldande økonomiplan.

Bypakke Ålesund

Bypakke Ålesund er eit samarbeid mellom Ålesund kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen. Om lag fire milliardar kroner skal brukast på betre vegar, eit samanhengande gang- og sykkelvegnett, sikre mjuke trafikantar og legge til rette for auka bruk av kollektivtransport.

Møre og Romsdal fylkeskommune er ansvarleg for bygginga av ei rekkje av prosjekta i Bypakke Ålesund. Dei største er Blindheim-Flisnes og nytt kollektivknutepunkt i Ålesund sentrum. Arbeidet med kollektivknutepunkt vart starta opp i 2023 og er planlagt ferdig hausten 2024. Fylkeskommunen har i tillegg ansvar for mange mindre prosjekt og som har stor effekt for miljøet, tryggleiken og framkomsten for alle som brukar Ålesund. I 2023 vart det mellom anna starta opp bygging av sykkelfelt og fortau i Tonningsgate.

Bypakke Kristiansund

Fylkeskommunen deltok i treparts-samarbeidet mellom Statens vegvesen, Kristiansund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune. Partane ventar på at fagleg grunnlag skal bli behandla/godkjent i Vegdirektoratet.

Miljøfyrtårn og klimarekneskap 2023

Noreg har forplikta seg til Parisavtalen, og Møre og Romsdal må også bidra med å få ned dei norske klimagassutsleppa. Klimabudsjett og klimarekneskap kan hjelpe oss å halde oversikt over utsleppa våre, kvar vi må kutte og kva effekt ulike klimatiltak har.

Møre og Romsdal fylkeskommune bruker klimarekneskap og klimabudsjett som styringsverktøy. På same måten som den økonomiske rekneskapen er eit hjelpemiddel til å vise den økonomiske situasjonen og utviklinga i fylkeskommunen fram til nå, viser klimarekneskapen korleis klimagassutsleppa har utvikla seg i et historisk perspektiv. Og på same måte som det økonomiske budsjettet er ein plan for korleis økonomien skal sjå ut i framtida, innanfor ein gitt tidshorisont, er klimabudsjettet ein plan for klimagassutsleppa våre i framtida.

Årsrapporten inneheld klimarekneskapen til Møre og Romsdal fylkeskommune sin verksemd og for Møre og Romsdal fylke, som eit geografisk område. Verksemda sine utsleppstal hentar vi frå Miljøfyrtårn-rapporteringa vår og frå samferdselsavdelinga.

Når ein jobbar med klimarekneskap er det hensiktsmessig å systematisere utsleppa i ulike kategoriar eller scopes. Meir informasjon om systematisering, scopes og andre omgrep finn du lenger nede på sida.

Miljøfyrtårn 2023


Møre og Romsdal fylkeskommune er sertifisert som Miljøfyrtårn-verksemd. Sertifiseringa inneber mellom anna at vi har eit miljøleingssystem som sikrar at vi har sett oss mål for arbeidet, vi har ein organisasjon som handterer det daglege arbeidet og involverer leiding og tilsette. Gjennom den årlege rapporteringa får vi fram nøkkeltala og faktagrunnlaget som sett oss i stand til å følge opp resultatata frå år til år.

Avfall og ombruk

Vi har i mange år rapportert på avfallsmengdene vi leverer og kor mykje av dette som er sortert. Her har utfordringane vore å få kvalitetssikra tal, ettersom fleire renovasjonsselskap ikkje har kunne gi kvalitetssikra talgrunnlag. Dette ser ut til å bli betre no, ettersom selskapa prioriterer veging av avfallet i staden for estimat ut frå talet på konteinerar.

Mange einingar manglar framleis ein tilfredsstillande infrastruktur for kjeldesortering. CO₂- utslepp frå restavfall utgjorde 61 tonn i 2023. CO₂ utslepp frå sortert avfall utgjorde 9,5 tonn. Dette utgjør ein kjeldesorteringsgrad på 42,6 prosent. Nokre einingar får ein høg kjeldesorteringsgrad på trass av dårleg infrastruktur, dette skuldast at dei leverer sorterte avfallstypar med høg vekt.

Frå 2023 vart det lovpålagt å kjeldesortere plast og organisk avfall. Dette lovkravet er det framleis 10 einingar som ikkje klarer å oppfylle, ettersom dei ikkje har eit kjeldesorteringssystem som fangar opp dette.



Avfall i kg


Energibruk

Dei fleste bygga i fylkeskommunen er oppvarma med elektrisitet. Ved seks skolar er det teke i bruk fjernvarme. Denne fjernvarmen er produsert av brennbart materiale som pellets, LNG og restavfall. CO₂-utsleppa frå fjernvarme-anlegg er berre litt mindre enn CO₂-utsleppa frå produksjon av el-krafta vi brukar: El-forbruk: 1006 tonn CO₂, fjernvarme 804 tonn CO₂.

Variasjonane mellom dei ulike åra er ikkje justert for temperaturskilnader.

Ved ni skolar har ein installert varmepumpe med grunnboring, to skolar har fått installert solcelle-anlegg. Her er vi inne i ein prosess der stadig fleire får installert varmepumpe-teknologi og solcelleanlegg.

For 2023 har vi også fått fram tal for el-forbruket i samferdselssektoren. Vi ser at fergedrift og vegdrift er svært store konsumentar av elektrisk kraft.



Bruk av elektrisk kraft og fjernvarme siste fire år i kwh

Transport

Dette er den desidert største utsleppskjelda vi har i fylkeskommunen. Ferjetrafikken åleine utgjorde i 2022 halvparten av CO₂-utsleppa til fylkeskommunen. Områda ferjedrift, kollektivtransport og hurtigbåtar utgjorde til saman 88 prosent av dei samla utsleppa til fylkeskommunen.


Den omfattande elektrifiseringa av ferjeruter har ført til ein nedgang av CO₂-utsleppa frå ferjedrift på 36 prosent frå 2021 til 2023.

Klimagassutslepp

Tala frå energiforbruk, avfallsmengder, tenestereiser og anleggsmaskinar blir henta ut frå den årlege miljøfyrtårn-rapporteringa.

Utsleppa frå reiser til-frå arbeidsstaden har vi rekna ut frå miljøundersøkinga som vart gjennomført våren 2022.

Utsleppstala frå ferje, buss og hurtigbåtar blir rekna ut frå drivstoff-forbruket som er motteke frå samferdselsavdelinga.



Klimagassutslepp frå fylkeskommunal drift i 2021-2023

Klimarekneskap 2023

Eit klimarekneskap skal presentere dei samla utsleppa i form av CO₂-ekvivalentar. Målet er å kartlegge dei viktigaste kjeldene og drivarane bak klimagassutsleppa. Då kan ein finne og iverksette tiltak retta mot dei mest sentrale utsleppskjeldene. Klimarekneskapen skal vise om vi klarer å følge opp tiltaka som er beskrive i klimabudsjettet.

Tidlegare har klimarekneskapen som blir presentert i årsrapporten inneheldt direkte utslepp frå verksemda til Møre og Romsdal fylkeskommune og samfunnet Møre og Romsdal. Med direkte utslepp for verksemda meiner vi utslepp frå kjelder verksemda eig eller kontrollerer. Med direkte utslepp for samfunnet Møre og Romsdal meiner vi utslepp som skjer innanfor fylkesgrensa.

For å få betre oversikt over dei totale utsleppa som følger av tenestetilbodet til Møre og Romsdal fylkeskommune jobbar fylkeskommunen med å kartlegge både direkte og indirekte utslepp som følger av verksemda vår. I klimarekneskapen for 2023 har vi fått med tal for utslepp knytt til vegdrift, det vil sei utslepp frå køyretøy entreprenørane bruker når dei for eksempel brøyter dei fylkeskommunale vegane og utslepp frå salt/sand/grus og asfalt. Vi har ikkje tal frå alle vegdriftskontaktar då krav til rapportering førebels ikkje ligg inne i alle kontraktane våre. Vi har òg skaffa oversikt over straumbruken som går til veglys og drift av tunnelar.

Det er viktig å vere klar over at kartlegging av utsleppa våre er ein pågåande prosess og omfanget vil bli utvida etter kvart som tal blir tilgjengelege. Det fører til at det ikkje vil vere mogleg å samanlikne frå år til år, men tala vil gradvis gi eit meir korrekt bilde av utsleppa knytt til verksemda vår.

Klimarekneskap for verksemda (2023)

Tal for verksemda sine utslepp er henta frå Miljøfyrtårnsertifiseringa vår og inkluderer tal frå samferdselsavdelinga (ferje, hurtigbåt og buss), det er nytta tal frå 2023. Tala frå Miljøfyrtårn inneheld bruk av eigne køyretøy og stasjonær forbrenning til oppvarming (scope 1), innkjøp av energi (scope 2) samt flyreiser og avfall (scope 3). Verksemda jobbar med interne rutinar for å sikre at vi fangar opp alle flyreiser og all køyring knytt til verksemda. I tillegg inneheld tala for 2023 utslepp frå nokre av vegdriftskontraktane, mellom anna utslepp frå køyretøya entreprenørane bruker. Tal for utslepp frå køyretøy er inkludert i grafen som viser klimarekneskapen for verksemda, medan tal for utslepp knytt til saltet/sanda/grusen som er brukt i vegdrift og til asfalten som er lagt ikkje er inkludert i grafen, da vi reknar dei som indirekte. Utslepp og produksjon knytt til sist nemnte er vist i

For straumbruk og køyretøy (ferjer, bussar, bilar) som går på elektrisitet har vi brukt 29 g CO₂e/kWh for 2023, som er henta frå [Klimavakten](#), for prisområde NO3 Midt-Noreg. Miljøfyrtårn bruker ein felles faktor for heile Noreg. Vi har rekna om slik at vi bruker same utslippsfaktor på 29 g/kWh for all elektrisitet som fylkeskommunen bruker.

Indirekte utslepp frå vegdrift i sesongen 2022/2023

Indirekte utslepp, sesong 2022/2023	Tonn CO ₂ e
Salt	1153
Grus	76
Asfalt	3141
Sum	4370

Per no er ikkje krav til rapportering på klima- og miljøfaktorar i dei ulike vegdriftskontraktane like. Dette blir det jobba med. Mengdene i kontraktane varierer frå år til år, for eksempel er brøytekilometer styrt av været og tonn utlagt asfalt styrt av tildelingane. I 2023 blei det brøytta 1 306 770 km og lagt 110 km med asfalt. For salt og andre strømmiddel bruker vi snittfaktorar og anbefalte faktorar frå bransjen og frå forskjellige EPD'ar. Oppbygging/innhald i EPD er avgjerande for størrelsen på faktoren.


Betre kartlegging av utsleppa våre fører til at det ser ut som om utsleppa aukar sjølv om vi går over til nullutslepps transportmiddel i kollektivtransporten. Dette er ikkje en reell auke, men kjem av at desse tala ikkje har vore presentert tidlegare. I åra som kjem vil vi truleg få betre og betre oversikt over fleire av våre kjelder til klimagassutslepp og dermed vil utsleppa våre sjå ut som om dei aukar.

Figuren under viser at dei totale utsleppa i 2023 var på 64 814 tonn CO₂-ekvivalentar mot 61 246 tonn CO₂-ekvivalentar i 2022 og at med dei planlagde tiltaka for å fase inn fossilfrie ferjer og bussar vil dei direkte utsleppa frå verksemda bli redusert med meir enn 55 prosent.

I framskrivinga ligg allereie vedtatt tiltak innan elektrifisering av ferjer og nullutsleppsbuskar (Rutepakke 1 , 2 og 3). I 2023 var CO₂-utslepp frå kollektivtrafikk med buss, båt og ferje i Møre og Romsdal redusert med 34 prosent samanlikna med 2019.

I tiltaksbana ligg rutepakke 4-8, som har oppstart i perioden 2026-2027. Dei ligg i tiltaksbana sidan dei ikkje var vedtatt då årsrapporten blei skrive.

I mangel av samanlikningsgrunnlag er 2019 sett som referanseår, tilsvarande som Samferdsel har gjort i sitt arbeid med å redusere klimagassutsleppa frå kollektivtransporten.



Klimagassutslepp frå verksemda basert på tal frå Miljøfyrtårn (MFT) og egne tal frå samferdselsavdelinga.

For status på tiltaka 2023-2026 klikk deg inn på denne tabellen.

Det har òg vore jobba med andre tiltak i fylkeskommunen i 2023, som kan bidra til reduksjon i både direkte og indirekte klimagassutslepp frå eiga verksemd samt tiltak som påverkar andre sine klimagassutslepp. Sjå kapittel i årsrapporten om resultat. [Dei fleste av tiltaka nemnt under Miljøfylket vil vere med å bidra til reduksjon av klimagassutsleppa.](#) Ein del tiltak under Verdiskapingsfylket, Inkluderings- og kompetansfylket og Samarbeidsfylket bidreg også til klimagassreduksjon.

Tala frå Miljøfyrtårn gir ikkje eit komplett bilde av korleis verksemda påverkar klimaet då verken klimagassutslepp knytt til varetransport eller drift av bygg- og anleggsprosjekt er med.

Fylkeskommunen si verksemd fører òg til utslepp andre stader som følgje av våre innkjøp (t.d. skulemateriell, inventar og byggematerialar). For å få eit anslag over kor store dei er og kva delar av verksemda som fører til dei største utsleppa andre stader, har fylkeskommunen tidlegare berekna klimafotavtrykket frå verksemda ved hjelp av verktøyet Klimakost. Verktøyet er godt egna til å finne område ein bør sette inn tiltak, men ikkje til å spore årleg utvikling. Analysen er derfor ikkje gjenteke for 2023.


Klimarekneskap for samfunnet Møre og Romsdal (2022)

Tal for direkte utslepp for samfunnet Møre og Romsdal er henta frå Miljødirektoratet. Tala kan hentast ut på kommune- eller fylkesnivå, ikkje på verksemdsnivå. I desember 2023 vart statistikken oppdatert med tal for 2022. Utslepp og opptak i sektoren skog og arealbruk inngår ikkje i tala.

Tal for Haram og Ålesund er slått saman i Ålesund. Miljødirektoratet hadde ikkje splitta dei i to da fylkeskommunen henta ut tala. Tal for energiforsyning i Ålesund er henta frå norskeutslipp.no da dei var rapportert inn feil til Miljødirektoratet.


Miljødirektoratet oppdaterer modellane sine jamleg, dermed blir tal i føregåande år også endra ved nye publiseringar. F.eks. skriv Miljødirektoratet dette om kva som er nytt ved publisering av 2022-tal: «Siden forrige publisering av klimagassregnskap for kommuner er det gjort flere større forbedringer i utslippsmodellen for veitrafikk (Nerve). Disse endringene påvirker utslippene i alle kommuner for hele tidsserien fra 2009. Dermed vil det være betydelige forskjeller i utslippstallene mellom de to publiseringene. Når utslipp skal sammenlignes mellom år, er det viktig å bruke tall fra den samme publiseringen. Når tallene brukes til for eksempel klimabudsjett og planer, bør data for alle år hentes fra den nye publiseringen.» Fylkeskommunen brukar tal frå den siste publiseringa. Den observante lesar vil sjå at dei historiske utsleppa i klimarekneskapen for 2022 ligg høgare enn i førre klimarekneskap.

Figuren under viser at dei direkte klimagassutsleppa i samfunnet Møre og Romsdal har vore relativt stabile i dei åra rekneskapen er publisert (heiltrukken linje). Frå 2009 til 2022 har utsleppa gått ned 7 prosent. Stipla linje (framskriving) viser korleis det er venta at utsleppa vil minke fram til 2030 basert på dagens politikk og beslutta tiltak, sjå kap. *Noter om framskriving og referanseår*. Småprikk linje (målbane) viser korleis utsleppa må minke med 55 prosent fram til 2030 og vidare ned til 95 prosent reduksjon i 2050. Framskrivinga viser at samfunnet ikkje planlegg tiltak som gir stor nok utsleppsreduksjon til at samfunnet når måla som er sett.



Fylkeskommunen nyttar 2009 som referanseår for klimamåla for samfunnet Møre og Romsdal. Kvar målbana skal vere i 2030 og 2050 er derfor berekna med utgangspunkt i 2009.

I 2022 fordelte utsleppa i samfunnet Møre og Romsdal seg som i figuren under.



Dei største sektorane verksemda har direkte innverknad på utsleppa frå er:

- *sjøfart, passasjer*: gjennom ferje- og hurtigbåttilbodet
- *vegtrafikk, bussar*: gjennom busstilbodet

Noter om framskriving og referanseår

Lokale klimamål i Noreg brukte 1991 som referanseår over lengre tid fordi 1991 var det første året SSB publiserte statistikk for klimagassutslepp i kommunane. Denne statistikken blei avslutta i 2009. Etter nokre års opphald begynte Miljødirektoratet i 2019 å publisere statistikk for perioden frå og med 2009. SSB sin avslutta tidsserie for perioden før 2009 er ikkje direkte samanliknbar med Miljødirektoratets nye publisering, og er ikkje oppdatert årleg på same måten. Miljødirektoratet publiserer utsleppsrekneskap for kommunar og fylkeskommunar. Dei leverer ikkje tidsseriar lengre tilbake enn 2009. I klimabudsjett for 2022 tilrådde fylkeskommunedirektøren å flytte referanseåret for klimamåla frå 2005 til 2009.

Verken kommunar eller private verksemdar har plikt til å rapportere tiltak for å redusere klimagassutslepp. Fylkeskommunedirektøren har derfor ikkje oversikt over kva tiltak som er planlagt i Møre og Romsdal fylke. Fylkeskommunedirektøren lagde ei enkel framskriving til klimabudsjettet for 2022 for å synleggjere i kva retning fylket er på veg. Dei sist tilgjengelege utsleppstala var da frå 2019 og framskrivinga startar derfor i 2020. Denne framskrivinga ligg inne som stipla grå linje i Figur 2. etter et framskrivinga blei laga har Miljødirektoratet oppdatert berekningsmodellane sine og dermed også dei historiske utsleppstala. Det er grunnen til at framskrivinga ligg litt under dei historiske utsleppa. Det er ikkje brukt ressursar på å lage ei ny framskriving.

I dag finnast det ikkje nasjonale standardar for å lage framskriving og det er krevjande å utarbeide detaljerte framskrivingar. Fylkeskommunedirektøren støtta seg på arbeidet med nasjonale framskrivingar frå Klimakur 2030. Det er viktig å ta inn over seg at framskrivinga er eit anslag.

Målemetodane er usikre og framskrivinga er basert på ein del føresetnader som medfører usikkerheit i resultatet. Det er derfor svært sannsynleg at framskrivinga vil kunne endre seg i framtida.

Omgrep brukt i klimarekneskapen


Klimagassutslepp omfattar som regel utslepp til luft av alle typar gassar som påverkar atmosfæren si evne til å halde på varme (drivhuseffekten) og dermed klimaet: karbondioksid (CO₂), metan (CH₄), lystgass (N₂O) og f-gassar.

CO₂-ekvivalent er eininga som blir nytta i klimagassrekneskap. Eininga svarar til den effekten ei gitt mengd (som regel eit tonn) CO₂ har på den globale oppvarminga over ein gitt periode (som regel 100 år). Dei andre drivhusgassane har eit sterkare oppvarmingspotensial enn CO₂, og utsleppa frå desse gassane blir derfor rekna om til CO₂-ekvivalentar. Døme:

- Utslepp av 1 tonn CO₂ til atmosfæren er lik 1 tonn CO₂-ekvivalentar.
- Utslepp av 1 tonn metan til atmosfæren er lik 25 tonn CO₂-ekvivalentar (metan er altså ein kraftigare klimagass enn CO₂).

Greenhouse Gas Protocol definerer systemgrensene for utslepp i 3 scopes (=omfang/kategori):

- **Scope 1 - direkte utslepp:** Utslepp som skjer innafør eit geografiske område eller direkte utslepp frå kjelder verksemda eig eller kontrollerer.
- **Scope 2 - indirekte utslepp:** Utslepp frå energiproduksjon utanfor det geografiske området som konsekvens av forbruk av nettbasert elektrisitet, varme eller kjøling innafør det geografiske området eller i verksemda.
- **Scope 3 - Indirekte utslepp:** Utslepp som skjer utanfor det geografiske området, som ein konsekvens av aktivitet og forbruk av varer og tenester innafør det geografiske området eller alle indirekte utslepp frå vare- og tenestekjøpa til verksemda.



Ein illustrasjon av kva som høyrer til under dei ulike scopa. Kjelde: Asplan Viak

Klimafotavtrykk omfattar både direkte og indirekte utslepp, altså scope 1, 2 og 3.

Når vi skriv **verksemda** viser vi til organisasjonen Møre og Romsdal fylkeskommune.

Når vi skriv **samfunnet Møre og Romsdal** viser vi til heile fylket vårt (det geografiske området) med innbyggjarar, næringsliv, industri, organisasjonar etc.

Greenhouse Gas Protocol, kjent som GHG–protokollen er den mest brukte og anerkjente standarden for rapportering av klimagassutslepp i eit klimarekneskap. Greenhouse Gas Protocol har utvikla globale standardar og metodar for å berekne klimagassutslepp for privat og offentlig sektor.

Figuren under viser ein vanleg måte å systematisere utslippa på. Tala er fiktive.

Den nederste rada viser dei direkte utslippa, dvs utslipp fra kjelder verksemda eig eller kontrollerer; for eksempel Møre og Romsdals fylkeskommune sine utslipp frå kollektivtransporten. For Møre og Romsdal fylke vil det sei utslipp som skjer innafor fylkesgrensa vår. For Noreg vil det tilsvarande vere utslippa innafor Noreg sine grenser, og det er desse utslippa vi rapporterer til FN ifm Parisavtalen.


Når Møre og Romsdal fylkeskommune bygger ein nye skole eller vedlikeheld ein veg, som ein del av verksemda vår, vil for eksempel produksjon av materialar føre til klimagassutslepp. Desse utslippa kjem som følge av innkjøp av varer og tenester og skjer ikkje nødvendigvis innafor fylkesgrensene heller, og kalles indirekte utslipp.

Klimafotavtrykket er den totale klimapåvirkningen, dvs både direkte og indirekte utslipp, og visast i den øverste rada i figuren. For dei fleste verksemda vil dei indirekte utslippa vere større enn dei direkte.


Dei historiske tala for direkte utslipp frå Noreg, alle kommunar og fylke i landet får vi frå Miljødirektoratet, grøn rute i figuren.

Dei historiske tala for direkte utslipp frå Møre og Romsdal fylkeskommune si verksemd hentar vi frå rapportering til Miljøfyrtårn, som er ein del av det å vere miljøfyrtårnsertifisert, sjå oransje rute i figuren.

Den totale klimapåvirknaden, altså klimafotavtrykket, veit vi mindre om. Når vi kjøper ei vare frå Kina, produsert med strøm frå kullkraftverk, kjem utslippet som den vara står for på Kina sin utslppsrekneskap, ikkje Noreg sitt. Utslippa i Kina skuldast blant annet at Kina produserer mange av varene vi i vesten forbruker.



Figuren illustrerer korleis storleik på utslipp avheng av systemgrensa til klimarekneskapan og klimabudsjettet. Tala i figuren er fiktive. Kjelde: Veileder for klimabudsjett som styringsverktøy.



Figuren illustrerer historiske utslipp, framskriving og målbane. Kjelde: Veileder for klimabudsjett som styringsverktøy

Historiske utslipp er utslipp i dei føregåande åra.

Framskriving av forventa utslipp basert på vedtatt politikk og dersom ein ikkje sett i gang fleire klimatiltak.


Målbanen viser kor mykje utslappa må reduserast for å nå dei måla som er sett.

Tiltaksbanen viser utslppsreduksjonane med dei planlagde klimatiltaka.

Samanstilling av historiske utslipp og framskriving blir kalla **referansebane**.

Slik er vi organisert

Organisasjonskart for Møre og Romsdal fylkeskommune



Kart som viser politisk organisering finn du under Politikk

Leiargruppa til fylkeskommunedirektøren


- Toril Hovdenak, fylkeskommunedirektør
- Gunn Randi Seime, ass.fylkeskommunedirektør
- Erik Brekken, kompetanse- og næringsdirektør
- Jesper Wiig, samferdselsdirektør
- Heidi- Iren Wedlog Olsen, kulturdirektør
- Tone Nord, fylkestannlege
- Torgeir Haukebø, bygg- og eigedomssjef
- Dag Lervik, organisasjonssjef
- Finn Lervik, juridisk sjef
- Inger Johanne Moene, kommunikasjonssjef

Du kan lese meir om fylkeskommunen som organisasjon på mrfylke.no

Tilsette og årsverk i tal


Ved slutten av 2023 hadde Møre og Romsdal fylkeskommune 2675 tilsette og 2462 årsverk.

Tal på årsverk




Diagrammet inneholdt alle lønnsaktive årsverk per 31.12.23. Dette betyr at både fast tilsette, vikarar, lærlingar, trainear og engasjerte er med i årsverksoversikta.

Tal på tilsette




Tal på tilsette i deltidstillingar




Talet på tilsette i deltidstillingar har gått ned frå 753 til 679 sidan 2018.


Tal på mellombels tilsette




Kjønnsfordeling i dei ulike sektorane




Kvinner og menn i leiande stillingar (tilsette)




Gjennomsnittsalder på tilsette




Sjukefråvær 2014-2023




Sjukefråvær i ulike aldersgrupper fordelt på kjønn




Gjennomsnitt tal på veker foreldrepermisjon




Gjennomsnittlig årslønn i Møre og Romsdal fylkeskommune




Gjennomsnittlig årslønn, HTA kapittel 3



Gjennomsnittlig årslønn, HTA kapittel 4



Gjennomsnittlig årslønn, HTA kapittel 5



Organisasjonsutvikling

Omstilling av organisasjonen

Med 2600 tilsette fordelt på lokasjonar i heile fylket, er fylkeskommunen ein av dei største arbeidsgivarane i Møre og Romsdal.

Organisasjonsstrategi

Organisasjonsstrategien er den felles plattformen vår for korleis vi som organisasjon skal løyse samfunnsoppdraget og nå måla i den regionale planstrategien og fylkesplan. Psykologisk trygghet og samarbeid, samt arbeidsgivarprofilering var hovudtema for organisasjonskonferansen i 2023 som samla nærare 300 leiarar, hovudverneomboda, tillitsvalde og HMS-koordinatorar. På konferansen løftar vi også fram gode eksempel på utviklingsprosessar som blir gjennomført i ulike deler av organisasjonen.

Organisasjonsutvikling

For å følge opp organisasjonsstrategien og styrke digitaliseringa i organisasjonen, er «Program for nye digitale samhandlings- og arbeidsformer» etablert. Programmet består av sju prosjekt som er direkte knytt til utvikling og digitalisering av viktig infrastruktur og sentrale arbeidsprosessar for medarbeidarar i og brukarar av fylkeskommunen. Programmet omfattar desse prosjekta:

- Retningslinjer for informasjonsforvaltning og lagring
- Revisjon av kommunikasjons- og kanalstrategi
- Nytt intranett og nettsideutvikling
- Sak – og arkivsystem
- Kvalitetssystem
- Verksemdstyringssystem
- Heilskapleg digital HR-løysing

I 2023 er det inngått avtalar om nye digitale støttesystem knytt prosjekta. Implementeringsprosessen både i høve til teknisk infrastruktur og opplæring i nye arbeidsprosessar og verktøy, har hatt stort fokus i 2023. For å sikre forankring og nå alle målgrupper, blir opplæringa gjennomført både gjennom:

- Fylkesakademiet si fredagsopplæring
- Superbrukar- og brukarkurs

Oppfølging av undersøkingar knytt til verksemdstyring og intern kontroll, og informasjonssikkerheit og personvern er tydeleg og blir sett i nær samheng med programmet. Det er utvikla ein modell for heilskapleg verksemdstyring og kvalitetsarbeid i samsvar med kommunelova § 25-1.

Fylkeskommunen skal ha eit sertifiserbart kvalitetssystem etter ISO standard 9001. [Du kan lese meir om internkontroll i årsmeldinga.](#)

Dei siste par åra har det vore auka samarbeid mellom fylkeskommunane på ei rekkje viktige område, og spesielt knytt til digital utvikling. I den samheng deltek fylkeskommunane i kollegie- og nettverkstruktur for å strukturere og styrke samarbeidet. I 2023 har det vore arbeid med å få på plass ein god modell for behovsstyring inn mot felles digitaliseringsprosjekt i Novari IKS (tidlegare Vigo IKS). Fylkeskommunen er også deltakar i det regionale digitaliseringsarbeidet gjennom Digi Møre og Romsdal.

Andre sentrale organisasjonsutviklingsprosessar som har vore gjennomført i 2023:

- Etablering av fylkeskommunale arbeidsplassar i Kristiansund har blitt sett på som eit strategisk grep for å utvikle eksisterande og nye fagmiljø i Kristiansund og på Nordmøre. Organisasjonsutviklingsprosessen «Vegen til Campus» er eit verktøy for å iverksette fylkeskommunen sitt verdigrunnlag som ein «lærande organisasjon kjenneteikna av verdiskapande samarbeid og tillit». Det fylkeskommunale fagmiljøet ved Fosnagata 13, som no skal inn i campus, er meint å fungere som ein øvingsarena for nye arbeidsformer og verdiskapande samarbeid. Ein tydeleg ambisjon er at vi gjennom dette skal bevege oss mot samskapingsskommunen (kommune 3.0), der løysningar blir laga saman med fleire. Denne OU-prosessen blir evaluert i starten av 2024.
- Frå 01.01.24 blir alt reinhaldspersonalet i fylkeskommunen overført til avdeling for bygg- og eigedomsdrift. Dette inneber ca. 90 reinhaldarar no blir samla under felles leiing. Prosjektet fastsette ny organisering, ansvarsforhold og leiarstruktur for reinhaldstenestene. Prosjektet såg også på korleis ein kan løyse skolane sitt behov for sekundærtenester.
- Kulturområdet arbeider med ny organisasjonsmodell for å tilpasse drifta betre til oppgåvene og dei økonomiske rammene. Dette inneber færre seksjonar og leiarar.
- Dei aller fleste stillingane ved fag- og stabsavdelingane i Ålesund vart våren 2023 samla i felles lokale på campusområdet ved Norsk Maritim Kompetansesenter (NMK)
- Både ved NMK og inn mot Campus Kristiansund er det lagt vekt på ei fysisk utforming av arbeidslokala som skal gi god arealutnytting og fremme nye arbeidsformer med vekt på tverrfagleg samarbeid. Tilsvarande prosess med arbeidsplassutforming blir no også gjennomført ved fylkeshuset i Molde.

Fylkesakademiet har ei sentral rolle i organisasjonsutviklinga i fylkeskommunen. I 2023 var eit prioriteringsområde opplæring og vidareutvikling av digitale ferdigheiter. Dette innebar opplæring i nye digitale verktøy som ble tatt i bruk i løpet av året samt vidareutvikling av ferdigheiter i bruk av verktøy som allereie er i bruk. Eksempel på slike verktøy er funksjonar i teams, Microsoft word, excel og powerpoint.

I tillegg til digital utvikling har det blitt jobba med å forbetre introduksjonsprogrammet for nytilsette. Det blei utarbeida eit digitalt introduksjonsprogram nytilsette skal gjennomføre og det er oppretta ei eiga informasjonside på Innsida med informasjon spesielt retta mot nytilsette. Jobben med å vidareutvikle introduksjonsprogrammet vil fortsette inn i 2024.

Prosjektarenaen og tenesteutvikling

Fylkeskommunen har bygd opp kompetanse på prosjekt og prosessarbeid internt. Gjennom Prosjektarenaen er det tilrettelagt ein felles møteplass for samarbeid, utvikling og kompetansebygging på tvers av stabane, fag- og tenesteområda.

Evalueringar frå både fysiske og digitale og prosessar er veldig gode. Det har vore mange interne aktivitetar, men også mange med eksterne deltakarar.

I 2023 har ytterlegare 45 tilsette fullført Prosjektarenaen sitt eige prosessleiarkurs med svært gode evalueringsresultat.

Porteføljestyring for dei store samfunnsutviklingsprosjekta og -programma, er ein del av verksemdstyringa. I 2023 har det vore jobba med evaluering av porteføljestyringa og planlagt oppfølgande forbetringstiltak for vidare arbeid i 2024. Det har også vore gjort eit førebuande arbeid for å innføre porteføljestyring for digitaliseringsområdet i 2024.

På digitaliseringsområdet har det vore fokus på program for nye digitale arbeidsformer med innkjøp og implementering av fleire nye felleisløysingar. Det har også blitt etablert arbeidsgrupper for Kunstig Intelligens (KI) og auka fokus på og tiltak innafør personvern og informasjonstryggleik. Alt dette gjer eit felles løft for ein digitalt moden organisasjon.

HMS

HMS-arbeidet og arbeidsmiljøet var i 2023 prega av utviklingsarbeid innan kvalitetsleiing, standardisering av prosessar, samt anskaffing og implementering av eit nytt kvalitetssystem i fylkeskommunen. Hausten 2023 implementerte vi også eit nytt avviks- og risikovurderingssystem.

Vi har prioritert lovpålagt HMS-opplæring for verneombod, AMU-medlemmar og leiarar, samt opplæring i bruk av stoffkartotek og handtering av kjemikalier. I tillegg har vi prioritert oppbygging av HMS prosessar og avviskategoriar i det nye kvalitetssystemet.

Rekruttering i fylkeskommunen

I 2023 rekrutterte fylkeskommunen 181 nye tilsette. Av desse var 99 faste ansatte og 74 var tilsette i midlertidige stillingar/vikariat. Dette skuldast i all hovudsak naturleg avgang og turnover.

I tillegg har åtte lærlingar starta i fylkeskommunen i 2023.

Tala inkluderer tilsette som har starta i arbeid hos fylkeskommunen i 2023 da tilsetting gjeld frå tidspunktet vedkommande trer til i stillinga.

Lønsutvikling

I 2023 er det gjennomført lokale forhandlingar for tilsette i kapitla 3 og 5 i HTA, jf. kriteria i lønspolitisk plan. Forhandlingsklimaet med organisasjonane blir opplevd som godt.

For tilsette i kapittel 4 vart all lønn fastsett sentralt i 2023.

For kapittel 3 og 5 skjer all lønnsdanning lokalt. Den gjennomsnittlege lønnsutviklinga i kap. 3 vart på 5,39 %, og for kapittel 5 vart den på 5,44 %.

Partsamarbeid

Fylkeskommunen legg vekt på gode samarbeidsforhold mellom partane i organisasjonen. Det er etablert mange møteplassar for informasjon, drøfting og samarbeid på ulike nivå i organisasjonen. Hovudsamarbeidsutvalet er arena for partane sentralt i fylkeskommunen, og fungerer som både drøftingsarena og arbeidsmiljøutval for heile verksemda. I tillegg blir tillitsvalte og verneombod inviterte til å delta på viktige møteplassar som læringsnettverk, kompetansetiltak og i arbeidsgrupper for organisasjonsutvikling, jamfør intensjonane i Hovudavtalen.

Partane gjennomførte i 2023 eit arbeid for å revidere avtalen om samarbeidsutvalsstruktur i fylkeskommunen. arbeidet blir slutført i 2024.

Politiske møte

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt øvste politiske organ er fylkestinget.

- Det vart gjennomført fire (12 møtedagar) fylkestingssamlingar i 2023. Her vart det behandla til saman 116 saker.
- Fylkesutvalet, som er fylkestinget sitt arbeidsutval, hadde 15 møtedagar og behandla 147 saker.

I tillegg har det vore orienteringar frå bedrifter, organisasjonar og kompetansemiljø i Møre og Romsdal.

Fylkeskommunen har tre hovudutval, ei plannemnd og seks rådgivande utval.

Fylkesting, fylkesutval og hovudutval

Før valet / etter valet

Utval	Tal på rep.	Leiar
Fylkestinget	47	Line Hatmosø Hoem (AP) / Anders Riise (H)
Fylkesutvalet	13	Line Hatmosø Hoem (AP) / Anders Riise (H)
Klagenemnda	13	Line Hatmosø Hoem (AP) / Anders Riise (H)
Kontrollutvalet	5	Hans Kjetil Knutsen (SUNML) / Fredric Holen Bjørdal (AP)
Samferdselsutvalet	13	Kristin Sørheim (Sp) / Hans Olav Myklebust (FrP)
Utdannings- og kompetanseutvalet*	13	Per Ivar Lied (Sp)
Kompetanse- og næringsutvalet	13	Geir Asle Stenseth (FrP)
Kultur, næring- og folkehelseutvalet*	13	Marit N. Krogsæter (Sp)
Kultur- og folkehelseutvalet	13	Jessica Gärtner (H)

*Lagt ned hausten 2023, jf. T-9/23

Rådgivande utval

Før valet / etter valet

Utval	Tal på rep.	Leiar
Ungdommens fylkesting		Niels Adon Leenders
Ungdomspanelet	9	Niels Adon Leenders
Fagskolestyret	9	Per Ivar Lied (Sp)
Eldrerådet	7	Anne Lise H. Følsvik (PFMR) / Bengt Gustav Eriksson (PFMR)

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne	8	Siv Katrin Ulla Hagala (AP) / Hanne Notøy (AP)
Utbyggingsutval for bygg og vegsaker	5	Anders Riise (H) / Harry Valderhaug (KrF)
Yrkesopplæringsnemnda	10	Elin Ous (NHO)

Oversikt over aktivitet 2021-2022

	Møte 2023	Saker 2023	Møte 2022	Saker 2022	Utgifter 2023	Utgifter 2022
Fylkestinget	4	116	4	113	18 588	16593
Fylkesutvalet	15	147	20	186	*	**
Klagenemnda	6	10	2	3	*	**
Kontrollutvalet	8	45	10	55	1 087	531
Samferdselsutvalet	11	80	12	107	1 322	1517
Utdannings- og kompetanseutvalet*	7	26	10	47	1 779	1353
Kompetanse- og næringsutvalet	3	28				
Kultur-, næring- og folkehelseutvalet*	10	99	12	146	1 412	1532
Kultur- og folkehelseutvalet	3	16				
Ungdommens fylkesting			1	8		1101
Ungdomspanelet	20	40	21	30	962	***
Fagskolestyret	4	62	6	54	645	
Eldrerådet	5	19	5	20	255	227
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne	5	12	4	15	268	176
Utbyggingsutval for bygg og vegsaker	8	29	9	37	684	720
Yrkesopplæringsnemnda	5	16	4	19	195	181

Saker= ordinære saker, ikkje referatsaker

Utgiftene er oppgitt i 1000 kroner

* Lagt ned hausten 2023, jf. T-9/23


** Fylkesting + fylkesutval + godtgjersle fylkesordførar, fylkesvaraordførar og andre medlemmer + representasjon

*** Ungdomspanelet + arrangement av Ungdommens fylkesting + Ungdomsmidlane (250 000 kr)

Politikarane våre

Politisk organisering

Politisk organisering Møre og Romsdal fylkeskommune



Du kan lese meir om dei ulike politiske utvala og råda på mrfylke.no

Fylkesordførar Anders Riise

Anders Riise (H) vart vald som fylkesordførar hausten 2023.



Fylkesordførar Anders Riise (H), foto: Per-Kristian Bratteng

Fylkesutvalet



Medlemmar av fylkestinget 2019-2023

Fylkestinget som var valt inn hausten 2023.

Framstegspartiet	Høgre	Arbeiderpartiet	Senterpartiet
Frank Sve	Monica Molvær	Line Hatmosø Hoem	Per Ivar Lied
Geir Asle Stenseth	Anders Riise	Geir Ove Leite	Tove Henøen
Anne Marie Fiksdal	Trygve Grydeland	Hanne Notøy	Henrik Stensønes
Hans Olav Myklebust	Leif Bjarne Ersnes	Erling Vestre	Dordi Boksasp Lerum
Inger Lise Nerland Skogstad	Lene Vadseth Larsgård	Eirin Andersen Gravem	Lisa Alvestad
Gro Anita Sve	Bente Bruun	Jens Einar Aklestad	
Knut Erik Engh	Carl-Henrik Myrseth Moltumyr	Hege Merethe Gagnat	
Joakim Myklebust Tangen	Jessica Gärtner	Fredric Holen Bjørdal	
Lovise Nikoline Voldsund	Torgeir Dahl		
Håkon Lykkebø Strand			
Kristeleg folkeparti	Sosialistisk venstreparti	Industri- og næringspartiet	Venstre
Harry Valderhaug	Yvonne Wold	Finn Arne Follestad	Pål Farstad
Randi Walderhaug Frisvoll	Marit Aklestad	Nils Olav Moen	Lena Landsverk Sande
Victoria Smenes	Anders Lindbeck		
Kyst- og distriktslista	Miljøpartiet de Grønne	Nordmørslista	Raudt
Bjarne Kvalsvik	Jonas Nilsen	Stig Anders Ohrvik	Silje Alise Ness
Sunnmørslista tverrpolitisk liste			
Hans Kjetil Knutsen			

Ung medverknad

Ungdommens fylkesting (UFT)

UFT er ungdommane sitt øvste politiske organ i fylket. Dei diskuterer viktige saker som gjeld ungdom i fylket. Ungdommens fylkesting skal bestå av ungdom frå 13 og 19 år med folkeregistrert adresse i Møre og Romsdal.

Kommunane i Møre og Romsdal blir invitert til å sende to til tre delegatar til ungdommens fylkesting. Kommunar større enn 20 000 innbyggjarar får sende tre delegatar. Desse blir valt av sine ungdomsråd. Ungdomspanelet inviterer i tillegg inntil ti delegatar frå organisasjonar som representerer ungdom til UFT.

Ungdommens fylkesting skal gi ungdom meir innflytelse, opplæring i korleis dei kan delta i demokratiske kanalar og bidra til å auke ungdom sitt samfunnsengasjement.

Ei viktig oppgåve for UFT er å lage strategidokument for ungdomspanelet, UFT sitt arbeidsutval med faste møte gjennom heile året.

Ungdomspanelet

Under Ungdommens fylkesting blir det innstilt nytt ungdomspanel (UP). Ungdomspanelet har ni faste og fem varamedlemmar. Medlemane blir formelt valt av fylkestinget.

Ungdomspanelet har i perioden 2022/23 hatt 10 møte. Møta blei arrangert over heile fylket og dei har behandla totalt 40 saker. I tillegg til eigen møteverksemd har Ungdomspanelet deltatt aktivt i ei rekke forskjellige møte, fylkeskommunale prosjekt, grupper, forskjellige samarbeid, konferansar og hovudutvalsmøte. I 2023 vart det ikkje arrangert ungdommens fylkesting. Det er no flytta til mars, og derfor blir val av nytt ungdomspanel utsett. [Du kan lese meir om aktivitetane til ungdomspanelet i årsrapporten.](#)

Ungdomspanelet 2023/2024

- Niels Leenders, leiar
- Vilde S. Kvalvik, nestleiar
- Nikola Bileska, medlem
- Ola Fredriksen Orset, medlem
- Tuva Johanne Rypdal Hovden, medlem
- Kristine Dimmen, medlem
- Rikke Frilund, medlem
- Kasper Dalhaug, medlem
- Mads Ødegaard Harstad, medlem

- Ida Fjerstad, vara
- Iver Aarebrot, vara
- Magnus Smørdal, vara
- Lisa Marie Nikolaisen, vara
- Guro Rørseth Flatmo, vara



Ungdomspanelet 2023-2024, Foto: Magnar Fjørtoft